

Vestlandsforskningsrapport nr. 8/2015

Kunnskap for utvikling av sameksistens
mellan jakt, vandring og stisykling på Kaupangerhalvøya

av

Eivind Brendehaug og Agnes B. Engeset

Vestlandsforsking rapport

Tittel Kunnskap for utvikling av sameksistens mellom jakt, vandring og stisykling på Kaupangerhalvøya	Rapportnummer 8/2015 Dato 30. desember 2015 Gradering Open
Prosjekttittel Utviklingsprosess for løysing av brukarkonfliktar mellom terrengsykling og hjorteinteresser for å styrke lokal verdiskaping.	Tal sider 55 Prosjektnr 6364
Forskar(ar) Eivind Brendehaug og Agnes B Engeset	Prosjektansvarleg Eivind Brendehaug
Oppdragsgivar Sogndal kommune	Emneord Utmarksforvaltning, friluftsliv, jakt, konflikt

Samandrag

Auka jakt, vandring og sykling på Kaupangerhalvøya har skapt eit potensiale for konflikt, men hittil har det vore få konkrete konfliktituasjonar ute i terrenget. Dei fleste brukarane tilpassar seg til kvarandre for å unngå konflikt, men situasjonen er ikkje stabil. Denne rapporten gir kunnskap om bruken av halvøya og om korleis ulik bruk påverkar kvarandre. Prosjektet har gjennomført ein dialogprosess med deltaking frå dei sentrale brukargruppene med mål om å utvikle tiltak for å skape sameksistens. Mellom anna vart det semje om at Sogn terrengsykkel bør utforme eit sogndalstillegg til stivettreglane for terrengsykkel, at kommunen bør opprette eit kontaktorgan for nyskapande friluftsliv og at jakta i september fortrinnsvis går føre seg i dei høgareliggende områda av halvøya. Eigenevaluering av dialogprosessen tyder på at prosessen i seg sjølv var konfliktdempande og at deltakarane fekk betre innsikt og forståing i andre sine synspunkt og bruk av område. I eit hovudprosjektet er planen å utforme og teste eit forvaltingssystem for fleirbruk i fleire kommunar.

Andre publikasjonar frå prosjektet

Taylor, S. and E. Brendehaug (2015): Mountain biking, hiking and hunting. Review of the Literature, Report 7/15. Vestlandsforsking. Sogndal.

ISBN: 978-82-428-0359-7

Pris: 100 kroner

Forord

Hausten 2013 oppmoda Bratt Moro Vestlandsforskning til å engasjere seg i utmarksbruken på Kaupangerhalvøya for å førebygge konfliktar. Vi fekk innvilga eit kvalifiseringsprosjekt av Regionalt Forskingsfond Vest (RFFV) for å kartlegge bruken og planlegge ein dialogprosess mellom ulike brukarar og kommunen for å finne fram tiltak for sameksistens. Sogn Nærings og Viltfondet i Sogndal kommune bidrog også med finansiering.

Etter planlagt dialogprosess var det forventning om å gå i gang med prosessen. Forprosjektet vart difor utvida til å inkludere dialogprosessen.

Vi takkar alle som har bidrige med informasjon og som har delteke i dialogprosessen. Utan dykkar bidrag ville kunnskapsutviklinga vorte fattig.

I desember 2015 innvilga RFFV eit hovudprosjekt no utvida til å inkludere Gloppen, Luster og Voss kommunar i tillegg til Sogndal.

Sogndal, 28. desember 2015

Eivind Brendehaug
prosjektleiar

Innhold

TABELLER OG FIGURER	V
SAMANDRAG	1
SUMMARY	5
1 INNLEIING	7
1.1 FORSKINGSSPØRSMÅL	10
1.2 METODE	10
2 KUNNSKAPSSTATUS.....	12
3 BRUKEN OG PÅVERKNAD	15
3.1 JAKT	15
3.2 JAKT OG ANNA AKTIVITET	16
3.3 VANDRING.....	21
3.4 VANDRING OG ANNA AKTIVITET.....	24
3.5 SYKELAKTIVITETEN	26
3.6 SYKLING OG ANNA AKTIVITET.....	29
3.7 BEITING	31
3.8 BEITING VS ANNA AKTIVITET.....	31
3.9 FLORA OG FAUNA	32
3.10 SAMLA OPPSUMMERING.....	33
4 UTVIKLING AV TILTAK.....	35
4.1 DELTAKING	35
4.2 GJENNOMFØRING AV DIALOGPROSESSEN.....	36
4.2.1 <i>Første møtet: dit vi ikke vil.....</i>	36
4.2.2 <i>Andre møtet: problemet og moglege løysingar</i>	38
4.2.3 <i>Tredje møte: dei gode hjelparane</i>	41
4.2.4 <i>Fjerde møte: konkretisering av tiltak</i>	45
4.3 RESULTAT AV DIALOGPROSESS.....	47
4.4 EVALUERING AV DIALOGPROSESSEN	49
4.4.1 <i>Deltakarevaluering</i>	49
4.4.2 <i>Eigenevaluering</i>	51
5 SVAR PÅ FORSKINGSSPØRSMÅLA	53
6 VIDARE FOU-PROSESS.....	57
6.1 SESONGOPNING PÅ KAUPANGER.....	57
6.2 FAGSEMINAR	59
6.3 VURDERING AV ULIKE STRATEGIAR FOR Å STYRE STISYKLING	61
6.4 HOVUDPROSJEKT MED GLOPPEN, VOSS OG LUSTER KOMMUNAR	62

Tabellar

TABELL 1: INFORMANTAR	11
TABELL 2: ENDRINGER I KOR LENGE TURPOSTBØKENE HAR LAGT UTE.....	22
TABELL 3: SAMLA TAL BESØK PÅ DEI 16 TURPOSTANE TIL KIL, 2009-2013.	22
TABELL 4: OPPSUMMERING AV DIALOGGRUPPA SI VURDERING AV FORSLAG TIL TILTAK FOR SAMEKSISTENS	48
TABELL 5: TILTAK DET VART SEMJE OM I DIALOGPROSESSEN	55

Figurar

FIGUR 1: MELDING FRÅ JAKTGUIDANE LAGT UT PÅ SOGN TERRENGSYKKEL SI FACEBOOK SIDE.....	18
FIGUR 2: KAUPANGERHALVØYA MED MARKERING AV TURPOSTSYSTEMET TIL KIL, KJELDE KIL.	21
FIGUR 3: ENDRING I TAL BESØK PÅ TURPOSTANE I PERIODEN 2009-2013, KJELDE KAUPANGER IL....	23
FIGUR 4: PLAKAT HENGTE OPP AV GRUNNEIGAR HAUSTEN 2014.	30
FIGUR 5: NY SYKKELSTI VED HÖNSEHAUKREIR. KJELDE: FYLKESMANNEN	32
FIGUR 6: ANNONSE OM SESONGOPNING PÅ KAUPANGER	57

Samandrag

På Kaupangerhalvøya i Sogndal kommune går det føre seg ulike aktivitetar i utmarka: jakt, vandring, trim og terrengsykling i tillegg til orientering og aktivitet i regi av ein speidargruppe. Området er også nytta i samband med undervisning, og Kaupangerhalvøya mykje brukt til uorganisert aktivitet, så som sopp- og bærplukking. Kaupangerhalvøya er eit viktig vinterbeiteområde for hjort i Indre Sogn.

Tettleik av hjort har auka mykje etter 1990 og dermed har jaktaktiviteten gått opp og ny jaktformer er utvikla, så som kommersiell lokkejakt på bukkar. For fleire grunneigarar er jakt ein viktig inntektskjelde. Kaupanger idrettslag har utvikla eit system for vandring, turposttrimmen, som har vorte populær i lokalbefolkninga, mens stisykkelaktiviteten har auke mykje dei siste 4-5 åra. Alle desse aktivitetane har sin politiske legitimitet gjennom Stortingsvedtak og regjerings strategiar, men den samla auken i aktiviteten har til tider skapt spenningar, særleg om hausten når området er i intensiv bruk.

Denne studien har hatt som mål å utvikle kunnskap om forholdet mellom jakt, sykling og vandring på Kaupangerhalvøya som lekk i å utvikle tiltak for sameksistens mellom dei ulike brukargruppene. Prosjektet har hatt desse forskingsspørsmåla:

1. Kva er kunnskapsstatus for forholdet mellom vandring, stisykling og jakt, og kva for prinsipp for sameksistens er relevante?
2. Korleis er bruken av området når det gjeld vandring, stisykling og jakt, og korleis påverkar ulik bruk kvarandre på Kaupangerhalvøya?
3. Kva for tiltak for sameksistens er det oppslutning for mellom dei ulike brukarane, og kva verknad gir ein organisert dialog mellom brukarane?
4. Kva for kunnskap, tiltak og metodar er det behov for å utvikle for å skape eit system for sameksistens som kan implementerast hos brukarane og kommunen?

Svaret på det første spørsmålet er oppsummert i ein internasjonal litteraturstudie publisert i ein eigen rapport gjengitt med eit samandrag i kapittel to (Taylor & Brendehaug, 2015). Ut frå dei av avgrensa budsjetttramme i forprosjektet har vi gjennomført ein enkel datainnsamling basert på intervju av nøkkelinformantar supplert med data om vandring, jakt og sykling frå dei ulike brukarorganisasjonane og Sogndal kommune. I mars og april 2015 gjennomførte Vestlandsforsking i samarbeid med Interplan ein dialogprosess med brei deltaking frå grunneigarar, friviljuge lag, bedrifter og kommunen. Målet var å utvikle og skape tilslutning om tiltak for å stimulere til sameksistens (spørsmål tre).

Kartlegging av bruken viste at rekreasjonsaktivitet på Kaupangerhalvøya har vore jamt aukande i lang tid, først i form av større jaktaktivitet, så auka vandring, mens dei siste 3-5 åra har det vore ein auke av stisykling. Går vi 20 år tilbake var det lite stisykling, tettleiken av hjort var vesentleg mindre og det var mindre vandring/trimming i utmarka. Med auka tettleik av hjort vert det også tildelt fleire hjorteløye enn tidlegare. Jakttida er utvida slik at det no (2015) er jakt frå 1. september til 23. desember. For det andre har bruken av toppturtrimmen til Kaupanger Idrettslag dobla seg frå 2001 til 2012. Dei mest besøkte trimturmåla er også viktige jaktområde. For det tredje er Kaupanger sine kvaliteter som stisyklingsområde vorte meir og meir kjent etter år 2010. Det har ført til auka

sykkelaktivitet, både folk frå Sogndal, regionen og andre plassar i landet og utlandet¹. Den samla auken i aktiviteten gjer at potensialet for konflikt om areala har auka. Grunneigarar og jegerar er bekymra for at auken i stisykling skal halde fram, og ønskjer ikkje at Sogndal kommune skal marknadsføre Kaupanger som eit stisykkelområde.

Korleis påverkar den ulike bruken anna bruk? Prosjektet har undersøkt korleis vandring og sykling påverkar jakt, korleis jakt og sykling påverkar vandring og korleis jakt og vandring påverkar sykling. Generelt finn vi at dei ulike brukarane tilpassar seg kvarandre for å unngå konflikt: jegerar vel eit anna jaktområde dersom dei ser at området er i bruk av andre, vandrarar brukar toppturtrimmen mindre under jakta enn elles i året og syklistar syklar på tidspunkt og plasser som er mindre problematiske for jakta.

Vandring har i fleire år påverka jakt gjennom auka ferdsel. Det har ført til at nokre jaktområde har vorte mindre attraktive for jakt enn tidlegare. Dei siste åra har stisykling hatt den same effekten. Den direkte påverknaden skjer ved at auka ferdsel gjer det vanskeleg å drive jakt på same stad til same tid kor det føregår anna aktivitet. Jegerane tilpassar seg anna aktivitet ved å velje andre jaktområde, men Kaupangerhalvøya er avgrensa. Indirekte ved at hjorten trekk tidlegare bort frå områda om morgonen og kjem seinare att på kvelden. I september føregår jakta i stor grad i høgareliggende område, der det er mindre sykling, når hausten kjem seint. Kontakt og dialog mellom representantar for jaktguidane på Kaupanger og Sogn Terrengsykkel hausten 2014 hadde effekt ved at syklistane tilpassa seg ved å sykle på tidspunkt og plassar kor det var mindre jakt enn andre plassar.

Det er ulike oppfatningar om stisykling svekker vandrar sin aktivitet og oppleving. Det er difor trond for å kartlegge forholdet mellom sykling og vandring nærmare. Høve til å bruke skogsbilvegar påverkar bruken av området. Særleg for barnefamiliar ville opne skogsbilvegar kunne auke bruken av området. Grunneigarar har også påverka vandring direkte ved å krevje at registreringsbøkene for toppturtrimmen skulle takast inn heile eller delar av jaktperioden for å ikkje forstyrre jakta. Det er trond for å undersøke korleis vandring og trimaktiviteten vert påverka av jakta.

Ingen av våre informantar viser til at vandring avgrensar moglegheitene for sykling. Det er jaktaktiviteten som vert opplevd som utfordrande for stisyklistane, men vi har ikkje data som syner direkte konfrontasjonar ute i terrenget. Både syklistar og jegerar tilpassar seg for å unngå konflikt. Ein grunneigar sitt løyre for tilretteleggingstiltak i Kraftgata er teke positivt imot i sykkelmiljøet, og har skapt aktivitet både i form av dugnad og auka bruk av dette området. Grunneigarar sin generelt negative haldning til stisykling gjer at syklistar nyttar andre område i regionen meir en tidlegare.

Kaupangerhalvøya er nytta som beite i sommarhalvåret til både små- og storfe, men talet dyr på beite har gått nedover, som i andre delar av fylket, dei siste åra. Våre data tyder på at hittil har ikkje auka ferdsel av vandrarar og syklistar skapt problem for beitenæringa. Det er likevel uro for at auka ferdsel, særleg av syklistar, skal skape uro for dyra om våren ved beiteslepp.

¹ Ein tilfeldig dag i juni (19. juni) sykla forfattaren av denne rapporten saman med andre på Kaupanger, både nord (Dalåker) og sør (Storamryri-Eidet) for Riksveg 5. Vi traff og såg langt fleire stisyklistar den dagen enn vandrar. Det kan ha å gjere med at lokalbefolkinga nyttar området til vandring på ettermiddag og kveld etter jobb, mens tilreisande og studentar nyttar området meir på dagtid.

Dialogprosessen mellom representantar frå dei ulike brukarane kom fram til at desse tiltaka kunne setjast i verk for å stimulere til sameksistens på halvøya (ikkje prioritert):

- Skilt på eigna plassar om husdyr på beite
- Justere kartet over sykkelstiar
- Jakt fortrinnsvis i høgda i september
- Jakt fortrinnsvis morgon (demring) og kveld (skymring)
- Kontaktorgan om nyskapande friluftsliv
- Definere kor ferdsel er tilrådd i perioden jan-mai av omsyn til hjorteviltet
- Definere kor ferdsel ikkje er ønskjeleg i januar-mai av omsyn til hjorteviltet
- Utforme eit tillegg i stivett-reglane for stisykling når det gjeld definisjon av etablert sti og korleis ein kan ta omsyn til vilt, beitedyr og jakt

I dialogprosessen vart det etterlyst ei konsekvensutgreiing av kommunen si satsing på friluftsliv sin effekt ifht. naturmangfaldlova og behovet for ein betre samanheng mellom promotering av Kaupanger som sykkeldestinasjon og analyse av kor stor trafikk stisystemet kan tolke for å identifisere behovet for tilretteleggingstiltak.

Ut frå deltakarane si eiga evaluering av dialogprosessen førte prosessen til at deltakarane fekk meir kjennskap til, og forståing for, ulike brukarar sine behov og interesser knytt til Kaupangerhalvøya. Deltakarane fekk også betre innsikt i korleis jakta og sykling går føre seg, om sårbare naturområde, om hjort og jaktnæringa, og om friluftslova. Etter deltakarane sitt syn var prosessen konfliktdempande, den fekk systematisert problemstillingar, og den var kontaktspandande. Når det gjeld løysingar så er svara frå deltakarane mindre konkrete, men fleire viser til at prosessen har fått fram moglege løysingar og at kommunikasjon, åpenheit og dialog er nøkkelen for å skape sameksistens.

Dialogprosessen vart avslutta i april 2015. I løpet av prosessen kom det fram ulike syn på om ein bør, og evt. korleis, styre utviklinga av stisykling vidare. Det er stisykling som har auka kraftig dei siste åra og som har aktualisert behovet for ein strategi for sameksistens. I det vidare arbeidet kan drøfting av tre strategiar gi grunnlag for å få fram moglegheiter og utfordringar: 1) **Status quo:** Ingen samlande strategi der utviklinga vert drive av einskildaktørar, 2) **Desentralisert tilrettelegging:** Felles strategi med utvalde område med godt tilrettelagt infrastruktur. Restriksjonar på sykling andre plassar til visse tider på halvøya, 3) **Sentermodellen.** Eit konsentrert og avgrensa område med sterkt tilrettelegging med godt utbygd infrastruktur. Restriksjonar på sykling andre plassar på halvøya.

I desember 2015 innvilga Regionalt Forskningsfond Vestlandsforskning sin søknad om eit hovudprosjekt med tittel «Nytt forvaltingssystem for fleir bruk av utmark». Prosjektperioden er april 2016 til mars 2019. Det geografiske området for FOU-prosjektet er Sogndal, Luster, Gloppen og Voss kommunar. Tematisk har prosjektet fokus på utvikling av felles kunnskapsgrunnlag, utprøving og vitskapleg testing av forvaltingssystem, revisjon av system og implementering i dei deltagande kommunane. Det overordna forskningspørsmålet i prosjektet er: *Korleis kan forvaltingssystem med løysingstiltak for koordinering av friluftslivsaktivitet utformast for å redusere konfliktpotensialet, styrke området sin attraktivitet og ivareta allemannsrett og grunneigarinteressene?*

Sogndal kommune er prosjekteigar, mens Vestlandsforskning er prosjektleiar. Prosjektet skal gjennomførast i eit samarbeid med Allemannsretten.no, Høgskulen i Sogn og Fjordane, University of the Highlands and Islands og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Ei referansegruppe (RG) med deltaking frå Vestskog, Sogn og Fjordane Bondelag, Forum for Natur og Friluftsliv og Sogn og Fjordane Turlag vil bistå arbeidet.

Summary

This pre-project aimed to develop knowledge about the potential for co-existence between mountain biking, hiking and deer hunting at the 100 km² Kaupanger peninsula in Sogndal municipality. The peninsula is an important winter habitat for red deer. During the last 20 years the hunting activity has increased in parallel with increasing deer density. The hunting season is from September 1th to December 23th. For some of the land owners, commercial hunting has become an important income. The local inhabitants in Kaupanger (about one thousand) also use the forest for hiking, exercise, biking and other recreation activities. From year 2000 till 2010 the local use of the hiking system at the peninsula has doubled. In addition, the area has been identified by participants as a unique mountain biking area due to the open forest and relatively dry ground. Increasing numbers of bikers from the region, other parts of Norway, and also from abroad, visit Kaupanger. However, all these activities create challenges during the autumn due to conflicts between hunting activities and other recreational activities at the same place and the same time.

The project has mapped these different activities and has analysed how the activities interplay and intersect. A dialogue between representatives from the different user groups has been engaged in to identify opportunities for more synergistic co-existence. Data was gathered through semi-structured interviews, analysis of public documents and relevant academic literature, conducted in cooperation with West Highland College at the University of Highlands and Islands.

The analysis shows that the disparate user groups in Kaupanger to a large degree adapt to avoid conflict in the forest. Hunters choose another hunting area when they detect other users in the area; hikers deliberately use the forest less during autumn compared with the summer period, and bikers try to bike when and where they disturb hunting less. However, when considering the right to free access, it might be concluded that the situation could destabilise. Strategies and measures are required to develop a stronger, clearer coordination between the activities. With a further increase in biking activity forecasted, this is clearly required as a matter of urgency. A dialogue process was carried out in the project aimed to create consensus about such measures. The process identified the need for information-sharing tactics to improve coordination, e.g. a contact committee run between the municipality and the land owners. Other measures trying to develop moveable zoning of activities and the need for more knowledge to define where activity is possible during winter without disturbing the red deer was also put to the agenda.

The work after the dialogue process has also detected the need to discuss strategies for the management of increased biking activity. Discussion of three alternative strategies would identify possibilities and challenges: 1) **Status quo:** The further development of biking is dependent on individual initiative, with no common strategies, 2) **Decentralised biking facilities:** A common strategy is created by developing some sustainable biking trails with good infrastructure facilities, and biking restriction in other areas, and 3) **Centre model:** Construction of a biking centre with substantial infrastructure - limiting biking activities to this centre. There are advantages and disadvantages for all alternatives, and the different models need to be further outlined in a follow up project.

Vestlandsforskning has grant money for a main project with the working title: «Management system for multiuse of outdoor arenas». The project period is April 2016 till March 2019. The geographic area would be enlarged to include also Luster, Gloppen and Voss municipalities in western Norway. The project is going to develop common knowledge as basis to develop management systems, test the systems, evaluate and implement the systems adapted to each municipality. The aim is to develop systems that decrease potential conflicts, improve the areas attractiveness and secure the right to free access and the land owner interests.

1 Innleiing

På Kaupangerhalvøya i Sogndal kommune går det føre seg ulike aktivitetar i utmarka: jakt, vandring og terrengsykling. Sidan 1990 er det utvikla ulike former for kommersiell jakt. Nokre grunneigarar leigar samla ut sitt areal til ein jaktoperatør som er busett i området og som engasjerer jegerar for å guide jaktturistane. Det føregår også kommersiell jakt frå einskildgrunneigarar ved at jaktterrenge vert leigd ut og andre tenester knytt til dette. I tillegg føregår det tradisjonell privat jakt.

Frå omkring år 2000 har Kaupanger idrettslag vidareutvikla toppturtrimmen, eit tilbod nytt av innbyggjarane, for vandring til ei rekke ulike turmål på halvøya. Dessutan har orienteringsgruppa i Sogndal idrettslag aktivitet i området, speidargruppa i Kaupanger har ein fast tilhaldsstad i Amla og Høgskulen i Sogn og Fjordane nyttar området i sin undervisning. I tillegg er Kaupangerhalvøya mykje brukt til uorganisert aktivitet, så som sopp- og bærplukking eller berre som turområde.

Dei siste 10 åra, og spesielt dei siste fire-fem, er stisykling blitt ein populær aktivitet på Kaupangerhalvøya. Denne utviklinga har også skjedd i resten av landet, og heng saman med ei teknologisk utvikling som har gitt lette, fulldempa terrengsyklar som er godt egna til sykling på sti. Samstundes har velstandsutviklinga gjort det mogleg for mange å kjøre slike syklar. Fastbuande og studentar utgjer ein stor del av desse stisyklistane (Snitjer & Helle, 2015), men folk frå andre plassar i landet (og utlandet) har oppdaga kvalitetane for stisykling på Kaupanger og utgjer ein aukande del tilreisande. Dette knyter seg til ein trend med auka etterspurnad etter aktivitetsturisme (Løseth, 2014). Med stisykling forstår vi sykling på etablert sti eller traktorveg i terrenget utanfor bilveg². Stisykling inngår i det vidare omgrepet terrengsykling som også inkluderer sykling i alpinbakkar mm. Den totale aktiviteten i utmarka på Kaupangerhalvøya er difor stor med ulike utøvarar, både fastbuande og tilreisande, og eit mangfold av aktivitetar, både kommersielle og ikkje kommersielle.

Alle desse aktivitetane har sin politiske legitimitet gjennom Stortingsvedtak og regjeringa sine strategiar. I Stortingsmelding nr. 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon heiter det m.a. under avsnittet om bygdeutvikling at det er eit mål å utvikle nye næringar med eit marknadspotensiale ut frå lokale ressursar i landbruket. Jakt er ein del av dette. I Stortingsmelding nr. 39 (200-2001) Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet er det vist til friluftslivet sin positive effekt for folkehelse, trivsel og livskvalitet. I meldinga kjem det fram at regjeringa ville:

Regjeringa ville styrke friluftslivet sin plass i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet (...) og legge til rette for at friluftsliv som helsefremjande og førebyggjande arbeid blir fulgt opp i alle aktuelle sektorar gjennom arbeidet med dei sektorvisse miljøhandlingsplanane.

Utvikling av sykkelturisme inngår som eit satsingsområde i Innovasjon Norge for å styrke tilbodet om aktivitetar til gjestene, og er omtalt i den nasjonale reiselivsstrategien både frå 2007 («Verdifulle opplevelser») og frå 2012 («Destinasjon Norge») og i Innovasjon Norges «Reiselivsstrategi 2014-2020». Også regionale aktørar som FjordNorge og NCE Tourism satsar på å

² Sjå <http://www.nots.no/about/ferdselrettigheter/stivettreglene/>

utvikle sykkelturisme³ og Sogndal kommune har i sin arealplan fokusert på nyskapande friluftsliv med hovudføremål å legge til rette for stisykling som del av denne satsinga. Denne studien er difor eit eksempel på korleis kommunane får i oppgåve å balansere, koordinere og samordne ulike nasjonale mål og strategiar.

I dette forprosjektet er vekta lagt på å utvikle kunnskap for å utforme lokale og friviljuge strategiar og tiltak for sameksistens mellom ulike aktivitetar, altså eit system som kan ivareta rom og tid for dei ulike aktivitetane. I litteraturen er tre typar av verkemiddel skissert: regulative eller harde verkemiddel (påbod, forbod og avgifter), informative verkemiddel (rådgjeving, læring og haldningsskapande tiltak) og dialogbaserte verkemiddel der involverte aktørar/organisasjonar i fellesskap utviklar tiltak og verkemiddel.

Det er forska på forvaltning av ålmenningsressursar og forholdet mellom slike ressursar og private gode (Ostrom, 1990; Ostrom, Gardner, & Walker, 1994), men ofte med utgangspunkt i ei forholdsvis homogen brukargruppe. Noko forsking på konfliktar mellom ulike brukargrupper finst, så som mellom fiske og vass-ski, og mellom rafting og kajakk (Jellum, 2007). Meir relevant for vårt studieområde er forholdet mellom ski og skuter (Vittersø, 2004), og mellom terrengsykling og vandring (Jellum, 2007). Litteraturen som omtalar forholdet mellom terrengsyklistar og andre brukarar dreier seg mest om den slitasjen syklistane påfører stiar og vegetasjon, og risikoene for ulykker i møte med andre brukarar (tryggleik) (Webber, 2007). I neste kapittel gir vi eit samandrag frå ein internasjonal litteraturstudie om terrengsykkel og forholdet til andre brukarar.

Forholdet mellom villrein og moderne friluftsliv som t.d. kiting, har vore i fokus her i landet. Effekten av kiting på reinsdyra si åtferd er stor fordi kiteren bevegar seg raskt over store område. Aktiviteten har eit potensial til å innskrenke leveområda til villreinen (Colman, Lilleeng, Tsegaye, Vigeland, & Reimers, 2012). Kan dette overførast til forholdet mellom hjort og stisykling? Ikkje utan vidare fordi hjorten har stor evne til å tilpasse seg menneske sin aktivitet (Hegland, 2015). Dessutan skal stisykling berre gå føre seg på etablerte stiar i terrenget noko som gjer rørlene til utøvaren lettare å forutsjå for dyra samanlikna med kiting. Det er i dag eit kunnskapshol når det gjeld forholdet mellom skoglevande hjortevilt og terrengsykling (Hegland, Frøyen, Veiberg, & Meisingset, 2014).

Hol kommune har vurdert innføring av restriksjonar på sykling på Rallarvegen pga. villrein, men enda opp med tidsavgrensa restriksjonar på sykkelaktivitetane av omsyn til hytteeigarar⁴. Desse restriksjonane er no erstatta med informasjon, mens forvaltningsplanen for villrein i Nordfjella viser at det ikkje er konflikt mellom syklistar og villrein fordi reinen er ein annan plass enn syklistane i sommarhalvåret.

Opphavleg var dette forprosjektet fokusert på forholdet mellom stisykling og jakt. Av fleire grunnar vart fokuset utvida til også å inkludere vandring og husdyrbeite: Regionalt forskingfond etterlyste eit breiare fokusområde, referansegruppa i prosjektet rådde til å inkludere andre brukarar i

³ <http://www.innovasjon norge.no/no/Reiseliv/arkiv-reiseliv/Markedsforing2/Aktiviteter-i-flere-land/Tema/Tema-Sykkel1/Tema-Sykkel/> og <http://www.fjordnorway.com/no/NCE-Tourism/Prosjekter/Prosjekter-og-Tiltak1/Tiltaksplan-2014/>

⁴ Personlig informasjon frå utmarksteknikar Svein D. Eriksen i Hol kommune.

prosjektet og på møte med grunneigarane på Kaupanger i januar 2015 vart ein representant for beiteinteressene valt inn i dialogprosessen.

1.1 Forskingsspørsmål

Målet med prosjektet har vore å utvikle kunnskap om forholdet mellom jakt, sykling og vandring på Kaupangerhalvøya som lekk i å utvikle tiltak for sameksistens mellom dei ulike brukargruppene.

Prosjektet har hatt følgjande delmål:

- Kartlegge syklistar, vandrarar og jaktnæringa sin bruk av området og identifisere korleis ulik bruk påverkar kvarandre
- Beskrive kunnskapsstatus i den vitskaplege litteraturen for denne type brukarkonfliktar
- Utforme ein plan for ein dialogprosess med representantar for ulike brukargrupper for å utvikle tiltak og metode for sameksistens
- Utforme søknad til eit hovudprosjekt.

Den opphavlege planen var at forprosjektet skulle avsluttast med ein plan for ein dialogprosess mellom representantar frå dei ulike brukargruppene. Når planen var skissert var det unaturleg å vente med å gå i gang med prosessen. Difor vart dialogprosessen inkludert i forprosjektet. Forskingsspørsmåla under er i samsvar med dette. I sum gjer dette at forskingsspørsmåla er konkretisert til:

- 1: Kva er kunnskapsstatus for forholdet mellom vandring, stisykling og jakt, og kva for prinsipp for sameksistens er relevante?
2. Korleis er bruken av området når det gjeld vandring, stisykling og jakt, og korleis påverkar ulik bruk kvarandre på Kaupangerhalvøya?
3. Kva for tiltak for sameksistens er det oppslutning for mellom dei ulike brukarane, og kva verknad gir ein organisert dialog mellom brukarane?
4. Kva for kunnskap, tiltak og metodar er det behov for å utvikle for å skape eit system for sameksistens som kan implementerast hos brukarane og kommunen?

Svaret på det første spørsmålet er oppsummert i ein internasjonal litteraturstudie. Denne studien er rapportert i form av ein eigen publikasjon frå prosjektet (Taylor & Brendehaug, 2015) med eit samandrag i kapittel to. Det andre spørsmålet er svart på ved ei kartlegging av bruken og korleis vandring, sykling og jakt påverkar kvarandre. Dette er gjort i kapittel tre. For å svare på spørsmål tre har vi oppsummert gjennomføringa og resultata av ein dialogprosess mellom dei ulike brukarane på Kaupangerhalvøya. Til slutt har vi svart på kva for kunnskap det er trong for i det vidare arbeidet for å stimulere til sameksistens. I søknaden for hovudprosjektet er dette utførleg omtalt. Prosjektet inkluderer fleire kommunar, og er lagt ved denne rapporten.

1.2 Metode

Ut frå forprosjektet si avgrensa budsjetttramme har vi gjennomført ei enkel datainnsamling basert på intervju av nøkkelinformantar supplert med data om vandring, jakt og sykling frå dei ulike brukarorganisasjonane og Sogndal kommune. Ein samarbeidspartner med doktorgrad innan terrengsykling ved University of Highlands and Islands har gjennomført litteraturstudien. I mars og

april 2015 gjennomførte Vestlandsforskning i samarbeid med Interplan ein dialogprosess med brei deltaking frå grunneigarar, friviljuge lag, bedrifter og kommunen. Målet var å utvikle og skape tilslutning om tiltak for å stimulere til sameksistens. Denne prosessen er rapportert i kapittel fire. I kapittel seks gir vi eit utdrag frå ein fagdag om stisykling arrangert av Bratt Moro.

Nøkkelinformantane er valt ut på fleire måtar. Vi har søkt informasjon om personar og organisasjonar som har eit engasjement for bruk av området i rekreasjonssamanheng, i tillegg til grunneigarar og jaktguidar. Tabellen under viser kva rolle informantane hadde.

Tabell 1: Informantar

Informantrolle	Representerer
Grunneigar	Jaktinteressene
Grunneigar	Jaktinteressene
Grunneigar	Beiteinteressene
Jaktguide	Jaktinteressene
Jakt- og sykkelguide	Både sykkel og jaktinteressene
Utviklar av turpostar og sykkelstimerking	Kaupanger IL
Leiar trimgruppa	Kaupanger IL
Nestleiar	Sogn Terrengsykkel
Stisyklist og styremedlem	Lurkalaget
Multibrukar	Lokalsamfunnet
Orienteringsløpar	Sogndal IL

Fleire av desse informantane var også deltagarar i dialogprosessen.

Dokument nyttta i arbeidet er kommunale- og fylkeskommune planar samt nasjonalt lovverk. Data om eigedomsgrenser, jakttider, fellingsløyve og faktisk felte hjort er innhenta frå Sogndal kommune.

Datagrunnlaget vårt er lite sidan dette er eit forprosjekt. Det er difor ikkje grunnlag for å trekke konklusjonar, men meir for å gi eit grunnlag for vidare forsking.

2 Kunnskapsstatus

Vi skal her gi eit samandrag av ein internasjonal litteraturstudie som er gjennomført som eit delprosjekt. Litteraturstudien er rapportert i ein eigen publikasjon frå prosjektet. I dette samandraget har vi ikkje lagt inn referansar til litteraturen fordi desse er tilgjengeleg i rapporten frå studien (Taylor & Brendehaug, 2015).

Litteraturen nyttar ulike konfliktomgrep, så som *aktuell* eller *reell* konflikt. Denne type konflikt er forstått som ein situasjon kor ulike brukarar påverkar kvarandre negativt, for eksempel ved at stisyklist er til fysisk sjenanse for vandrar. *Latent* konflikt kan vere det første stadiet i ein konflikt kor det eksisterer ein ustabil situasjon mellom brukarar. *Opplevd* konflikt dreier seg om førestillingar om andre brukarar som annleis ved at dei har andre haldningar, verdiar, utstyr, mål med aktiviteten og identitet enn ein sjølv. Denne form for konflikt vert ofte redusert eller borte når ein kjem i kontakt med «dei andre». Til dømes er det vist at når vandrarar får meir kjennskap til terrengsyklistar vert den opplevde konflikten redusert.

Det meste av litteraturen om syklistar sitt forhold til andre brukarar handlar om forholdet til vandrarar, og spesielt kva som skjer når syklistar brukar stiar som tidlegare berre var nytta av vandrarar. I land som Storbritannia kor terrengsykling har føregått i meir enn 20 år er det framleis både harmoni og spenningar mellom syklistar og vandrarar. I ein del rekreasjonsområde i USA er sykkel klassifisert som motorisert kjøretøy. Det har gitt spørsmål om bruken av sykkel i villmarksområde som tidlegare berre var tilgjengeleg for vandrarar. Ei doktorgradsavhandling om terrengsykling med data frå New Zealand og Storbritannia frå 2009 konkluderer med at konflikt mellom syklist og vandrar er sjeldan, men at ein liten prosent syklistar kan øydelegge omdømme for terrengsykling.

I studiar kor det er funne konflikt, både aktuell og opplevd, mellom vandrarar og syklistar har problemet vore at syklistar passerer vandrar i høg fart, at dei sykla på stiar for vandrarar eller at dei kjem brått på vandraren på uoversiktlege plassar. I situasjonar kor konflikt har oppstått mellom vandrar og syklist rapporterer vandrar langt oftare enn syklist at dette skuldast den andre parten. Få studiar kan rapportere om ulykker grunna møte mellom syklist og vandrar. For å unngå konflikt med andre brukarar er ein strategi å bygge sykkelsenter med sterkt tilrettelegging. Det er mange slike senter i Storbritannia kor berre sykkel er tillatt brukt. Ein slik strategi er kritisert for å bygge på ei oppfatning av opplevd konflikt mellom brukarane og ein stereotyp oppfatning av kva som er rett friluftsliv. Stisykling i område med andre brukarar kan stimulere til at ein tek omsyn, mens sykkelsenter ikkje vil gjere det fordi syklisten ikkje møter andre brukarar.

Resultata frå norske studiar kjem i stor grad fram til dei same resultata når det gjeld forholdet mellom stisyklistar og vandrarar som i New Zealand og Storbritannia. Ein studie av bruken av Oslomarka frå 2011 kjem fram til at om lag 40 av respondentane har opplevd ubehagelege situasjonar med syklistar i høg fart. Ei bachelor-oppgåve har undersøkt kva type stiar som appellerer til terrengsyklistar. Oppgåva kom fram til at stiar som er sykkelvennleg (lite myr) og som gir motoriske utfordringar, stiar som gir lågt konfliktnivå og som er tilrettelagt for sykling (t.d. klopping over våte områder) er eigenskapar som gjer ein sykkelsti attraktiv. God informasjon om sykkelmoglegitene og at stiane ligg i område som gir naturoppleveling, er også viktig. Ei annan

bachelor-oppgåve har kartlagt vandrarar og syklistar i Nordmarka si oppfatning av situasjonen gjennom ei kvantitativ spørjegranskning. Vandrarane opplever konflikt i større grad enn syklistane og konflikt skjer hyppigast i knutepunkt og på søn- og helgedagar. Flest konfliktar mellom brukarane skjer på grusveg med mykje folk og skuldast høg fart og lite hensynsfull åtferd.

Få studiar, både i utlandet og i Noreg, har sett på forholdet mellom sykling og jakt av hjortevilt. Ein studie frå Skotland basert på spørjeskjema og intervju av godseigarar viser at sykling er, saman med padling og fjellskiløping, dei mest uønskte aktivitetane fordi utøvaren nyttar store område og forstyrrar jakta. Godseigarane var ikkje interessert i kommersialisering av slike aktivitetar, og dei såg på nyskaping og endring som uønskt fordi endring kunne skade deira ønske om status quo. Ein studie frå New Zealand har avdekkja konflikt mellom jakt og vandring ved at fleire av jaktområda overlappar vandrestiane på kryss og tvers. Ein stor del av både jegerar (61%) og vandrar (71%) meinte at dyrelivet vart forstyrra av høvesvis vandrarar og jegerar. Denne studien konkluderte med at konflikt mellom jegerar og vandrar er overestimert fordi det dreier seg meir om opplevd konflikt, pga. skilnad i verdiar, enn aktuell konflikt. Ein annan studie frå Colorado i USA gir ein indikasjon på at *sonering* kan vere eit eigna verkemiddel for å unngå konflikt. Konklusjonen var at det er lite konflikt mellom jakt og vandring fordi styremaktene hadde forbode jakt i nærleiken av vegar og anna infrastruktur kor det meste av vandringa føregjekk.

Ein vanleg kritikk av terrengsykling er at sykling skadar naturen og forstyrre dyrelivet. Fleire studiar viser at det ikkje kan påvisast skilnad i terrenghitasje av sykling og av vandring. Det er heller ikkje klårt at sykling påverkar dyrelivet meir enn vandring. I kva grad dyrelivet er påverka av friluftslivsaktivitet er avhengig av ei rekke faktorar så som avstand til dyret, tid på døgnet og året, og type terren. Det er sannsynleg at fart og lite støy frå sykling kan bidra til å forstyrre dyrelivet meir enn andre aktivitetar fordi syklisten kan kome brått på dyr. Ein slik samanheng er funne i ein studie av forholdet mellom sykling og bjørn, men ikkje for hjortevilt. Syklistar kan bevege seg over eit større område enn ein vandrar og dermed potensielt forstyrre dyrelivet meir i løpet av ein dag, men dette er igjen avhengig av terrenget, om det gir dyra høve til å flykte unna.

Studiar viser at ferdsel på etablerte stiar gir mindre forstyring enn ferdsel utanfor stiar. Ferdsel på stiar gir dyra høve til å føresei menneskeleg ferdsel og tilpasse seg denne. Denne forklaringa er framført i ein studie frå Canyonlands National Park i Utah der vandrarar forstyrra «Bighorn Sheeps» mykje meir enn syklistar. Vandrarane nytta område utanfor stiane i større grad enn syklistane.

Ein generell konklusjon er difor at all ferdsel av menneske, anten det er vandring eller sykling, påverkar dyrelivet. Ferdsel med hund, og særleg hund som ikkje er kontrollert, gir langt større forstyring. Dersom vandrarar og syklistar held seg på etablerte stiar (utanom viktige habitatområde) verkar ikkje ferdsel trugande for dyrelivet. Slik ferdsel gir mindre forstyring og dyra kan tilpasse seg.

Forvalningsstrategiar for å regulere forholdet mellom ulike brukarar kan kategoriserast i tre typar: direkte styring, indirekte styring og samhandling. Direkte styring av ferdsel dreier seg om harde verkemiddel som påbod, forbod og avgifter for å styre ferdsel. For sykling kan det innebvere sonering ved å berre tillate sykling på visse stiar og stenge andre stiar, men også sterkt tilrettelegging ved å bygge stiar. Direkte styring kan også nyttast til at syklistar og vandrarar brukar dei same stiane ved å utbetre stiane slik at det er lettare å passere kvarandre og gjere uoversiktlege parti meir

oversiktlege. Direkte styring kan verte kontraproduktiv dersom tiltaka ikkje har legitimitet ved å skape gerilja ferdsel.

Indirekte styring av ferdsel dreier seg om verkemiddel som informasjon, rådgjeving, opplæring og haldningsskapande arbeid. Målet kan vere det same som med direkte verkemiddel: å kanalisere ferdsel til spesielle område eller spesielle tidspunkt, men det er ikkje knytt sanksjonar til om informasjonen/råda ikkje vert følgt. Eksempel på indirekte styring er «codes of conduct» (regler for ferdsel) er utvikla både internasjonalt, av International Mountain Bicycling Association, og nasjonalt i Skottland, t.d. «*Do the Ride Thing*» som er ein guide for ansvarleg sykling i naturområde og korleis ta omsyn til andre brukarar. Tilsvarande har Norsk organisasjon for terrengsykling (NOTS) utvikla stivettreglar.

Samhandling som styringsstrategi går ut på at ulike brukargrupper kjem saman for å utvikle løysingar for koordinert bruk gjennom problemanalyse. I Skottland organiserer Developing Mountain Biking in Scotland, regionale grupper med deltaking frå ulike interesser, så som styresmakter, grunneigarar, bedrifter og syklistar med mål om å utvikle berekraftige sykkelenråde. Gruppene fungerer som opne arenaer for å drøfte saker og samarbeid for å finne løysingar og implementere desse.

Det er ein omfattande litteratur om deltaking for å utvikle samforvaltning av natur- eller verneområde som kan vere relevant for vår studie. Eit perspektiv innafor samforvaltning skil seg frå tradisjonell forhandling ved å overstige kompromisslogikken for å utvikle nye moglegheiter for alle partar (transformasjon). Ved å utvikle nye perspektiv både på eksisterande bruk og kva moglegheiter området har kan partane utvikle utviklingsmodellar. Dette dreier seg om å integrere partane si ulike forståing, eller meir praktisk, ved at partane ved hjelp av utviklingmidlar utviklar nye modellar både for forvaltning og næringsutvikling.

Desse tre strategiane let seg også kombinere for å nå ulike brukarar, slik det er gjort i forvaltninga av Rattlesnake National Recreation Area i USA. Der var hovudvekta lagt på indirekte verkemiddel som informasjon, opplæring og samhandling, men kor det også var naudsynt med direkte verkemiddel for å styre dei få besökande som ikkje vart påverka av opplærings tiltaka.

3 Bruken og påverknad

I dette kapitlet skal vi svare på korleis dei ulike aktivitetane på Kaupangerhalvøya har utvikla seg, omfanget av bruken og kven som er brukarane. For det andre skal vi svare på korleis den forskjellige bruken påverkar kvarandre.

I omtale av bruken av Kaupangerhalvøya fokuserer vi på den austre delen, dvs. frå Storehaugen og austover. Det er her det meste av fritidsbruken i utmarka skjer (sjå kart over turpostane til Kaupanger idrettslag under). Vi kjem ikkje til å omtale skogsdrifta trass i at den påverkar andre brukarar. Vårt hovudfokus er på forholdet mellom jakt, beitebruk, vandring og stisykling.

3.1 Jakt

Kaupangerhalvøya er vinterområde for eit stort tal hjort i Sogn, m.a. frå Luster. Dyra trekk frå vinterbeite til sommarbeite i mai/juni og tilbake i september/oktober. På Kaupangerhalvøya finn dyra mat i vinterhalvåret, m.a. bærlyng, fordi halvøya har forholdvis lite snø langs fjorden. Vinterbeite er ein minimums-faktor for dyra. Tettleiken av dyr er mykje høgare på vinterbeite (på halvøya) enn i sommarbeiteområda (i fjellområda). Dette er også eit generelt trekk ved habitatbruken til hjorten i Noreg (Hegland et al., 2014).

Tettleiken av hjort og tal fellingsløyve har auka mykje dei siste 15 åra. På den største private eigedomen vart det felt 15 dyr i 1992, mens talet var 67 dyr i 2014. Dersom forholdet mellom tal hjortløyve og tal dyr var det same i 1992 som i 2014 har tettleiken av dyr 3-4 dobla seg.

Før år 2005, og tilbake så lenge vi har data for (1980), var jaktperioden 10. september til 15. november, drygt to månader. I perioden frå 2005 til 2011 varierte jakttida ein god del, men generelt vart den utvida. Frå år 2012 har jakttida vore 1. september til 23. desember, nesten fire månader. Dette betyr at det no (2015) er jakt heile hausten.

I oktober føregår både den tradisjonelle jakta og lokkejakta. Den tradisjonelle jakta føregår både som jagejakt og som snikjakt. Her skal vi omtale lokkejakta som er utvikla på Kaupanger frå omkring 1990. Dette er ein kommersiell jaktform der ein jeger og ein guide opererer aleine. Ved å etterlikne bukkane sin brunstbrøling lokkar guiden til seg hjorten. Ein jaktguide omtaler det slik:

Kaupanger er Noregs beste terreng for denne brølejakta både ifht storleik på området og talet på bukkar. I oktober brøler det over alt. Bukkane flytter seg rundt på leiting etter hodyr. Det er eit dynamisk system.

Det er bedrifta Haukås AS som organiserer denne form for jakt ved å leige areal og hjorteløyve hos fleire grunneigarar. Kundane er i all hovudsak tilreisande som kjem med fly til Haukåsen flyplass og som har innkvartering og servering på bedrifta sin eigedom like ved flyplassen. Om lag 10 jaktguidar er engasjert i oktober. Årsrekneskap frå Brønnøysundregisteret viser at Haukås AS hadde ei omsetninga i 2013 på mellom 3 og 4 millionar kroner. Føretaket driv også med andre produkt og teneste, så som fiske. Det er også grunneigarar som ikkje har avtale med Haukås og som driv kommersiell jakt.

Jakta er konsentrert til i grålysninga om morgonen og i skyminga på ettermiddag/kveld. Målet for kunden er å få skyte ein bukk i løpet av opphaldet på to døgn. Denne jaktforma er difor avhengig av høg tettleik av dyr fordi jaktturistane berre har fire korte periodar i løpet av to døgn for å lykkast i å felle ein bukk. Samstundes vert salet av jaktopplevelingar som oftast gjort eit år i førevegen. Etter det Vestlandsforsking forstår betaler gjestane mykje for tenesta så det er viktig at gjesten får skutt ein bukk. Difor vert det viktig for jaktbedrifta å skape forutsigbarheit for sitt produkt. Ein måtte å bidra til det på er å føre hjorten om vinteren, særleg når det er mykje snø for å oppretthalde tal dyr. På spørsmål om fôring held oppe ein større bestand enn naturleg er svaret frå jaktguiden:

Vi bergar nokre kalvar og bukkar som sannsynlegvis ville dava, men det varierer mykje. Kva som er det naturlege beitegrunnlaget er vanskeleg å seie. Dersom vi ikkje hadde føra ville det dava ein del dei hardaste vintrane. Vi må ha ein viss mengde dyr fordi vi har selt jakta for neste år.

Andre grunneigarar på halvøya leigar ut jaktterring og fellingsløyve. Det er difor ikkje berre dei grunneigarane som har samarbeid med Haukås AS som har inntekt av jaktenester. Denne jakta føregår heile hausten og er ikkje avgrensa til morgen og kveld. I eit hovudprosjekt er det trond for å kartlegge omfanget av dei ulike jaktformene på halvøya.

Kaupangerhalvøya har tre store hjortevald: Kaupangehalvøya storvald, Kaupanger Hovedgård og Amble gard. Alle tre vald omfattar fleire eigedommar. Mykje av stisyklinga og vandringa går føre seg på eigedomane til Kaupanger Hovedgård og Amble gard. I tillegg er det seks mindre vald.

Dei tre store hjortevalda har forvaltningsplanar for hjortevilt som gir fellingsløyve for tre år om gangen. Det vart tildelt ca. 400 fellingsløyve totalt for heile Kaupangerhalvøya i 2014. Fellingsprosent var 67 for området samla, i følgje informasjon frå Sogndal kommune. Ingen av valda har fått godkjent forvaltningsplaner for 2015 fordi merkeprosjektet har vist at dyra nyttar eit større område.

Oppsummering

Kaupangerhalvøya er vinterområde for eit stort tal hjort i Indre Sogn. Tettleiken av hjort og tal fellingsløyve har auka vesentleg dei siste 15 åra. Dersom forholdet mellom tal hjortløyve og tal dyr var det same i 1992 som i 2014 har tettleiken av dyr 3-4 dobla seg på 22 år. Jaktperioden har vorte utvida slik at det i dag (2015) er jakt frå 1. september til 23. desember. Den kommersielle jakta er utvikla på Kaupanger i regi av føretaket Haukås AS frå omkring 1990. Føretaket sel jaktenester i form av bukkejakt i oktober og har ein omsetning på mellom 3 og 4 millionar kronar. Andre grunneigarar på halvøya leigar også ut jaktterring og fellingsløyve. Kaupangerhalvøya har tre store hjortevald: Kaupangehalvøya storvald, Kaupanger Hovedgård og Amble gard. Mykje av stisyklinga og vandringa går føre seg på dei to siste valda. Det vart tildelt ca. 400 fellingsløyve totalt for heile Kaupangerhalvøya i 2014. Fellingsprosent var 67 for området samla.

3.2 Jakt og anna aktivitet

Her skal vi sjå nærmare på korleis jaktaaktiviteten vert påverka av anna aktivitet så som sykling og vandring. I seinare avsnitt ser vi på korleis sykling og vandring vert påverka av jakt.

Ein av våre informantar fortel at bruken av området generelt var mykje mindre i 1990 når ein starta å den utvikle kommersiell jakta i regi av Haukås AS. I dag er fleire område «tapt» for jakt fordi området har mykje ferdsel:

Kaupangerholten og Hauståkernakken er frå gammalt av sentrale bukkeområde. Desse områda har vi mista for jakt pga. turgårar (...). Hungerhaug har blitt ein sykkelsti, det er eit sentralt område for jakt, dei to siste åra har det vorte mykje forstyrring både frå sykling og turgåing.

Informanten fortel vidare at hjorten bruker Kaupangerholten, Hauståkernakken og Hungerhaug annleis no enn før. Dyra reiser tidlegare frå området om morgonen og dei kjem seinare dit på ettermiddagen. Ferdsl i form av vandring har vore jamt aukande etter 1990. Dei siste 3-4 åra har ferdsl akselerert med utvikling av stisykling, seier vår informant.

Jaktsesongen 2014 var det i sum ca. 15 situasjonar kor Anna ferdsl (sykkel og vandring) skapte problem for jakta i regi av Haukås AS, i følgje denne informanten. I desse tilfella måtte jaktguiden finne eit anna område for jakt enn opphavleg tiltenkt fordi det var ferdsl i området. I gjennomsnitt er det 1-2 slike episodar per guide per sesong trass i at ein vel område ein trur det ikkje er ferdsl i.

Som figur 1 (neste avsnitt) viser er turpostane på Kaupangerholten og Hauståkernakken mellom dei mest brukte, men vandring til Hauståkernakken har gått noko ned dei siste åra. Denne ferdsla er etter vår vurdering legal ut frå allemannsretten, trass i at dette er eit jaktområde. Allemannsretten i friluftslova gir ein rett til å ferdast i utmark, men på den andre sida skal turgårar ta omsyn til grunneigar sine interesser og bruk, t.d. i form av pågående jakt. Vandrarar og syklistar vil vanlegvis ikkje vite om det pågår jakt i det området dei nyter. Vi tolkar friluftslova slik at kravet om å ta hensyn til grunneigar *ikkje* inneber at ålmenta skal avstå å bruke eit område om hausten fordi det *kan* vere jakt der.

Ein annan situasjon oppstår dersom vandrarar og syklistar nyttar eit område dei veit det går føre seg jakt på det aktuelle tidspunktet. Ein av våre informantar fortel om situasjonar der ein person går inn i eit område etter å ha fått informasjon om at det går føre seg jakt der. Slik åtferd er konfliktskapande, men førekjem sjeldan på Kaupangerhalvøya. Vi tolkar friluftslova slik at får ein kjennskap til at det går føre seg jakt i det området ein har planlagt å ferdast i bør ein, ut frå plikta til å ta omsyn, velje eit anna område. I følgje paragraf 11 i friluftslova skal ein kvar som opptrer på annan manns grunn oppdre omsynsfullt og varsamt for ikkje å volde skade eller ulempe for eigar, brukar eller andre og påføre miljøskade.

Ut frå denne forståinga av friluftslova kan informasjon frå grunneigar og jegerar for kor det går føre seg jakt til ei kvar tid hjelpe på å redusere potensialet for konflikt. Det kan vere krevjande å informere ålmenta om kor det føregår jakt til ei kvar tid i eit område kor jaktaktiviteten er høg og kor ein kanskje må endre planar om jaktområde i løpet av ein dag.

Det er ikkje bare val av område for vandring og sykling som har betydning for jakta. Kor aktiviteten skjer innafor eit område har mykje å seie. Ferdsl på bilveg er eit mindre problem enn ferdsl utanfor veg fordi hjorten er vande med at det er folk på vegane. Ferdsl utanfor stiane gjer åtferda til utøvaren vanskeleg å forutseie både for hjorten og jegeren, mens ferdsl på stiar kjem i ei mellomstilling. Sykling utanfor sti er dessutan ikkje tillate i følgje friluftslova.

Det er skilnad på kor sårbar den kommersielle og den private jakta er for anna ferdsel. Jaktturistane har lite tid til å lukkast med å skyte ein bukk, mens grunneigarar og andre, som i stor grad bur i området, har meir tid til å tilpasse seg anna ferdsel. Ein informant seier det slik:

Privat vil vi alltid klare å skyte dei dyra vi treng fordi vi kan jakta andre plassar og til andre tider, men den fleksibiliteten har vi ikkje ifht. den kommersielle jakta.

Ein grunneigar viser til at i september skjer mykje av den private jakta i høgareliggende område kor det er mindre potensiale for konflikt med andre brukarar. Vidare seier vedkommande at problemet er større i november før snøen kjem.

Gjennom kommunikasjon med andre brukarar kan grunneigarar og jegerar få syklistar og andre til å ta omsyn til jakta. Det skjedde hausten 2014. Det vart oppretta dialog mellom representantar for den kommersielle jakta og Sogn Terrengsykkel. Jaktguidane tok hausten 2014 kontakt med Sogn Terrengsykkel for å informere om jaktaktiviteten på årsmøtet til Sogn terrengsykkel. Der fekk syklistane informasjon om korleis den kommersielle jakta gjekk føre seg og kva stader det var upproblematiske med stisykling. Denne informasjonen vart også lagt ut på organisasjonen si Internetsida (sjå figur under).

Hei alle sykkel entusiaster!

Viktig melding fra jaktguidene på Kaupanger

**Vis hensyn med minst mulig sykling i Kaupanger-området 1.-31. okt.
Prøv å unngå sykling fra kl. 0500-1100 og 1530-2000!**

Nå braker det løs. I hele oktober pågår guidet hjortejakt på Kaupanger. Jakten foregår i to økter daglig, fra tidlig om morgen til ca. kl. 10.30 på formiddagen, og fra ca. kl. 15.30 om ettermiddagen til det er mørkt om kvelden. Det jaktes i alle områder på Kaupanger. Dette er svært viktig næringsvirksomhet for de store grunneierne og for Haukåsen jakt og fiske.

Jakten foregår alle steder, langt til fjells og helt ned til fjorden. Vi håper derfor om at alle syklister vil vise hensyn til jaktaktiviteten.

Hvor kan dere sykle?

For å komme dere i møte har vi bestemt oss for at området fra Storemyri ned mot Kaupanger og Vesterland vil vi ikke jakte eller jakte lite. Så der kan dere sykle når dere måtte ønske det.

Unngå konflikter i fremtiden.

For å unngå konflikter med grunneiere og andre brukere av Kaupangernaturen er det viktig å vise hensyn. Vi håper med denne informasjonen å bidra til kunnskap om jakta og håper på godt samarbeid og god kommunikasjon i fremtiden.

Vennlig hilsen Jaktguidane

Figur 1: Melding frå jaktguidane lagt ut på Sogn Terrengsykkel si Facebook side.

Representanten frå jaktguidane til årsmøtet i Sogn Terrengsykling hadde fleire roller, han var både jaktguide og sykkelguide og stisyklist oppvaksen på Kaupanger. Han var difor godt kjent i

sykkelmiljøet og godt kjent med jakta. Vi tolkar dette slik at det ikkje var tilfeldig kven jaktguidane sende for å kommunisere med sykkelmiljøet. Sendeboden kunne, ut frå sin ståstad i begge leirar, ha ei brubyggarolle mellom jakt- og sykkelmiljøet. Vi tolkar data slik at denne kontakten bidrog til at syklistane tilpassa seg behovet til den kommersielle jakta. Informanten frå sykkelmiljøet meiner at syklistane hadde vist forståing for situasjonen og tatt omsyn:

Eg fekk munnleg tilbakemelding i okt/nov frå jaktguidane om at det hadde vore lite konflikt. Dette var ein vinn-vinn situasjon (...) Det var kjekt å få tilbakemelding på korleis jegerane hadde opplevd situasjonen. Då er det ikkje monolog, men dialog.

På spørsmål om kvifor syklistane har tilpassa seg til å sykle midt på dagen i oktober er svaret frå vår informant:

Vi kan sykle midt på dagen, det er kanskje det beste tidspunktet for syklistane – for dei som har fleksitid. Vi ønsker ikkje å vere til belastning. Det kom fram nyttig informasjon. Dei (jaktguidane) fortalte om kjerneområda for jakt.

Frå intervjuet får vi inntrykk av at situasjonen for grunneigarane og jakta var til å leve med hausten 2014. Uroa til grunneigarar og jegerar er først og fremst ein vidare auke i sykkelaktiviteten i åra framover. Ein grunneigaren seiar det slik:

Dagens bruk er ein ting, men korleis vert det med sykling om 4-5 år. Er det 10 ganger så mange, allereie i dag er det for mange. Fleire syklistar vil auke konfliktnivået og risikoen for skader og påkøyrslar fht. turgåurar.

Ein jaktguide seier det slik:

(...) eg er sikker på at sykling vil auke. Då har vi ein kjempeutfordring. Syklistane må tenkje berekraft dei og, dei må vite at det ikkje er så mange som liker dei. Dei må ha respekt for andre brukarar.

Frå desse to informantane kjem det fram skepsis til kommuneplanen sitt fokus på nyskapande friluftsliv. Grunneigaren viser til at det gir ei kommersialisering av friluftslivet som ikkje er bra i forhold til lova:

Kommunen er oppteken av ski og sykkel for å få folk til å busette seg i kommunen utan at det gjort ei konsekvensvurdering. Planarbeidet med nyskapande friluftsliv er ikkje konsekvensutgreidd i høve til naturmangfoldslova. Kommunen har ikkje rådført seg med grunneigarane – ikkje kommunisert der. Dumt om grunneigarane skal tape på dette.

Både på møte med grunneigarane på Kaupanger i januar 2015, i intervju og i dialogprosessen vinteren 2015 har det kome fram at grunneigarar har lite kjennskap til kommunestyret sitt vedtak om omsynssoner for friluftsliv. Det har også vore uttrykt misnøye med at kommunen ikkje har vore i særskild dialog med grunneigarar på Kaupanger angåande opprettning av omsynssone for stisykling på deira eigedom. Kommunen har merka seg dette synet, men samstundes vist til at forslaget om omsynssoner har vore kjent både gjennom høyringsrunden og på folkemøte om kommuneplanen. Grunneigarar så vel som alle andre, har hatt høve til å ytre seg om forslaget.

Grunneigarar sin motstand til å marknadsføre Kaupanger som eit stisykkelområde har å gjere med at folk utanfrå ikkje så lett tilpassar seg dei lokale normene for å ta omsyn til jakta. Grunneigaren seier det slik:

(...) ikkje veit dei (syklistane) kven grunneigaren er og at det pågår jakt, dei har ikkje same forståing for det som lokale folk. Dei som syklar har ein stor trøng for å prøve, teste og finne nye ruter. I nokre område syklar dei over alt og har stor fart.

Her kjem det fram at syklistar som kjem utanfrå ikkje har med seg den kulturelle ballasten lokale folk har fått med seg for å tilpasse seg. Vi ser av sitatet over at vedkommande grunneigar forventar at syklistane skal ta omsyn både til grunneigaren og til at det føregår jakt.

Sogndal kommune har som mål å redusere bestanden av hjort ut frå ei samla vurdering av ulike interesser, men har ikkje effektive verkemiddel for dette. Hjorten beitar på innmark, særleg på våren, og ein del dyr vert påkjørde i biltrafikken. Dessutan er hjorten stundom til plage i bustadsfelt. Etter det vi forstår har nokre grunneigarar interesse for å halde oppe ein høg hjortebestand fordi det er viktig for sal av jaktenester.

Oppsummering


Sogndal kommune har som mål å redusere bestanden av fleire grunnar, men kommunen har ikkje verkemiddel for å få dette gjennomført. Vandring har i fleire år påverka jakt gjennom auka ferdsel. Det har ført til at nokre jaktområde har vorte mindre attraktive for jakt enn tidlegare, så som Kaupangerholten og Hauståkernakken. Turpostregistreringane til idrettslaget viser at dette er mellom dei mest brukte nærturområda. Dei siste åra har stisykling hatt den same effekten, t.d. når det gjeld Hungerhaug. Den auka ferdsla påverkar jakta både direkte og indirekte. Indirekte ved at hjorten trekk tidlegare bort frå områda om morgonen og kjem seinare att på kvelden. Den direkte påverknaden skjer ved at auke ferdsel gjer det vanskeleg å drive jakt på same stad til same tid kor det føregår anna aktivitet. Jegerane tilpassar seg anna aktivitet ved å velje andre jaktområde, men Kaupangerhalvøya er avgrensa.

Den kommersielle jakta er meir sårbar når det gjeld forstyrring frå anna ferdsel enn den private jakta fordi tilreisande jegerar har kort tid på å lukkast i jakta. Kvar haust er det i gjennomsnitt 15 uønska situasjonar der jaktguidar må velje eit anna område for jakt enn opphavleg tenkt pga. av anna ferdsel. Det er få tilfelle der ein vandrar eller syklist nyttar eit område der vedkommande veit at det går føre seg jakt på det aktuelle tidspunktet. Ein kan ikkje ut frå Friluftslova krevja at andre brukarar avstår for bruk av eit område fordi det *kan* gå føre seg jakt der. Veit ein at det føregår jakt i det området ein har planlat å ferdast i har ein plikt til å ta hensyn til grunneigar sin bruk. Den private jakta vert i stor grad utført av lokale folk som har lettare for å tilpasse seg i tid og rom til anna aktivitet enn den kommersielle jakta. For den private jakta er utfordringane større i november enn i september. Jakta i september føregår i stor grad i høgareliggende område på halvøya. Kontakt og dialog mellom representantar for jaktguidane på Kaupanger og Sogn Terrengsykkel hausten 2014 hadde effekt ved at syklistane tilpassa seg ved å sykle på tidspunkt og plassar kor det var mindre jakt enn andre plassar.

Grunneigarane og representantar for den kommersielle jakta er uroa for at sykkelaktiviteten skal auke i åra framover. Dette gir seg utslag i ein skepsis til at kommunen, gjennom reisemålselskap, marknadsførar Kaupanger som eit stisykkkelområde, og at kommunen ikkje har vore i særskild dialog med grunneigarane angåande opprettning av omsynssone for stisykling på deira eigedom.

3.3 Vandring

Vi skal her svare på korleis vandring føregår, kva omfang den har på Kaupangerhalvøya og kven som er brukarane. For å svare på dette vil vi fokusere på den aktiviteten som vert generert av Kaupanger idrettslag (KIL) sitt system med merking av turstiar til turmål, ein fjelltopp, ein støl eller anna turmål, teikna inn på turkartet til KIL, sjå under. På turmåla er det lagt ut bøker for registrering av besøk.



Figur 2: Kaupangerhalvøya med markering av turpostsystemet til KIL, kjelde KIL.

Systemet består av fire element: merking av stiar, registrering av besøk på turmålet, kart og informasjon og eit opplegg for premiering. Målet med tiltaket er å legge til rette for trimaktivitet. Vår informant om dette systemet viser til at det er mange lokale som ikkje føler seg trygge utan merka sti, og at mange har gått nye plassar etter at merkinga vart utbetra etter år 2000.

Kaupanger Idrettslag (KIL) ved trimgruppa inngjekk avtale med grunneigarane i 2002 om merking av 14 turstiar med utsetting av postar på turmåla. Vår informant i KIL omtalar dette som eit samarbeid som har fungert godt ei stund, men etter nokre få år kom det beskjed frå dei største grunneigarane om eit behov for å avgrense ferdsla under jakta. Grunneigarar ville at KIL skulle ta inn nokre av turpostbøkene (for registrering av besøk på turmåla) heile eller deler av jaktperioden. KIL prøvde å diskutere lengda på denne perioden, men slike drøftingar var det lite rom for. Forholdet til allemannsretten vart ikkje tematisert i samband med dette.

Kravet frå grunneigarane førte til at KIL tok inn nokre av bøkene i heile eller delar av jaktperioden. Vi har ikkje nøyaktig informasjon om kva år KIL starta med å ta bort bøkene i ein periode under jakta, men informasjon tyder på at det skjedde omkring år 2005. Turpostbøker har vorte tatt bort frå turmål i varierande periodar under jakta og nokre bøker har lege ute heile året. I

tabellen under er dette vist ut frå data frå informasjonsskriv frå KIL. I høgre kolonne er endring i jaktperiode vist.

Tabell 2: Endringer i kor lenge turpostbøkene har lagt ute.

År	Administrasjon av bøkene	Jaktperiode
2001	Alle 14 turpostbøker ute heile året	10/9-15/11
2007	4 bøker ute heile året, 2 bøker inne heile jaktperioden , 8 bøker inne frå 1/10	10/9-30/11*
2013	4 bøker ute heile året, 3 bøker inne heile jaktperioden, 8 bøker borte 1/10-15/11	1/9-23/12

Kjelde KIL. *Frå år 2006 til 2013 endra jakttidene seg årleg.


KIL har funne fram tal for besøk på turpostane frå 2009 til 2013. Dessverre har det ikkje vore mogleg å få fram tal for tidlegare år. I denne perioden (2009-2013) var postane mest besøkt i år 2010, sjå tabell under. Tala er avrunda. Vi har ikkje lukkast å få tala for 2014 frå KIL.

Tabell 3: Samla tal besøk på dei 16 turpostane til KIL, 2009-2013.

År	Totalt besøk
2009	19600
2010	20700
2011	17300
2012	19100
2013	17900
2014	?

Kjelde KIL.

Vi har fått tak i nokre få tal for perioden før 2009. I år 2001 har KIL registrert 9500 besøk, mens i 2002 vart det ca. 11000. Det betyr at frå 2001 til 2012 dobla bruken av toppturtrimmen seg. I perioden 2009-2013 hadde Hauståkernakken, Kaupangerholten og Hatleggi mest besøk. Desse tre postane har i gjennomsnitt 40-45 prosent av alle besøk desse åra, mens både Hauståkernakken og Hatleggi har hatt ein vesentleg nedgang, høvevis 17 og 40 prosent i 2013 ifht. 2010. I figuren på neste side er besøket på alle postar vist.



Figur 3: Endring i tal besök på turpostane i perioden 2009-2013, Kjelde Kaupanger IL.

Toppturtrimmen vert i hovudsak brukt av innbyggjarar busett på Kaupanger, men turstiane vert også brukt av andre. Kor mange brukarar stiane har som ikkje er busett på Kaupanger har vi ikkje data for.

Det føregår også anna aktivitet enn tradisjonell vandring på Kaupangerhalvøya. Orienteringsgruppa i Sogndal idrettslag har trening i området og speidargruppa på Kaupanger har ein fast tilhaldsstad i Amla. Vi har ikkje hatt kapasitet til å innhente data for omfanget av denne aktiviteten. I tillegg skjer det sjølvsagt ein heil del ikkje organisert aktivitet.

Oppsummering

Det føregår mykje aktivitet av ulike brukarar som kan karakteriserast som vandring på Kaupangerhalvøya. Her har vi avgrensa oss til å studere korleis bruken av Kaupanger idrettslag (KIL) sitt system *toppturtrimmen* har utvikla seg. Toppturtrimmen er eit system med merka turstiar til eit turmål, ein fjeltopp, ein støl eller anna turmål. Systemet består av fire element: merking av stiar, registrering av besøk på turmålet, kart og informasjon og eit opplegg for premiering.

Toppturtrimmen er først og fremst brukt av innbyggjarar på Kaupanger. Kaupanger Idrettslag (KIL) ved trimgruppa inngjekk avtale med grunneigarane i 2002 om merking av 14 turstiar med utsetting av postar på turmåla. Målet med tiltaket var å legge til rette for trimaktivitet. Idrettslaget lukkast. Frå 2001 til 2012 dobla bruken av toppturtrimmen seg. Omkring 2005 krevde grunneigarar at idrettslaget skulle ta inn ein del av registreringsbøkene frå turmåla heile eller delar av jaktperioden for å redusere ferdsla. Grunngjevinga var at ferdsla forstyrra jakta. Allemandsretten vart ikkje tematisert i samband med dette. Idrettslaget tilpassa seg kravet, og aktiviteten gjekk ned under jakta. I 2013 hadde fire av turmåla bøker ute heile året, tre av turmåla hadde bøkene inne heile jaktperioden, mens åtte av turmåla ikkje hadde registreringsbøkene ute i perioden 1/10-15/11.

3.4 Vandring og anna aktivitet

Her skal vi sjå på korleis jakt og stisykling påverkar vilkåra for vandring.

Som vist framfor har det føregått store strukturelle endringar i tettleik av hjort og utviding av jakttider på Kaupangerhalvøya dei siste 15 åra. Når jakta føregår heile hausten og dyretettleiken er høg gir det eit større potensial for konfliktar med andre brukarar enn kortare jaktperiode og færre dyr. Intervjudata viser at skogområda vert mindre bruk til vandring om hausten fordi ein del folk er usikre og til dels redde når det føregår jakt. Ein informant viser til at folk tilpassar seg jakta ved at:

Det blir færre som går (på stiane). Dei går heller rundt skogen på bilvegen i staden. Eg veit om mange som ikkje tør å gå ut når det jakta. Informasjon om kor det vert drive mest jakt er ønskeleg.

Dessutan har tiltaket med å ta inn registreringsbøkene på turpostmåla for toppturtrimmen hatt ønska effekt. Bruken av turstiane har gått ned i jaktperioden, i følgje grunneigarar. Derimot har ein jaktguide ikkje registrert endring i ferdsel etter at bøkene vart tekne inn.

Vår tolking av dette er at innbyggjarar brukar stiane i jaktperioden også, men at bruken sannsynlegvis er mindre ifht. kva den ville ha vore utan jakt. Om vandralar hadde nytta området like mykje som elles er det usikkert om dei ville ha møtt jegerar, og uansett er det jeger sitt ansvar at

ingen vert skada. I paragraf 19 i viltlova heiter det at: «*Jakt og fangst skal utøves på slik måte at (...) det ikke oppstår fare for mennesker (...)*». Ein som ferdast ute skal difor vite at jegeren har ansvar for at farlege situasjonar ikkje oppstår. På den andre sida har vandrar eit ansvar for å ta omsyn til grunneigar sin bruk om ein veit at det føregår jakt i eit område.

Dessverre har det ikkje vore mogleg å få fram statistikk over bruken av turpostane i perioden 2003-2008, den perioden det vart gjort endringar i kor lenge bøkene låg ute på turpostane. Det ville vore interessant å sjå om bruken vart endra når KIL starta å ta inn bøkene omkring år 2005.

Slike data måtte vi likevel tolke i lys av andre endringar, så som auka fokus på trim og folkehelse. Det kan tenkast at det har føregått to motgåande endringar: redusert bruk fordi turpostbøkene vart tatt inn delar av hausten, og ein generell trend med auka fokus på trim og mosjon.

Grunneigarar påverkar også vilkåra for å drive vandring og trim ved å halde vegbommar til utmarka stengt, t.d. vegen til Goro. Fleire av våre informantar, også grunneigarar, viser til at opning av denne vegen ville vere til stor fordel for barnefamiliar sin bruk av området framover mot Breisete. Idrettslaget har prøvd å få grunneigar til å opne vegen ved å seie seg viljug til å utforme eit system for betaling for bruk av vegen. Grunneigar har avslått dette med grunngjeving av det vert for stor slitasje på vegen.

Når det gjeld forholdet mellom sykling og vandring viser våre data to ulike oppfatningar. Ein informant som representerer KIL gir uttrykk for at vandrarar er redde for å verte sykla ned av stisyklistar. Vedkommande seier det slik:

Mange er sinte på syklistane, er redd for å bli sykla ned. Downhill er problemet, mens terrengsyklistane syklar mindre der folk går (...) Downhillstiane er ikkje merka, men nokre stader bruker dei - dei raude turstiane. Nokre stader går dei raude og dei blå merka på same sti. Lokale folk driv mest med terrengsykling, men det er ein glidane overgang mellom terrengsykling og downhill sykling.

Som vi ser av sitatet har problematikken mange dimensjonar, m.a. at det er dei eksterne syklistane som er problemet og at det er sykling på dei raude stiane som er mest problematisk. Vår informant omtaler områda Vardahei/Hungerhaug – Dalåker og nordvest av flyplassvegen Storemyri/Storehaugen til Eidet som dei mest problematiske i forholdet mellom vandring og sykling.

«Downhill» sykling er ein betegnelse som syklistane på Kaupanger ikkje nyttar fordi etter deira omgrevsbruk skjer slik sykling (downhill) for det meste i alpinbakkar. Kaupangerområdet er i liten grad så bratt at det føregår slik sykling, og i den grad det skjer vil det verte mindre av det, slik våre informantar frå sykkelmiljøet ser situasjonen.

Hos andre av våre informantar, som verken driv med sykling eller med tilrettelegging for vandring eller sykling, er det ei oppfatning at syklistane som brukar Kaupangerskogen har stor fart, tek lite omsyn til vandrar og ikkje er opptekne av naturen rundt seg. Når vi spør om dei sjølve har opplevd konkrete konfliktsituasjonar mellom vandrar og syklist er svaret avkretande.

Andre lokale informantar som brukar Kaupangerskogen mykje til trim, oppfattar ikkje at det er problem mellom syklistar og vandrar eller trimmarar. Ein person busett på Kaupanger som brukar skogområdet mykje på ulike måtar seier det slik: «*Har ikkje høyrt at bygdafolk irriterer seg over syklistane. Snarare tvert imot, at det er bra området vert brukt*». Ein annan person også busett på

Kaupanger og som nyttar området mykje seier det slik: «(...) har ikkje opplevd problem med sykkel, dei er hensynsfulle – aldri opplevd problem».

Vår vurdering er at syklisten har ansvar for at fare ikkje oppstår. I følgje NOTS sine stivettreglar skal syklist bremse ned til gangfart i god tid før han/ho passerer andre på ein smal sti.

Det Internettbaserte systemet STRAVA er i bruk av syklistar på Kaupangerhalvøya. STRAVA er eit system der syklistar (og andre) kan konkurrere med andre utøvarar ved å registrere trasé og tid på smarttelefonen sin. Slik kan ein konkurrere med andre utan at dei fysisk er til stades. Eit slik system aukar potensialet for konflikt fordi bruk av systemet stimulerer til å sykle fort for å slå konkurrentane. Då vil omsyn til andre som ferdast på stien lett kome i andre rekke. Vi vil difor karakterisere system som STRAVA som konfliktkapande.

Vårt sparsame datamateriale viser at det er ulike oppfatningar lokalt om forholdet mellom syklistar og vandrarar, og at det er ulike opplevelingar og erfaring. Ei større kvantitativ spørjeundersøking må til for å finne ut i kva grad vandrar har opplevd konfliktituasjonar med syklistar.

Oppsummering

Data viser at det er ulike oppfatningar lokalt på Kaupanger om stisykling påverkar vandring negativt. Det er difor trong for vidare forsking for å svare på dette spørsmålet. Det Internettbaserte systemet STRAVA er i bruk av syklistar på Kaupangerhalvøya. Systemet stimulerer til høg fart og er difor konfliktkapande. Våre sparsame data tyder på at jakt påverkar vandring ved at færre går på tur på stiane i skog og fjellområdet i jaktperioden enn elles. Dessutan har innhenting av turpostbøkene for toppturtrimmen etter krav frå grunneigar redusert ferdsla. Kor stor denne reduksjonen i vandring i utmarka er har vi ikkje data for. Informasjonen tyder på at ein del turgåarar vel å gå på bilveg enn elles i tursesongen, men samstundes er det andre vandrarar som bruker stiane i utmarka også under jaktperioden. Lokalisering og omfanget av vandrarane sin bruk av området under jakta treng å verte betre kartlagt. At grunneigarar held skogsbilvegar stengt for biltrafikk reduserer bruken av området, særleg av barnefamiliar.

3.5 Sykkeltaktiviteten

Vi skal her svare på korleis stisykling føregår, kva omfang den har på Kaupangerhalvøya og kven brukarane er.

Syklistane på Kaupangerhalvøya kjem frå fleire miljø og grupper: innbyggjarar på Kaupanger, innbyggjarar og studentar i Sogndal, innbyggjarar frå nabokommunane og syklistar frå andre kantar av landet og utlandet. Vi har ikkje data som viser fordelinga mellom desse brukarane.

Dei første til å ta i bruk Kaupangerhalvøya til stisykling var lokale innbyggjarar på 1990-talet. Ein uformell gruppe folk kom saman jamnleg og nytta både grusvegane og stiane i området. Omkring 2010/2011 tok KIL initiativ overfor grunneigarar for å merke sykkelstiar på Kaupanger. Ein avtale mellom KIL og grunneigarar vart inngått. Det vart planlagt tre merka rundturar i desse områda: Dalåker-Goro-Ospesete-Vangestad, ei lita runde i Amla og frå Storamyr til flyplassen og rundt

flyplassen og tilbake til Storamyri. KIL fekk midlar frå Gjensidigestiftinga for merking av sykkelrutane. Fleire av desse nyttar bilveg i stor grad. KIL arbeider i dag (2015) ikkje med tilrettelegging for sykling.

I sykkelmiljøet karakteriserer ein sykling ut frå val av sykkel (teknologi). I dag er ein heildempa sykkel (Enduro) mest i bruk på Kaupanger. Tidlegare, omkring 2010, vart det nytta tyngre syklar som ein i liten grad kunne sykle oppoverbakkar med. Det gjorde at ein brukte transport med bil opp og sykling ned. Ved hjelp av såkalla «shutting» (biltransport) kunne ein få mange turar på ein dag. Fleire av våre informantar frå sykkelmiljøet seier at denne type sykling har det vorte mindre av, men det er eit empirisk spørsmål som eit hovudprosjekt kan kartlegge.

I september 2012 vart det arrangert eit Sogndal Enduro ritt i regi av Fjell- og fjordmoro festivalen til Bratt Moro⁵. Rittet hadde 15 deltagarar og gjekk som ein rundtur ved Skogly, ungdomshuset på Kaupanger. Det første formelle Enduro-rittet var arrangert i 2013 frå Vardahei til Eide med ca 100 deltagarar⁶. Desse arrangementet var arrangert etter avtale med grunneigar, men etter 2013 har ikkje grunneigar gitt høve til å arrangere fleire sykkelritt i området. Både 2014 og 2015 vart eit liknande ritt arrangert i Luster (Molden)⁷.

Foreininga Sogn Terrengsykkel vart etablert 28. august 2013. Foreininga sine formelle organ er årsmøtet og styret, organisasjonen har ikkje medlemsregister. Foreininga har to føremål. For det første å fremje friluftsliv ved å forsvare allemannsretten. For det andre å bidra til enkel og skånsam tilrettelegging av sykkelstiar. I arbeidet har foreininga hatt fokus på berekraft og økologi og at tiltaka dei set i verk skal vere reversible. Dette har foreininga drive med ved Dalåker (Kraftgata) etter avtale med grunneigar. Foreininga informerer om Norsk organisasjon for terrengsykling (NOTS) sine stivettreglar for å stimulere til stisykling der ein tek omsyn til natur og menneske:

1. Vær omtent som og hyggelig i møte med turgåere
2. Du har alltid vikeplikt for fotgjengere
3. Begrens farten slik at du ikke er til fare eller ulempe for andre, særleg langs veier og stier som innbyr til høy hastighet, eller i uoversiktlige partier
4. Brems ned til gangfart i god tid før du passerer andre på en smal sti
5. Ikke lag nye spor. Dersom du ikke har ferdigheter til å forsere en hindring, gå av sykkelen
6. Unngå å sykle på spesielt sårbare stier like etter perioder med mye nedbør
7. Ikke lag stien bredere ved å sykle utenom vanndammer eller hindringer
8. Bær sykkelen gjennom myrområder slik at det ikke dannes dype spor
9. Ikke lås bakhjulet i bratte nedoverbakker
10. Dersom to syklister møtes i en bakke, har den som sykler oppover forkjørsrett.

Deltakarar i Sogn Terrengsykkel har teke initiativ til utvikling av eit digitalt kart over sykkelstiar på Kaupanger. Dette er tilgjengeleg på: <http://sykkelforer.rocketfarm.no/test.html#/turer> I følgje vår informant vart det digitale sykkelkartet utvikla fordi ein i Sogn Terrengsykling forsto at

⁵ Sjå omtale: <http://www.sykling.no/nyheter/arkivnyheterfrautfor/Sider/Enduroritt%20i%20Sogndal.aspx> og <https://www.facebook.com/events/406730876055916/>

⁶ Sjå : <https://sogndalenduro.wordpress.com/>

⁷ <http://fjellogfjordmoro.no/80twenty-sogndal-enduro-2/>

grunneigarane ikkje ville ha merking av stiar. I samband med utforming av kartet hadde initiativtakarane kontakt med grunneigar for å få merka av det viktigaste jaktområda.

Området har fått status som mellom dei beste i Norge for stisykling⁸. Kaupangerhalvøya er attraktivt for stisykling fordi området inneheld mange og varierte sykkelopplevelingar innafor eit avgrensa område. Stiane har ulik vanskelegheitsgrad og kvaliteten på skogbotnen er god for sykling med relativt lite vatn. I tillegg har Sogndal gode naturgjevne tilhøve for frikøyring på ski. Dei gode sykkel- og skimoglegheitene i Sogndal har fått kommunen til å prioritere naturbasert aktivitet som eit satsingsområde i kommuneplanen.

Våre informantar viser til at syklinga er konsentrert til nokre plassar på den austre delen av Kaupangerhalvøya: Storamyri til Eidet, Kraftgata og Dalåker, men også Kaupangerholten og Amla ved speidarhytta er brukt. Kraftgata er ei gate i skogen rydda for skog etter nedlegging av røyr for kraftproduksjon. Grunneigaren for området har gitt Sogn terrengsykkel løyve til å bygge sykkelsti i dette området. Sykkelmiljøet har lagt ned mange dugnadstimer i tilrettelegging her, og anlegget vart uoffisielt opna 15. mai kombinert med sesongopning for sykling og demonstrasjon av syklar frå Intersport. Den same grunneigaren har også informert sykkelmiljøet om at også sykling i området Storamyri til Eidet ikkje vil vere til hinder for jakta.

Mange av dei som syklar kører også på ski om vinteren. Vi har ikkje data som viser omfanget av sykkelaktiviteten på Kaupanger. Våre informantar antyder at det er ca. 200 terrengsyklistar i Sogn og at omlag halvparten av desse er hyppige brukarar.

Det vert sykla frå snøen forsvinn til snøen kjem på hausten, men hovudsesongen er på hausten, i følgje ein informant. Grunnen er at på hausten er det tørt på Kaupanger og studentar kjem tilbake og vil nyte dei gode sykkelmoglegheitene som Kaupanger har.

I følgje friluftslova er sykkel likestilt med bruk av hest i utmark. Det er høve til å sykle på etablert sti i utmark under tregrensa. Det er ikkje avklard om hjortetråkk er å rekne som etablert sti eller ikkje. Våre informantar frå sykkelmiljøet seier at det vert sykla på hjortetråkk. Under kapitlet utvikling av tiltak kjem vi nærmare inn på kva for sykling som er lovleg i utmark ifht. Friluftslova.

I november 2013 vedtok Sogndal kommunestyret i sin arealplan til kommuneplanen å opprette omsynssoner friluftsliv der ikkje er:

«(...) tillate med tiltak eller fysiske inngrep som kan medføre øydelegging eller nedbygging, eller som på annan måte kan redusere bruksverdien av områda vesentleg i høve aktiviteten det er lagt til rette for».

Det vart oppretta omsynssoner for stisykling i område særskilt gode for stisykling, både ved kommunesenteret og på Kaupangerhalvøya. Sona er ei buffer på fem meter langs kvar sykkelsti. Stiane ligg på Stedjeåsen, Røvhaugane, Loftesnesfjellet, området Bjørkastølen – Eidsgrenada - Kvernhushaugen, Kaupangerholten, Dalåker, Hungerhaug, Svartahol og Amlaholten.

I vedtaket heiter det også at tilrettelegging med handmukt for aktiviteten er tillate etter avtale med grunneigar. Tiltak som krev bruk av tyngre maskiner er søknadspliktig.

⁸ Sjå omtale i magasinet Fri Flyt: <http://www.friflyt.no/Sykkel/Fem-smalstifavoritter>

Oppsummering

Innbyggjarar på Kaupanger har brukt halvøya til sykling i lengre tid, men denne bruken har hatt lite omfang. KIL har drive med tilrettelegging i form av merking av sykkeleruter inkludert sykling på grusveg frå år 2000. Området sine kvalitetar for stisykling vart «oppdaga» av folk utanfrå i samband med sykkellarangement i perioden 2011-2013. Etter den tid har grunneigarar ikkje gitt løyve til sykkellarangement. Området vert i dag brukt av både innbyggjarar og studentar frå Kaupanger og Sogndal, innbyggjarar frå nabokommunane og syklistar frå andre kantar av landet og utlandet. Dei mest bruke områda er Storamyri til Kaupanger og Eidet, Kraftgata, Dalåker, Kaupangerholten og Amla ved speidarhytta. I følgje friluftslova er sykkel tillate å nytte på etablert sti i utmark under tregrensa. Sogn Terrengsykkel vart stifta i 2013 og har som føremål å fremje allemannsretten og bidra til enkel tilrettelegging for stisykling. Sogn Terrengsykkel og studentlaget Lurkalaget organiserer stisyklistar, og det er utvikla eit digitalt kart over sykkelstiar på Kaupanger. Det er trong for meir detaljert kunnskap om omfanget av sykling, kva område som er mest brukt og til kva tider syklinga går føre seg, og kor syklistane kjem frå.

3.6 Sykling og anna aktivitet

Her skal vi sjå på korleis vandring og jakt påverkar vilkåra for sykling. Ingen av våre informantar viser til at vandring avgrensar moglegheitene for sykling. Difor vert ikkje vandring som påverknadsfaktor på sykling omtalt her. Det er korleis jakt påverkar sykling som er i fokus.

Som vist framfor har det føregått store strukturelle endringar i tettleiken av hjort på Kaupangerhalvøya. Generelt kan vi seie at utviding av jaktpersonen og høg tettleik aukar potensialet for at jakta avgrensar sykkelaktiviteten, på same måte som auka sykling (og vandring) aukar potensialet for konflikt.

Etter at avtalen mellom KIL om merking av tur- og sykkelstiar i 2011 var inngått oppstod det usemje om omfanget og korleis det vart merka. Grunneigar meinte at avtalen vart brote av KIL. Vår informant i KIL seier at:

(...) det vart for mykje merking – dei (grunneigarane) ville kunne fjerne merkinga. Eg fekk mykje kjeft av grunneigar. I avtalen stod det at merking skulle gjerast på bjørketre, men det fantast det jo ikkje så eg måtte merke på andre tre. Trur også merkinga vart tydlegare enn dei trudde.

Merkinga vart ikkje fullført pga motstanden frå grunneigar og i dag driv KIL med tilrettelegging for sykling.

Vi har ikkje data om at syklistar har opplevd ubehagelege situasjonar med jegerar ute i terrenget. Ein informant fortel at Sogn Terrengsykkel har prøvd å forholde seg konstruktivt til grunneigarane og dei som driv jakt. Som nemnd tidlegare fekk Sogn Terrengsykkel hausten 2014 informasjon frå det kommersielle jaktmiljøet om korleis jakta føregjekk og råd om kor og når dei kunne sykle for å vere til minst mogleg belastning for jakta. Syklistane tilpassa seg dette. Ein grunneigar sitt løyve for tilretteleggingstiltak i Kraftgata har skapt aktivitet i sykkelmiljøet, både i form av dugnad og bruk av dette sykkelområdet. På den andre sida vert sykling påverka negativt ved at skogsbilvegen til Goro er stengt. Ein informant frå sykkelmiljøet fortel at haldninga til stisykling frå

grunneigarar har ført til at syklistar nyttar andre område meir en tidlegare, så som i Sogndal, Fardal og Hafslø.

Som omtalt har det vore få direkte konfrontasjonar mellom syklist og jegerar ute i terrenget på Kaupangerhalvøya. Derimot har syklistar opplevd at plakatar hengt opp av grunneigar ute i terrenget for å få syklistar og vandrarár til å avstå for bruk av området som både ubehageleg og provoserande. Ein slik plakat vart hengt opp hausten 2014, sjå figur 1 under.



Figur 4: Plakat hengt opp av grunneigar hausten 2014.

Ein av vår informantar uttaler at plakaten var «nedslåande». Informanten viser til at ordrett er dette ein tydeleg bodskap og dermed ikkje i tråd med Friluftslova, men dersom ein les det som *bør* el *kan* så er plakaten mindre problematisk. Å henge opp ein slik plakat er etter vår vurdering konfliktskapande fordi plakaten ikkje er i samsvar med Friluftslova. Den ber syklistar om å avstå frå bruk av området med unnatak av to stiar/avgrensa område. Plakaten hang ute også når jakt ikkje gjekk føre seg. Denne plakaten står i kontrast til informasjonen vist i figur 1 frå jaktguidane. Det ser difor ut for at jaktguidane og grunneigar hadde ulike strategiar for kommunikasjon med sykkelmiljøet hausten 2014. Ein jaktguide påpeiker dette når han svarer på kva tiltak som er aktuelle framover:

Dette er avhengig av at vi kjem fram til ein semje med grunneigarane. I fjor (2014) hadde vi, jaktguidane og grunneigarane, litt ulik vinkling på informasjonen. Våre skilt vart ikkje godtekne av grunneigar som

sette opp eigne skilt og tekst. Det er ikkje vanskeleg å forstå at det ikkje er mogleg å avstå for bruk av området frå 1. sept til Jul.

Plakaten vart ikkje hengt opp i 2015, og vårt inntrykk er at det sannsynlegvis ikkje kjem til å skje igjen.

Oppsummering

Ingen av våre informantar viser til at vandring avgrensar moglegeheitene for sykling. Det er jaktaktiviteten som vert opplevd som utfordrande for stisyklistane, men vi har ikkje data som syner direkte konfrontasjonar ute i terrenget. Både syklistar og jegerar tilpassar seg for å unngå konflikt. Sogn Terrengsykkel fekk hausten 2014 informasjon frå det kommersielle jaktmiljøet om korleis jakta føregjekk og råd om kor og når dei kunne sykle for å vere til minst mogleg belastning for jakta. Då vart det lettare for syklistane å ta hensyn til jakta. Dialogen mellom sykkelmiljøet og jaktguidane i 2014 vert omtalt som nytig og konstruktivt av begge partar. Ein grunneigar sitt løyve for tilretteleggingstiltak i Kraftgata er tatt positivt imot i sykkelmiljøet, og har skapt aktivitet både i form av dugnad og bruk av dette sykkelområdet. På den andre sida påverkar stenging av skogsbilvegen til Guro vilkåra for sykling negativt. Grunneigarar sin generelt negative haldning til stisykling gjer at syklistar nyttar andre område meir en tidlegare. Plakatar hengt opp ute i terrenget hausten 2014 for å vise syklistar og vandrarar bort frå området var etter vår vurdering konfliktskapande og ikkje i samsvar med Friluftslivslova. Det viste også at grunneigar og jaktgidar ikkje hadde same strategi for kommunikasjon med andre brukarar av utmarka.

3.7 Beiting

Kaupangerhalvøya er nytta som beite i sommarhalvåret til både små- og storfe. I 2014 var det om lag 1300 sau og lam, 210 storfe og ein del hestar på utmarksbeite på Kaupangerhalvøya⁹.

3.8 Beiting vs anna aktivitet

Ein informant er redd for at mykje stisykling kan føre til at lam og mordyr verte skilt frå kvarandre på beite. Det vil vere uheldig om våren når lamma er avhengig av mordyra. Informanten seier det slik:

Det kjem ann på kor mykje syklistande bruker stiane til å sykle på. Ikke mykje bekymra, men eg vil ha ordna former. Når sauar går på stien løpar dei langs stien om det kjem nokon etter. Då kan lamma kome vekk om sauene springer fleire hundre meter. Trur ikkje det er noko stort problem, men ...

Informanten fokuserer på at dette kan verte eit problem dersom det kjem mange syklistar, men at det hittil ikkje har skapt problem. Vedkommande viser til at dette kan løysast dersom syklist stoppar opp litt på stien, då vil sauen/lammet lettare gå til sida.

Vår tolking av denne bekymringa er at det er mengda av ferdsel som kan verte eit problem. Det er usikkert om ein syklist vil ha anna verknad enn ein vandrar eller trimmar som joggar på stiane, men informanten fokuserer på syklistane.

⁹ Informasjon frå Sogndal kommune


3.9 Flora og fauna

Hittil har vi omtalt korleis ulik bruk som jakt, vandring og sykling påverkar kvarandre, men vi har ikkje omtalt i kva grad auka ferdsel påverkar det biologiske mangfaldet, både flora og fauna. I intervju kom det fram ei bekymring for at auka ferdsel kan forstyrre dyrelivet og gi slitasje på vegetasjonen. Dei som peikte på dette var særleg opptekne av at stisykling kunne gi slike effektar.

Litteraturen om stisykling viser at sykling ikkje gir større slitasje enn vandring på tørre stiar, men at under våte forhold kan sykling gi meir spor i terrenget. Ein slik effekt er observerbar på Kaupangerhalvøya. Vestlandsforskning har fått melding frå fleire som brukar området om at slitasjen på vegetasjonen er større enn for få år tilbake, og at på våte parti er slitasjen markert.

Både på Kaupanger og andre plasser i landet har ein i liten grad bygd stiar som skal tote mykje sykkelbruk. Det vert i stor grad sykla på stiar etablert for anna ferdsel (vandring, bufering etc.) og som går i fallretninga i terrenget og som difor samlar vatn og skapar erosjon. Med auka ferdsel skaper slitasjen endå meir utvasking og slitasje pga. vatnet. Med meir ekstremnedbør som følgje av klimaendringar vil dette forsterke seg. Roald Eidsheim, frå Rekkje stiutvikling, har etterlyst analysar av stiane si tåleevne og behovet for tilretteleggingstiltak¹⁰. I dei utvikla stisykkeldestinasjonane i Canada og på kontinentet er stiane laga slik at dei i stor grad følgjer høgdekotene i terrenget slik at vatnet renn tvers over stien og ikkje langs eller i stiane.

Når det gjeld dyreliv viser vår litteraturstudie at ferdsel på etablerte stiar gir mindre forstyrring enn ferdsel utanfor stiar fordi dyra tilpassar seg ferdsla på stiane. Det er sannsynleg at fart og lite støy frå sykling kan bidra til å forstyrre dyrelivet meir enn andre aktivitetar fordi syklisten kan kome



Figur 5: Ny sykkelsti ved hønsehaukreir. Kjelde: Fylkesmannen

brått på dyr. Syklistar kan bevege seg over eit større område enn ein vandrar og dermed potensielt forstyrre dyrelivet meir i løpet av ein dag, men dette er igjen avhengig av terrenget, om det gir dyra høve til å flykte unna.

I andre tilfelle vil ikkje sakte fart eller bruk av stiane hindre forstyrring. Etablerer ein stiar i viktig habitat for faunaen, så som bildet viser, vil bruk av stien gjere skade. Bilde er ikkje frå Kaupanger, men viser eit hønsehaukreir som ville blitt forlatt om stien vart brukt i perioden med egg eller ungar i reiret. Plassering av stiar og kva for stiar ein brukar til kva tid er difor viktig å avklare i forhold til fauna. Ein av våre informantar etterlyste konsekvensutgreiing av stisykling ifht. naturmangfaldlova.

¹⁰ Fagdag om stisykling 24. august 2015 i Sogndal arranger av Bratt Moro

3.10 Samla oppsummering

Rekreasjonsaktivitet på Kaupangerhalvøya har vore jamt aukande i lang tid, først i form av større jaktaktivitet, så auka vandring, mens dei siste 3-5 åra ein kraftig auke av stisykling. Går vi 20 år tilbake var langt færre som dreiv med stisykling, tettleiken av hjort var vesentleg mindre og det var mindre vandring/trimming i utmarka. Med auke tettleik av hjort vert det også tildelt fleire hjorteløyve enn tidlegare. Jakttida er utvida slik at det no (2015) er jakt frå 1. september til 23. desember. For det andre har bruken av toppturtrimmen til Kaupanger Idrettslag dobla seg frå 2001 til 2012. Dei mest besøkte trimiturmåla er Hauståkernakken og Kaupangerholten, begge viktige jaktområde. I tillegg er Kaupangerhalvøya nytta som område for idretten orientering og speidargruppa på Kaupanger har også aktivitet i området. Det føregår også uorganisert aktivitet i området som sopp- og bærplukkarar og vandrarar som ikkje nyttar seg av turpostsystemet. For det tredje er Kaupanger sine kvaliteter som stisyklingsområde vorte meir og meir kjent etter år 2010. Det har ført til auka sykkelsykkelenaktivitet, både folk frå Sogndal, regionen og andre plassar i landet og utlandet¹¹.

Den samla auken i aktiviteten gjer at potensialet for konflikt om areala har auka. Grunneigarar og jegerar er bekymra for at auken i stisykling skal halde fram, og ønskjer ikkje at Sogndal kommune skal marknadsføre Kaupanger som eit stisykkelområde. Grunneigarar har sakna direkte kontakt med kommunen i samband med planlegging av oppretting av omsynsone for stisykling på Kaupangerhalvøya.

Vandring har i fleire år påverka jakt gjennom auka ferdsel. Det har ført til at nokre jaktområde har vorte mindre attraktive for jakt enn tidlegare, så som Kaupangerholten og Hauståkernakken. Dei siste åra har stisykling hatt den same effekten, t.d. når det gjeld Hungerhaug. Den direkte påverknaden skjer ved at auka ferdsel gjer det vanskeleg å drive jakt på same stad til same tid kor det føregår anna aktivitet. Jegerane tilpassar seg anna aktivitet ved å velje andre jaktområde, men Kaupangerhalvøya er avgrensa. Indirekte ved at hjorten trekk tidlegare bort frå områda om morgonen og kjem seinare att på kvelden.

Den kommersielle jakta er meir sårbar ifht. forstyrring frå anna ferdsel enn den private jakta fordi jaktguidane og deira gjestar har kort tid på å lukkast i jakta. Det er om lag 15 uønska situasjonar kvar haust (oktober) der jaktguidar må velje eit anna område for jakt enn opphavleg tenkt pga. av anna ferdsel. For den private jakta er utfordringane størst i november. I september føregår jakta i stor grad i høgareliggende område der det er mindre sykling. Ein kan ikkje ut frå Friluftslova krevja at andre brukarar avstår for bruk av eit område fordi det *kan* gå føre seg jakt der, men andre brukarar skal ta omsyn til grunneigar sin bruk. Kontakt og dialog mellom representantar for jaktguidane på Kaupanger og Sogn Terrengsykkel hausten 2014 hadde effekt ved at syklistane tilpassa seg ved å sykle på tidspunkt og plassar kor det var mindre jakt enn andre plassar.

¹¹ Ein tilfeldig dag i juni (19. juni) sykla forfattaren av denne rapporten saman med andre på Kaupanger, både nord (Dalåker) og sør (Storamyri-Eidet) for Riksveg 5. Vi traff og såg langt fleire stisyklistar den dagen enn vandrar. Det kan ha å gjere med at lokalbefolkinga nyttar området til vandring på ettermiddag og kveld etter jobb, mens tilreisande og studentar nyttar området meir på dagtid.

Vi finn ulike oppfatningar mellom våre informantar om stisykling svekker vandrar sin aktivitet og oppleving. Ei oppfatning er at vandrarar er redde for å verte påkjørt på stiane, mens andre informantar ikkje har opplevd eller høyrt frå andre at dette skal vere eit problem. Det er difor trond for å kartlegge forholdet mellom sykling og vandring nærare.

Høve til å bruke skogsbilvegar påverkar bruken av området. Særleg for barnefamiliar ville opne skogsbilvegar kunne auke bruken av området. Grunneigarar har også påverka vandring direkte ved å krevje at registreringsbøkene for toppturtrimmen skulle takast inn heile eller delar av jaktpersonen for å ikkje forstyrre jakta. Det har ført til mindre bruk av toppturtrimmen enn elles. Dessutan finn vi ei oppfatning om at færre går på tur på stiane i skog og fjellområdet i jaktpersonen enn elles fordi ein er usikre eller redde for jakta. Samstundes er det andre vandrarar som brukar stiane i utmarka også under jaktpersonen. Vandrarane sin bruk av området under jakta treng å verte nærare kartlagt.

Ingen av våre informantar viser til at vandring avgrensar moglegheitene for sykling. Det er jaktaaktiviteten som vert opplevd som utfordrande for stisyklistane, men vi har ikkje data som syner direkte konfrontasjonar ute i terrenget. Både syklistar og jegerar tilpassar seg for å unngå konflikt. Ein grunneigar sitt løkke for tilretteleggingstiltak i Kraftgata er teke positivt imot i sykkelmiljøet, og har skapt aktivitet både i form av dugnad og auka bruk av dette området. Plakatar hengt opp ute i terrenget hausten 2014 for å vise syklistar og vandrarar bort frå eit område var etter vår vurdering ikkje i samsvar med Friluftslivslova. Plakatane viste også at grunneigar og jaktguidar ikkje hadde same strategiar for kommunikasjon med andre brukarar av utmarka. Grunneigarar sine generelt negative haldning til stisykling gjer at syklistar nytta andre område i regionen meir en tidlegare.

Kaupangerhalvøya er nytta som beite i sommarhalvåret til både små- og storfe, men talet dyr på beite har gått nedover, som i andre delar av fylket, dei siste åra. Våre data tyder på at hittil har ikkje auka ferdsel av vandrarar og syklistar skapt problem for beitenæringa. Det er likevel ei bekymring for at auka ferdsel, særleg av syklistar, skal skape uro for dyra om våren ved beiteslepp.

Det er etterlyst ei konsekvensutgreiing av kommunen si satsing på friluftsliv, herunder stisykling, sin effekt ifht. naturmangfaldlova. Ei slik undersøking burde ta for seg moglege effektar av auka ferdsel for flora og fauna.

4 Utvikling av tiltak

Den opphavlege planen var at forprosjektet skulle avsluttast med ein plan for dialogprosessen.

Grunna stor interesse for prosjektet og behov for å setje i verk tiltak for sameksistens vart dialogprosessen forsert i tid. Dialogprosessen vart inkludert i forprosjektet og er difor også rapportert her.

Under omtaler vi føremål, samansetting, gjennomføring og resultat av dialogprosessen.

Prosessen føregjekk over tre månader (februar-april). Føremålet med prosessen var å skissere tiltak for å fremje sameksistens mellom jakt, vandring og stisykling på Kaupangerhalvøya.

4.1 Deltaking

I januar 2015 arrangerte Vestlandsforskning, i samarbeid med Sogn næring, informasjonsmøte om prosjektet for grunneigarane på Kaupanger og for Sogn Terrengsykkel. På begge møta orienterte Sogndal kommune om omsynssoner for stisykling i kommuneplanen, Norsk Hjortesenter heldt foredrag om forholdet mellom hjort og stisykling og Vestlandsforskning orienterte om forprosjektet og planen om å gjennomføre ein dialogprosess med brei deltaking. Vestlandsforskning inviterte grunneigarane til å delta.

Møtelyden drøfta representasjon i dialogprosessen. Dei ville ha med to representantar, ein grunneigar som representerte beitenæringa og ein som representerte hjorteinteressene, høvesvis Magne Selseng og Nils Joachim Knagenhjelm. I tillegg vart det foreslått å ha med ein jaktguide, Vidar Åsen. Prosjekteigarane hadde på førehand drøfta at det kunne vere aktuelt med to representantar, men på møtet vart tre representantar ikkje problematisert. Den foreslalte deltakinga vart difor konklusjonen.

På møte med Sogn terrengsykkel dagen etter inviterte også Vestlandsforskning laget til å delta i dialogprosessen. Nokre dagar etter utpeika laget nestleiar, Vegard Vereide, til å representerte i Sogn terrengsykling i dialogprosessen.

Kva for andre lag og organisasjoner som burde delta vart styrt av informasjon om kven som hadde aktivitet på Kaupangerhalvøya. Her nytta Vestlandsforskning ein tilsett i eigne rekke busett på Kaupanger for å identifisere aktuelle lag og organisasjoner i tillegg til informasjon frå prosjekteigarane, frå deltakarane sjølv og prosjektleiar sin kompetanse og kjennskap. På denne bakgrunn vart følgjande invitert, i tillegg til dei nemnde ovafor, med i dialogprosessen:

- Kaupanger idrettslag (KIL) ved leiar og tidlegare leiar i trimgruppa
- Orienteringsgruppa i Sogndal idrettslag (SIL)
- Lurkalaget (Studentidrettslaget)
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Visit Sognefjord

Resultatet av desse invitasjonane vart at frå KIL deltok tidlegare leiar av trimgruppa Gro Skjelle Fimreite. Fimreite var leiar for trimgruppa i KIL i ein årrekke frå år 2000. Ho la ned eit omfattande

arbeid med å vidareutvikle toppturtrimmen. For orienteringsgruppa i SIL deltok vekselvis Sverre Åsen og Torbjørn Stokke. Lurkalaget hadde ikkje høve til å delta. Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltok Tom Dybwad. Frå Visit Sognefjord deltok Eli Helga Grimsen (Kjørnes camping). I tillegg deltok frå prosjekteigarane Per-Odd Grevsnes (Sogn Nærings), Cornelis Erstad og Eva Huke (begge Sogndal kommune). I alt bestod dialoggruppa av 11 personar utanom tilsette ved Vestlandsforskning og prosessleiar Eli Grete Høyvik frå Interplan. Gruppa hadde dermed denne samansettингa:

- Kaupanger IL v/Gro Skjelle Fimreite
- Sogndal IL orientering v/ Sverre Åsen/Torbjørn Stokke
- Visit Sognefjord/Kjørnes camping v/Eli-Helga Grimsen
- Sogn Terrengsykkel v/Vegard Vereide
- Grunneigane (jakt) v/Nils Joachim Knagenhjelm
- Grunneigane (husdyr) v/Magne Selseng
- Jaktguidane v/Vidar Åsen
- Fylkesmannen v/Tom Dybwad
- Sogn Nærings v/Per-Odd Grevsnes
- Sogndal kommune v/Eva Huke (fagkonsulent landbruk) og Cornelis Erstad (kommuneplanleggar)

På planleggingsmøtet for dialogprosessen 4. februar orienterte Vestlandsforskning nærmere om prosjektet, m.a. om at dialoggruppa ikkje kunne fatte vedtak som kunne binde nokon, verken brukargrupper, bedrifter eller kommunen, men at gruppa kunne foreslå tiltak ut frå den kunnskapen den utvikla. Målet var å utforme friviljuge tiltak for sameksistens mellom ulik type bruk. Jo større oppslutning tiltaka fekk jo meir sannsynlig ville det vere at dei vart gjennomført. Om gruppa ikkje lukkast å kome fram til tiltak for sameksistens ville kommunen sitt tradisjonelle system ta over.

4.2 Gjennomføring av dialogprosessen

Dialogprosessen bestod av fire møte, tre dagmøte og eit kveldsmøte i perioden 2. mars til 20. april 2015:

- 2. mars – møtet hadde fokus på kor ein ikkje vil kome når det gjeld forholdet mellom dei ulike brukarane
- 9. mars – møtet hadde fokus på å definerte problemstillingar og moglege løysingar
- 25. mars – møtet gjekk djupare på løysingar ved at problemeigarane (grunneigar og stisyklist) fekk hjelp av dei gode hjelparane
- 20. april – vurdering av konkrete forslag til tiltak sett opp av Vestlandsforskning

4.2.1 Første møtet: dit vi ikkje vil

På dette møtet var hovudtema: kor vil vi unngå å kome når det gjeld forholdet mellom dei ulike brukarane på Kaupangerhalvøya. Problemstillinga var henta frå Ottar Brox si bok: «Dit vi ikke vil». Møtet vart organisert slik at alle deltararane skreiv ned sine forslag til undertema for dialogen.

Mellan alle tema prioriterte deltarane kva dei ville drøfte. Mellom alle tema føreslått stemte deltarane inn seks tema for drøfting på dette første møtet. Av desse seks tema fekk kvar deltar drøfta to tema med andre deltarar. Under gjengir vi summarisk konklusjonen frå gruppearbeidet under kvart tema.

Tema 1: Unngå beitedyr kontra syklistar

Gruppa summerte opp sine hovudpunkt til:

- Lett for at lam kjem bort frå morsau – korleis folk oppfører seg har betydning
- Turgårar og syklistar kan vere ein ressurs for bonden
- Bonden må bli betre til å gi informasjon

Tema 2: Unngå meir kontroll og reglar - Allemandsretten er god nok

Gruppa summerte opp sine hovudpunkt til:

- Bruke eksisterande og nye informasjonskanalar
- Planlegge aktivitet for å unngå konflikt
- Kanalisere aktivitet i tid og rom

Tema 3: Syklistar øydelegg utmarka og trivsel for andre brukarar

Gruppa summerte opp sine hovudpunkt til:

- At god informasjon og folkeskikk vil løyse/unngå problem
- Openheit og kommunikasjon er viktig
- Delaktige grunneigarar kan vere med å styre og legge premiss for utviklinga

Tema 4: Unngå syklist vs turgårar

Gruppa summerte opp sine hovudpunkt til:

- Merking av kva som er felles stiar og kva som er adskilte tur- og sykkelstiar
- Informasjon om kva løype eller stiar som syklistar og fotgjengarar kan nytte
- Regulere tilgang for nye syklistar, som ikkje er del av sykkelmiljøet i Sogndal, og som difor ikkje har same forholdet til terrenget eller kommunikasjon med grunneigarar.

Tema 5: Unngå å øydelegge og redusere naturen på Kaupanger.

Gruppa summerte opp sine hovudpunkt til:

- Bruke kunnskap – unngå bruk på sårbarare område/lokalitetar
- Styrt bruk og tilrettelegging (merking/skiling)
- Nattaktivitet – kva er det, kan det styrast?

Tema 6: Unngå hindringer for verdiskaping.

Gruppa summerte opp sine hovudpunkt til:

- Utvikle næringsgrunnlaget på gardsbruket utan at andre tek fortenesta
- Vi treng ny organiséringsform for å skape sykkelprodukt

Til slutt vart dei andre foreslårte tema prioritert for å følgje med til neste møte:

- Unngå at syklistar øydelegg utmarka og trivselen for andre brukarar
- Unngå konflikt mellom jakt og sykkelinteresser
- Unngå konflikt i høve merking av turstiar

4.2.2 Andre møtet: problemet og moglege løysingar

Dette møtet var delt i to. Del ein hadde fokus på allemannsretten i Friluftslova, mens del to var organisert med dialog mellom deltakarane.

Allemannsretten

Høgskulektor Lisbeth Dahle heldt foredrag. Foredraget klargjorde at allemannsretten også er ei plikt til å ta omsyn til andre brukarar, grunneigar sine interesser og til dyreliv, flora og terrenget. Under gjengir vi hovudinhaldet i Dahle sitt foredrag.

Ein kan sykle på veg og sti i utmark, heile året under tregrensa. På fjellet kan du sykle over alt. Vilkåret er at det skjer omsynsfult og med tilbørleg varsemd. Frå 2012 vart retten utvida til også å omfatte ferdsel på veg eller opparbeidd sti som fører til utmark, viss ferdsel skjer utanom gardsplass og hustomt, og utan å vere til fortrengsel eller ulempe for eigar eller brukar. Grunneigaren har rett til å seie nei ut frå skade eller fortrengsel av anna aktivitet. Kva som er sti er ikkje definert i lova, men allemannsretten sin ferdelsrett omfattar ikkje rett til å anlegge ny veg eller sti. Det er sannsynlegvis heller ikkje mogleg å omdefinere/endre eit dyretråkk til sti. Ein kan ikkje ta med seg sykkelen og lage ein ny sti i skogen. Du skal ferdast der du ikkje lagar nemneverdig skade, og det er på ein etablert sti. Vidare kom det fram at:

- Det er den sterke part som har krav om å stoppe. I høve sykkel- vandrarrelasjonen er det syklisten som har størst krav på seg til å ta omsyn
- Dersom det kjem 500 syklistar til Kaupangerhalvøya vil det medføre anna type ulempe for andre brukarar enn om det kjem eit fåtal. Aktsomheitsplikta gjeld kvar einskild utøvar. Ved store arrangement kan grunneigar og kommunen regulere ferdsel
- Det er eit vanskeleg spørsmål om dei som driv næring har fortrinn framfor andre. Der og då i situasjonen står ikkje grunneigar over allemannsretten. Men det står at du ikkje skal vere til skade. Du har ei form for vikeplikt. Ein annan ting er at grunneigar kan gjere om areal til innmark eller næring. Då vil allemannsretten stå svakt.
- Om du vert stoppa av ein jeger som ønskjer at du tek ein annan veg fordi jakt føregår i området så vil du unngå konflikt om du vel ein annan veg, men ei generell henvisning om å bruke anna området for ein lengre periode er ikkje i samsvar med allemannsretten.
- Når det gjeld fart på stisykling må ein vere i stand til å stoppe når ein møter hindring. I følgje vegtrafikklova skal du stoppe på 1/3 av hindringa framfor deg.
- Jakt er ikkje regulert av friluftslova. Jakt kan ikkje gjere krav på allemannsretten.
- Ein kan drive næringsverksemd på annan manns grunn. Dersom det går utover grunneigar, kjem kravet om aktsam ferdsel inn. Viss din aktivitet går utover grunneigar, må du ofte i rettsal for å trekke opp grensene for utøving av næring og bruk.
- Kommunen kan gje eksklusiv rett og prioritere ei gruppe mot ein annan. Men lagar du ei forskrift, må den på offentleg høyring.
- Målet her må vere å unngå å kome i ein situasjon der både jakt og sykkel får øydelagt sin aktivitet. Difor treng vi innsyn i begge sider for å unngå dette.

Heilskapleg medverknadsmetode

Eli Grete Høyvik innleia om heilskapleg medverknadsmetode. Metoden bygger på Indonesisk og Nordamerikanske indianarstammer sin måte å løyse konfliktar på. Det dreier seg om å prøve å endre perspektiv og sjå korleis ting ser ut frå andre sin ståstad (å gå i andre sine mokasinlar).

Deltakarane valde mellom dei seks tema som vart drøfta på første dialogmøte i tillegg til dei tre tema som vart overført til dette møtet. Av desse 9 tema vart 3 tema valt mellom deltakarane for denne dagen:

- Unngå at syklistar øydelegg utmarka og trivselen for andre brukarar
- Unngå konflikt mellom jakt og sykkeleresser
- Unngå konflikt i høve merking av turstiar

Deltakarane valte så ein av tre roller som dei skulle ha resten av dagen. Det gav tre grupper som rullerte mellom dei tre tema ovafor. Dei tre gruppene var:

- 1) Grunneigar/beitedyr/anna næring
- 2) Syklist, spenning, Sogndal som ute-hovudstad
- 3) Turgårar, vandring, hausting av sopp og bær.

Gruppene skulle svare på tre spørsmål:

- Korleis kan ein aktivitet føre til problem?
- Idear til løysing av problema?
- Korleis kan løysingsforsлага utviklast vidare?

Tema: Unngå at syklistar øydelegg utmarka og trivselen for andre brukarar.

Syklistgruppa definerte dei største problema til:

- Brot på stivettreglane
- Geriljakultur for etablering av nye stiar

Vandregruppa sine prioriterte idear til løysing var:

- Stivettreglane må bli kjende for alle, også andre enn syklistane
- Overordna plan for sykkelstiar

I plenum vart det ein dialog om fartsgrense for syklistar. Fartsgrense kan vere anbefalt. Ein deltarar viste til at i Canada er det utvikla «multiple purpose trails» der alle tok omsyn til alle. Ein hadde sykkelsti der vandrarar kunne gå, men dei fekk informasjon om at stien også vart brukt av syklistar. Ein regulerte også kven som skulle få bruke stien dei ulike dagane i veka.

Grunneigargruppa vidareutviklar ideane til:

- Det er utpeika to område for sykling på kartet: Kraftgata og Storemyri til Eidet
- Det er trong for å identifisere bruk i tid og stad

I plenum vart det drøfting om det er meir problematisk med sykling enn vandring for jakta. Svaret frå jegerhald var at problemet er mengda, ikkje om det er ein syklist eller vandrar, så lenge syklistane held seg på stiane. Dialogen avdekkja elles behov for å finne ut i kva grad det vert sykla utanom sti. Friluftslova er klår på at sykling skal skje på etablert sti, og at dyretråkk ikkje er etablert sti. Stivettreglane skal sikre at syklistane tek omsyn til andre på stien.

Tema: Unngå konflikt mellom jakt og sykkelerinteresser

Grunneigargruppa definerte dei største problema til å vere eskalering av sykkelaktivitet i tid (til alle døgnets tider), stad (overalt), og mengde (stadig fleire) som ville øydelegge for jakt og beite.

Syklistgruppa sine prioriterte idear til løysing var:

- Digital infotavle og eller mobilapp som kan vise sykkelområdet og kvar jakt pågår
- Meir kunnskap om kor og når hjortekalvinga skjer
- Avklaring av forholdet mellom ulik bruk i september-oktober er viktigast

I plenumsdialogen vart det fokus på kva tidsperiode som er mest sårbar. I mai og starten av juni er det både hjortekalving og beiteslepp. Dette er ein sårbar periode, mens resten av juni og juli-august er lite problematisk. For sykkel er mai ein sentral del av sesongen. Det vart også ein dialog om kva som er aktsam ferdsel. Her kan ein ta utgangspunkt i NOTS stivettreglar. Sidan det kjem folk frå andre plasser i landet og NOTS er nasjonal vil desse reglane vere aktuelle.

Vandregruppa vidareutvikla forslag til løysing slik:

- Peike ut tur/sykkelstiar som er trygge (utan jakt) i jaktperioden
- Sårbare naturområde skal ikkje ha aktivitet i sårbare periodar

I plenum vart det vist til at for mange på Kaupanger er hausten ei vanskeleg tid å gå på tur. Mange er redd for jakta. Ein veit ikkje kvar og kor tid det blir jakta. Det hadde vore greitt å vite at her kan eg gå på tur. Det er jo 2000 innbyggjarar og mange går tur, men hausten er ei tid folk er redde. Dei 3 siste åra har jaktguidane/grunneigarane hengt opp plakatar for å informere om kor det vert jakta.

Tema: Unngå konflikt i høve merking av turstiar

Vandregruppa definerte dei største problema til:

Mangel av ein heilsakapleg plan for skilting og merking av turstiar i samarbeid med grunneigar.

Grunneigargruppa sine viktigaste idear til løysing:

- Overordna skiltplan som inkluderer alle brukarar (behov for kartlegging av bruk og brukarane)
- Sårbarheitsanalyse frå Fylkesmannen si miljøvernnavdeling

I plenum var det ein dialog om utarbeiding av ein slik plan, og at den får større tyngde om kommunen er med. Eit synspunkt var at merking og informasjon vil auke trafikken. Eit anna syn var at marknadsføring av ein slik plan kan bidra til å styre bruken.

Syklistgruppa vidareutvikla ideane for løysing til:

- På kort sikt: informere brukarar i år (2015) om dei ulike interessene/brukargruppene
- På lang sikt: utarbeide ein overordna plan/skiltplan som involverer alle brukarar og kommunen

I plenum vart representasjon drøfta, om ein som grunneigar kunne representere andre grunneigarar. Det er ikkje utan vidare lett, men det vart også vist til val av representantar på møte i januar kor alle grunneigarar på Kaupanger var invitert.

4.2.3 Tredje møte: dei gode hjelparane

Det tredje dialogmøtet starta med tre innleiningar. Den første innleiinga var om stivettreglane for stisykling, den andre om omsynssoner i kommuneplanen og til slutt orientering om den kommersielle jakta.

NOTS stivettreglar

Vegard Vereide frå Sogn Terrengsykkel (ST) orienterte om Norsk Organisasjon for Terrengsykling (NOTS) sine stivettreglar. Ved etablering av Sogn Terrengsykkel valde ein å knyte seg til NOTS fordi ein ville ha eit friluftslivsfokus på aktiviteten. Reglane til NOTS dreier seg om å ikkje ta seg til rette i naturen, men både ta omsyn til andre som er ute og til naturen. Reglane finn ein på:

<http://www.nots.no/stivettreglene/>

I spørsmålsrunden etter innlegget kom det fram at:

- NOTS har ikkje vurdert å ta med omsynet til jakt i reglane. Naturleg at det kan vere eit tillegg for Sogn Terrengsykkel
- På spørsmål om det som skjer i Oslomarka angåande sykling kan læra oss noko svarte Vegard at der er det ein konflikt mellom syklistar og vandrarar i veg(sti) krysningspunkt i helgar med mykje utfart. I Østmarka er det ei problemstilling med slitasje frå sykkelritt
- Sogndal Rekkje Raiders er ei open gruppe på sosiale media. Dei har ingen redaksjon, men deira side viser meir aktivitet enn sida til Sogn terrengsykkel (ST) fordi ST ikkje legg opp til å organisere aktivitet. Det er det opp til folk sjølv å gjere.

Omsynssoner i kommuneplanen.

Markus Mohn Werner, kommuneplanleggar i Sogndal, orienterte om kommuneplanen. Han var ansvarleg for dette tema i arbeidet med kommuneplanen i si tid.

Samfunnsdelen av kommuneplanen i Sogndal kommune vektlegg urbanisering og nyskapande friluftsliv. I samfunnsdelen side 18 heiter det m.a. at:

«Det er viktig at vi synleggjer det friluftstilbodet vi har i kommunen, både for tradisjonelt friluftsliv og utvikle potensialet som ligg for nye former av friluftsliv».

I retningslinene for omsynssoner heiter (det side 27) i arealplanen at:

«Innanfor omsynssoner friluftsliv, er det ikkje tillate med tiltak eller fysiske inngrep som kan medføre øydelegging eller nedbygging, eller som på annan måte kan redusere bruksverdien av områda vesentleg i høve aktiviteten det er lagt til rette for.»

For stisykling merka administrasjonen dei mest brukte stiane med ei sone på 5 meter med tilhøyrande retningsliner. Retningslinene er ikkje juridisk bindande. Om stisykling side 27 i arealplanen heiter det at:

«Omsynssone for stiar som er særskilt gode for stisykling. Tilrettelegging med handmakt for aktiviteten er tillaten etter avtale med grunneigar. Tiltak som krev bruk av tyngre maskinar er søknadspliktig. Sona er ei buffer på fem meter langs kvar sykkelsti. Stiane ligg på Stedjeåsen, Røvhaugane, Loftesnesfjellet, området Bjørkastølen – Eidsgrenda - Kvernhushaugen, Kaupangerholten, Dalåker, Hungerhaug, Svartahol og Amlaholten.»

I følgje Werner er målet med vedtaket å vise at det er aktivitet og god kvalitet for sykling i desse områda dersom det kjem forslag om tiltak for anna aktivitet.

I spørsmål- og kommentarrunden etter innleiinga kom det fram at:

- Grunneigarar har hatt høve til å uttale seg om omsynssoner både i høyringa og på ope møter i kommuneplanarbeidet der dette er lagt fram, men det har ikkje vore eigne møte om stisykling i kommuneplanprosessen.
- Deltakar viste til at folk har tatt seg til rette på Kaupangerholten ved å rydde stiar. Kommunen har poengert at det må gjerast avtale med grunneigar for tilretteleggingstiltak.
- Deltakar sakna merksemd frå kommunen sin side om at ein skal vere føre-var når det gjeld omsynet til natur og dyreliv. Kommunen har vurdert omsynet til biologisk mangfold i arbeidet omsynssonar. Det ligg i friluftslova at ein skal oppstre hensynsfullt
- Omsynssoner er oppretta for å vise bruk og å opne for tilrettelegging for stisykling. Det er ikkje plan om skilting for dette. Sonene er laga for forvaltninga.
- Kommunen har ikkje vurdert definisjon av sti i kommuneplanarbeidet. Dyretråkk er ikkje tematisert.

Kommersiell jakt

Jaktguide Vidar Åsen orienterte om den kommersielle jakta i oktober organisert av bedriften Haukås AS. Jakta føregår ved at kvar jeger har med seg ein jaktguide. I alt 10-15 jaktguidar er i aksjon i oktober. Gjestene kjem midt på dagen og får si første jakt på ettermiddag/kveld etter å ha vore på skytebana. Så jaktar dei to påfølgjande to morgonar og ein ettermiddag. Vidar viste film om korleis kalling på hjort går føre seg.

I spørsmål- og kommentarrunden etter innleiing kom det fram at:

- Den kommersielle jakta har berre bukkeløyve. Skyt gjesten ein bukk får vedkommande berre skyte anna dyr seinare i opphaldet. Vidar viste til at jaktforma er kontroversiell i fleire miljø,

- fordi dei trur vi skyt for mange store bukkar. Han viste til at jaktguidane må tenkje forvaltning fordi bedrifta har 95 % gjenkjøp
- Grunneigarar fora hjorten om vinteren, særleg når det er snø. Mange er ueinig i det. Det gjer at nokre fleire bukkar og kalvar overlever
 - Merkeprosjektet viser at det ikkje er skilnad på storleiken på dyra på Kaupanger og andre område. At dyra kjem tidlegare og tidlegare i brunst er ein indikasjon på at det er nok store bukkar
 - Før vart den kommersielle jakta forstyrra av turgårar, no er det også syklistar, t.d. på Kaupangerholten, i Amla og på Hungerhaug. Kontakten mot Sogn terrengsykkel om koordinering av tidspunkt for jakt og sykling såg ut til å virke hausten 2014. Det var ikkje verre i haust enn tidlegare.

Rolleespel

Som ein overgang til neste del spelte arrangørane (Interplan v/Høyvik og Vestlandsforskning v/Brendehaug) to situasjonar for å få fram ein debatt. Dei to situasjonane var møte mellom syklist og vandrar og mellom syklist og jeger der hensikten ved å vise ein konfliktsituasjon var å få fram ein debatt.

Fleire av deltakarane kjente seg ikkje att i rollespelet fordi spelet var for karikert. Fleire tok til orde for at spelet viste ikkje møte mellom brukarane slik det faktisk skjer. På den andre sida fekk spelet i gang ein debatt om forholdet mellom jakt og stisykling med m.a. desse momenta:

- I møte mellom jeger og syklist hjelper diplomati. Ein må forklare at menneske tømmer området for hjort med lukt og lyd. Jegerane trekk seg bort heile tida for å unngå å få jakta øydelagt når vi oppdagar at det er andre folk i området
- Kan vi ta i bruk teknologi for å kanalisere trafikk?
- Kan vi skape fleire gode for fleire? Kan vi få Hungerhaug fram som jaktplass?
- Det finst folk som ikkje bryr seg om jegerane. Vi bør få ut informasjon om kva område det er mindre jakt i
- Jakt føregår over alt. Utopisk å få god nok informasjon om kor det vert jakta til ein kvar tid
- Den intensive jakta er på morgon og på kvelden. Liten aktivitet midt på dagen
- Det vil vere gunstig for begge partar å få til ei samordning

Kreativ problemløysing

Eli Grete Høyvik introduserte metoden kreativ problemløysing. Den går ut på at ein deltakar eig eit problem, mens dei andre skal hjelpe han/ho i å løyse det. Først skal hjelparane kome med fleire presiseringar av kva problemet er for sidan kome med forslag til løysing etter at problemeigar har valt ein av fleire problemstillingar.

Grunneigar som problemeigar

Med utgangspunkt i allemannsretten kan ein sykle på etablert sti i utmark dersom ein viser aktsemrd. Korleis kan ein unngå at syklistar (og vandrarar) skaper problem for jakta i oktober? Denne problemstillinga vart presistert på tre ulike vis med påfølgjande forslag til løysing frå hjelparane:

Reformulering 1: Kva kan grunneigar gjere for å unngå rekruttering til sykkelmiljøet?

Forslag:

- Utfordre politikarane til å styre sykkelaktiviteten til andre område
- Bruke dei politiske kanalane som finst
- Skaffe alliansepartnarar i politikk/administrativt miljø
- Bruke Naturmangfaldslova
- Hindra at Sogndal vert marknadsført som ein sykkeldestinasjon

Reformulering 2: Kva kan grunneigar gjere for å unngå konflikt mellom jakt og syklistar/friluftsliv?

Forslag:

- Ta i bruk ny teknologi
- Påverke politikken i Sogndal
- Kommunisere på ein måte som folk har sympati for og vil ta omsyn til
- Kommunisere på ein måte som bygda forstår
- Kome med forslag om tid og stad for sykling

Reformulering 3: Kva kan grunneigar gjere for å kome med forslag om tid og stad for sykling?

Forslag:

- Utvikle Sogndal-køyreregler for stisykling for å styre åtferd
- Akseptere fleire (merka) løyper til spesifiserte tider
- Storskjerm på Vesterland med kart for å kanalisere sykling til spesielle stiar/område
- Bli venn med syklistane og ha fokus på dialog
- Utvikle system for styring av trafikken når det gjeld:
 - o Tid: månad, veke og timer på dagen
 - o Rom: område og stiar
 - o Fartsgrense?

Terrengsyklist som problemeigar

Den generelle problemstillinga var formulert til: Korleis kan vi sikre at både lokale og gjestande syklistar held seg på etablert sti (ikkje hjortetråkk) og følgjer stivettreglane?

Reformulering av problemstilling: Kva kan Vegard gjere for å betre forholdet til grunneigarane?

Her er forslaga frå hjelparane:

- Respondere/reagere på subkultur i sykkelmiljøet
- Fokus på at ein overheld stivettreglane
- Løpende dialog med grunneigarane
- Møte med grunneigarane
- Identifisere dei viktigaste jaktområda
 - o Kanalisere sykling på Hungerhaug til den nedste delen
- Identifisere dei viktigaste sykkelområda
 - o Lita ferdsel (vandring) i områda Ospesete, Øydestølen, Kyndestjørni og Hesteggi

- Mogleg rundtur Bjørkastøl-Hatleggi
- Kommersielle moglegeheter for grunneigarane i sykling i perioden Juni-august

På slutten av møtet vart det reist spørsmål om kva som var planane for prosjektet vidare.

4.2.4 Fjerde møte: konkretisering av tiltak

Møtet starta med to innleiingar. Den første med orientering om prosjektet frå Vestlandsforskning. Den andre om natursårbarheit på Kaupangerhalvøya.

Eivind Brendehaug frå Vestlandsforskning orienterte om korleis dialogprosessen inngår i FOU-prosjektet som heilskap. Planen er at tiltak utvikla i dialogprosessen skal prøvast ut og effekten skal studerast i 2015 for deretter å evaluere og revidere tiltaka neste vinter¹². Det vart også orientert om finansieringskjelder for prosjektet.

På spørsmål frå deltagarane om kor vidt det var rett å søkje midlar frå viltfondet svara Brendehaug at prosjektet har å gjere med:

- Informasjon om hjorten sitt levesett slik at brukarar kan ta omsyn til dyra
- Kunnskap om korleis stisykling påverkar hjorten si åtferd
- Bidra til redusert stress for hjorten ved å utvikle eit system for å kanalisere/sonere dei ulike aktivitetane

Etter at tiltak er prøvd ut, evaluert og evt. revidert, kan dei implementerast. Kven som har ansvaret for implementering er då avhengig av kva type tiltak dette dreier seg om. Om tiltaket har med kommuneplanen å gjere er det kommunen sin oppgåve, dersom tiltaket er avhengig av handling frå grunneigar er ein avhengig av implementering hos grunneigar.

Natursårbarheit

Tom Dybwad ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane orienterte om naturtypane (vegetasjon) og sårbare artar på Kaupangerhalvøya. Fimreitehalvøya har nokre viktige naturtypar med fleire sjeldne artar. Barskogområdet ved flyplassvegen er viktig. På austsida av halvøya finst det nokre mindre og bratte område i Luster ålmenning (ned mot Lustrafjorden) som er verdifulle, men der er det ikkje sykling. Dybwad illustrerte behovet for analyser med to eksempel:

- Folkestien frå Åberge til Røvhaugane i Sogndal. Her er det naturbeitemark av regional verdi. Det er grunn til bekymring pga. slitasje, men det er ikkje berre pga. sykling.
- Flyplass-stien går gjennom urskog med raudlisteartar, både sopp og hønsehauk mm.

Dybwan sin konklusjon var at det totalt sett ikkje er mange konfliktområde med sårbare artar og naturtypar, men at det kan vere einskilde problem ifht. omsynssonene og stiane på stisykkelkartet (<http://sykkelforer.rocketfarm.no/test.html#/turer>). Fylkesmannen har data om artar og naturtypar for Kaupangerhalvøya som ikkje er gjort tilgjengeleg www.naturdata.no. Kommunen kan få tilgang til dette ved å kontakte Fylkesmannen.

12 I ettertid er det klårt at Vestlandsforskning ikkje fekk fiannsiering til eit hovudprosjekt frå 2015. Iverksetting og testing av tiltak er difor utsett.

I spørsmål- og kommentarrunden etterpå kom det fram at eit behov for å sjå nærmare på sykkelkartet¹³ ikkje berre ifht. naturtypar/artar, men også om sykling skjer på etablert sti. Eit spørsmål gjekk på om det ikkje går føre hogst i område med verdifulle artar og naturtypar sidan det ikkje vart nemnd den type aktivitet som påverknadsfaktor. Til dette vart det svart at hogst også er problematisk i desse områda, men at dette skal vere inkludert i forvaltningsplanane for eigedomane.

Prosess for vurdering av forslag til tiltak

Prosessleiar Eli Grete Høyvik innleia med å summere opp dei tre føregåande samlingane: den første samlinga kasta lys over no-situasjonen, den andre definerte problemstillingar, mens den tredje fekk fram forslag til løysingar og idéar til tiltak. På det siste møtet var oppgåva å vurdere forslag til tiltak både kvalitatitt og kvantitatitt. Forslag var utarbeidd og presentert av Vestlandsforsking. Forsлага var basert på det som hadde kome fram i dialogprosessen og i intervju med fleire av deltarane.

Føresetnadar for forslaga:

- Målet er å utvikle eit system som gjer sameksistens lettare
- Tiltak må vere basert på friviljug tilslutning
- Uttesting av tiltak er viktig for å få erfaring
- Evaluering, revidering og supplering neste vinter
- Lovverket, både Friluftslova og Viltlova legg rammar, men treng vidare konkretisering
- Kommunestyret sine vedtak gjer føringar

Vestlandsforsking la fram forslag til tiltak innan fem tema når det gjaldt:

- Omsynet til husdyr på beite
- Omsyn til hjorteviltet
- Styring av tilstrøyminga av stisyklistar til Kaupangerhalvøya
- Regulering av forholdet jakt og vandring/trim (nærturområdet)
- Korleis stisykling kan verte meir berekraftig

For kvart tema var det tatt utgangspunkt i ein av fire interessefokus: jakt, beite, sykkel eller vandring. Den aktuelle interessa var formulert som eit spørsmål eller påstand. Til påstanden var det gitt ein respons, og til slutt eit forslag/ide til tak. Heile presentasjonen er å finne i vedlegg.

Som tabellen under viser dreier tiltaka seg i hovudsak om fire type tiltak: 1) korleis ein kan stimulere til at vandrargar og syklistar tek omsyn til husdyr og hjortevilt, 2) om sykkelmiljøet kan utforme eit tillegg til NOTS sine stivettreglar om forholdet til jakt og naturmangfald, 3) tiltak for å sonere aktivitet i tid og rom og 4) eit organisatorisk tiltak i form av eit kontaktorgan for nyskapande friluftsliv mellom m.a. grunneigarane og kommunen.

Deltakarane bestemte seg for fem kriterium for vurdering av forslaga:

- 1) Kva er det i dagens situasjon/trendar i framtida som vil bidra til at ideen til tiltak vert vald og gjennomført?
- 2) Kva hindringar kan dette tiltaket innebere?
- 3) Kven kan vere ansvarlege for gjennomføring?

13 www.sykkelforer.rocefarm.no

- 4) Allmenngyldigkeit (at alt skal gjelde for alle)
- 5) Om det kjem til å verke

Deltakarane vart delte inn i tre grupper. Forslaga vart presenterte skriftleg på fem bord som gruppene skulle rullere mellom. Kvar gruppe skulle vurdere dei fem forslaga både kvalitativt (dei fem kriteria ovafor) og kvantitativt i form av å setje poeng på ein skala frå 1-10 om kor godt forslaget var samla sett. Korleis gruppa skulle bestemme seg for ein verdi ved usemje var ikkje sagt, men opp til gruppa å avgjere. I avsnittet resultat under er konklusjonen, dvs. oppsummeringa, av dei tre gruppene sine kvalitative og kvantitative vurderingar gjengitt.

4.3 Resultat av dialogprosess

I tabellen under er deltakarane i dialogprosessen sine vurderingar av forslaga frå Vestlandsforskning summert opp. Snittverdien (andre kolonne) i tabellen viser gjennomsnittet for gruppene sin kvantitative vurdering (frå 1 til 10) av forslaga. I tredje kolonne (utprøving 2015) kjem det fram om det er full tilslutning (ok) til tiltaket i gruppa eller ikkje (nei), mens i siste kolonne er utfyllande informasjon om tiltaket gitt.

Tabell 4: Oppsummering av dialoggruppa si vurdering av forslag til tiltak for sameksistens¹⁴

Tiltak	SNITT verdi	Utprøving 2015	Merknad
1.1 Omsyn til husdyr inn i stivettreglene	5,3	OK	Ansvar: Sogn Terrengsykkel
1.2 Informasjonsmøte på våren om omsyn til beitedyr	2,3	Nei	God ide dersom integrert med andre tema og koordinert med andre aktørar til rett tidspunkt
1.3 Skilt på eigna plassar om husdyr på beite	7,3	OK	Ansvar: Grunneigarar
2.1 Definere kor ferdsel ikkje er ønskjeleg i januar-mai av omsyn til hjorteviltet	5,8	OK	Utgreiing naudsynt. Kaupanger er landets største vinteroppenthaltssted for hjort i ein sårbar periode
2.2 Definere kor ferdsel er tilrådd i perioden jan-mai av omsyn til hjorteviltet.	6,8	OK	Utgreiing naudsynt.
2.3 Planlagt ferdsel med lykt er ikkje ønskjeleg i heile området	4,3	Nei	Uklar effekt. Må utgreiast og klargjerast også når det gjeld andre brukarar enn sykkel
2.4 Ferdsel ikkje ønskjeleg i område med sårbare artar	4,7	Nei	Oppdatert naturtypekartlegginga finst. Fylkesmannen kan gi kommunen tilgang til dette materiale
3.1 Kontaktorgan om nyskapande friluftsliv	6,5	OK	Godt tiltak
3.2 I ekstern retta informasjon vektlegge hovudsesong sykling: 15/6-15/9, og jakt: 15/9- 23/12	5,8	Nei	Usikker på effekt, ikkje modent, grunneigarar ønskjer ikkje marknadsføring av Kaupanger som sykkeldestinasjon
4.1 Jakt fortrinnsvis morgen (demring) og kveld (skymring)	7,8	OK	Sted er også interessant. Privat jakt føregår heile dagen. Ulikskap i korleis tilreisande og fastbuande brukar området til sykling – ulike dagsrytmar.
4.2 Jakt fortrinnsvis i høgda i september	5,2	OK	I høgda, men ikkje mogleg berre over tregrensa
4.3 Definere annakvar helg som jaktfri i sept. og november?		Nei	
5.1 Tillegg i stivett-reglane: -Definisjon av etablert sti -Korleis omsyn til vilt, beitedyr og jakt	7,2	OK	Lokalt greitt med tillegg på stivettreglane for syklistane, sjølv om det er snakk om ganske generelle ting.
5.2 Behov for å justere kartet over sykkelstiar	7,7	OK	Analysere om stiane lagt inn på sykkelkartet er etablert sti

¹⁴ I forhold til referatet fra dialogmøtet der forslaga vart vurdert er det gjort nokre redaksjonelle endringar i framstillinga.

Når det gjeld forslaget om å definere kor ferdsel ikkje er ønskjeleg i januar til mai av omsyn til hjorten er det trøng for å greie ut kva for område det er behov for å setje i verk eit slikt tiltak. I den samanheng bør ein også vurdere andre artar sin sårbarheit for ferdsel. Fylkesmannen sit på oppdatert naturtypekartlegginga som kommunen kan få tilgang til for å gjere slike analysar.

Eit tiltak som ikkje fekk tilslutning i dialogprosessen var å regulere ferdsel med lykt. Det er trøng for å greie ut kva konsekvensar eit slikt tiltak har for andre brukarar, vart det sagt. Det vart også peika på problem med slitasje på vegetasjon med påfølgjande erosjon frå sykling. Frå litteraturstudien kom det fram at dette kan vere eit problem dei plassane det er vått, mens på tørre delar av stiane har forskinga ikkje funnet at slitasjen er større frå stisykling enn vandring. Det gir ein indikasjon på kva plassar som er eigna for sykling og kor tilretteleggingstiltak kan vere naudsynt.

Ei annan type tiltak foreslått for deltakarane i dialogprosessen var å definere hovudsesong for stisykling til 15. juni til 15. september i eksternt retta informasjon. Grunngjevinga for dette var å stimulere til at gjester utanfrå regionen først og fremst kjem i denne perioden. Det kunne redusere ulempene for jakta. Dette måtte i så fall kombinerast med ei endring i jaktperioden som i dag startar 1. september. Tiltaket fekk støtte, men ikkje frå alle. Det vart peika på at tiltaket ikkje var modent.

Tabellen over set fokus på tiltak. Strategiar ligg delvis implisitt i tiltaka. For eksempel gir tiltak om kanalisering av jakt til visse tider, eller sykling til visse område, uttrykk for ein soneringsstrategi. Sonering kan vere naudsynt når aktivitetar ikkje kan gå føre seg på same plass til same tid. På den andre sida gir tiltaket om å utforme eit tillegg til stivettreglane for sykling uttrykk for ein integreringsstrategi, at sykling og vandring kan gå føre seg til same tid og stad om utøvarane tek omsyn til kvarandre. I samband med denne diskusjonen kom det opp spørsmål om i kva grad Sogndal kommune og andre bør informere om kor og når ein tilrår stisykling i området. Nokon meinte at informasjon om kor det er tilrettelagt for stisykling vil auke tilstrøyminga av syklistar. Dette synet såg det som uehdig med fleire syklistar i området. Det andre synet gjekk ut på at syklistar kjem til Kaupanger fordi området har vorte godt kjend gjennom media, og at auka kjennskap ikkje er mogleg å hindre. For å redusere ulempa for anna ferdsel og bruk kan ein kanalisere syklinga til visse tider og område. Jo betre ein informerer om slike tiltak jo større sjanse er det for at ein lukkast med kanaliseringa. Diskusjonen om tiltak i dialogprosessen var prega av desse ulike syna.

4.4 Evaluering av dialogprosessen

Vi har gjennomført både ei deltakarevaluering og ei eigenevaluering av dialogprosessen.

4.4.1 Deltakarevaluering

Etter at dialogprosessen var gjennomført sendte Vestlandsforsking ut eit lite evalueringsskjema med fem spørsmål for å få deltakarane sine vurderingar av prosessen. Dei fem spørsmåla var:

- Har du sjølv fått ny informasjon, innsikt eller lært noko i løpet av prosessen? Evt. kva?
- Har dialogprosessen bidrøge til løysingar for fleirbruk på Kaupangerhalvøya? Evt. kva for løysingar?
- Kor godt har prosessen vore leia og gjennomført?
- Er det noko du har sakna ved prosessen?
- Kor nyttig har dialogprosessen vore?

Ni av elleve deltagarar svarte på undersøkinga. Summert opp fekk vi desse svara:

Innsikt og læring

På spørsmål om deltagaren har fått ny informasjon, innsikt eller lært noko i løpet av prosessen svara alle positivt på dette. Deltagarane har fått meir innsikt i den ulike bruken av, og interessene knytt til, Kaupangerhalvøya. Ein har også lært om brukarane sine behov og standpunkt. Konkret svara deltagarane at dei har fått betre innsikt i korleis jakta og sykling går føre seg, om sårbare naturområde, om hjort og jaktnæringa, og om friluftslova.

Løysingar

På spørsmål om dialogprosessen har bidrige til løysingar for fleir bruk på Kaupangerhalvøya kom det fram tvil om prosessen har gitt konkrete løysingar, men det vart vist til forslaga presentert på siste møte, og til at det var kome i stand eit sykkelarrangement i samarbeid med grunneigar. Fleire peika på meir indirekte resultat i form av at prosessen har vore *"konfliktdempande, den har systematisert problemstillingar, den har vore kontaktskapande"*. Prosessen har også bidrige til *"meir forståelse for andre sin bruk av naturen"*. I forhold til arbeidet vidare vart det peika på at:

Ja det har nok hjelpt, men det er langt att, og kanskje ikkje mogleg å løyse. Viktigast framover blir å få oppretta ein fast/årleg møteplass mellom dei ulike aktørane. Det gjeld uansett resultatet.

Ein annan viser til at:

Prosessen har kanskje løyst opp litt i retning av å finne løysingar. Likevel vil eg seie det er langt att før vandrurar, syklistar og hjortejegerar kan ferdast i same terrengr. Kommunikasjon, openheit og dialog er nøkkelen, men det er mange ulike parter med ulike utgangspunkt og ulike mål....diverre.

Leiing av prosessen

På spørsmål om kor godt prosessen var leia og gjennomført skulle deltagarane skulle svare på ein skala frå 1 til 10 der 1 stod for særslig dårlig leia og 10 som særslig godt leie. I sum gav svara snittverdien 7,3.

Manglar ved prosessen

På spørsmål om det var noko ein sakna ved prosessen kom det på den eine sida fram at ein burde kome til konflikten sin kjerne raskare og hatt fleire forslag til løysingar. På den andre sida viste deltagarar til at ein måtte balansere i ulendt terrengr, dvs at det var ulike perspektiv og interesser mellom deltagarane, og at deltagarar si rolle som representant for ei gruppe ikkje alltid fungerte etter intensjonen. Begge delar førte til at det var behov for å bruke tid på prosessen.

Nyttig

På spørsmål om kor nyttig prosessen var skulle deltagarane svare på ein skala frå 1 til 10 der 1 stod for særslig dårlig leia og 10 som særslig godt leie. I sum gav svara snittverdien 7,4.

4.4.2 Eigenevaluering

Prosjektleiar er samd med deltakarane i at ein burde kome raskare til kjernen i utfordringane, og at fleire forslag til løysingar kunne ha vore presentert. Eit slikt tiltak burde ha vore ein heilskapleg plan for merking av sykkelstiar. Det manglar i forslag og konklusjon av prosessen. Prosjektet vart utvida både tematisk og med fleire deltakarar. Vi trur denne utvidinga var med på å gjere at vi kom seint til kjernen i utfordringane.

Eit anna moment i tilknyting til deltaking og representasjon er at deltakarar vart valt ut frå at dei skulle representere ulike brukargrupper. Vi er usikker på om vi lukkast med dette. Nokre sa ifrå om at det var vanskeleg å representere andre. Ut frå eigedomstrukturen på landbrukseigedomane på Kaupanger er det to store eigedomar som er mest berørt av stisyklinga. Andre er også berørt, så som på Eide, Amlaholten og Vestereim, men hovudtyngda av trafikk er på dei to store eigedomane (Kaupanger Hovedgård og Amble gard). Difor ville det kanskje vore ein fordel om fleire av eigedomane var representert i dialogprosessen. At organiseringa av dialogprosessen var viktig vart også påpeika av ein informant frå sykkelmiljøet: «*Vi treng tydelege representantar, både frå sykkelmiljøet og frå grunneigarane. Det er trøng for betre organisering*».

Veikskap ved organisering og koordinering har vist seg også innan brukargruppene. Jaktguidane og grunneigarar har hatt ulik strategi når det gjeld kommunikasjon med sykkelmiljøet. Dessutan er Sogn terrentsykkel eit ope laust samansett nettverk utan registrerte medlemmer. Då vert det ukjart kven dei representerer.

Dessutan var planlegging av forholdet mellom forprosjekt og eit hovudprosjekt ikkje godt nok. Forprosjektet skulle avsluttast med ein plan for ein dialogprosess, men vi burde ha føresett at ein slik prosess burde kome i gang umiddelbart etter utarbeiding av ein slik plan. Vi endra planane slik at prosessen vart gjennomført vinteren 2015, men dermed vart starten adhoc prega.

Då vi ikkje fekk innvilga hovudprosjektet første halvår 2015 vart iverksetting av tiltak frå dialogprosessen ikkje følgd opp frå Vestlandsforskning. Brukargruppene hadde eit ansvar for iverksetting, men vi var ikkje pådrivar for dette.

Til gjennomføringa av dialogprosessen har vi to refleksjonar. For det første vart kanskje dialogprosessen litt for mykje styrt av prosessmetodane som vart nytta. Stundom kunne metoden og gjennomføring av den stå vel mykje i fokus ifht innhaldet og utviklingsprosessen i seg sjølv. På den andre sida var det knapp tid til gjennomføring (4 møte á 3 timer) noko som gjer at ein ikkje har høve til å «sleppe prosessen laus». Kommentaren om at vi burde ha kome raskare til kjerna i utfordringane viser kanskje at deltakarane fekk påverke framdrifta.

For det andre hadde vi kanskje for svake verkemiddel for å motivere deltakarane til å utvikle strategiar og tiltak i lag. Vi brukte lite tid på å få fram ein samanheng mellom dei individuelle interessene og fellesinteressa for å skape sameksistens mellom ulik bruk. Så lenge deltakarane kom med ulike interesser og perspektiv var dette viktigare enn om dei var ein homogen gruppe.

Når det gjeld sjølve innhaldet i dialogprosessen så viser eigenevalueringa at vi langt på veg lukkast med å auke forståinga for den ulike bruken av området og at dette bidrog til å dempe konfliktnivået. At prosessen skapte nye kontaktar mellom deltakarane kan gi grunnlag for det vidare arbeidet som trengst for å utvikle sameksistens. Dialogprosessen gav ikkje ein samlande strategi for

koordinering og styring av bruken på halvøya mellom deltakarane. Det vidare arbeidet må ta utgangspunkt i dette.

5 Svar på forskingsspørsmåla

Datagrunnlaget for å svare på spørsmåla under er sparsam då dette har vore eit forprosjekt. Svara må difor takast som førebels svar, og ikkje som konklusjonar. Eit hovudprosjekt vil gå nærmare inn i desse og andre spørsmål.

Korleis er bruken av området når det gjeld vandring, jakt og sykling på Kaupangerhalvøya?

Kaupangerhalvøya er vinterområde for eit stort tal hjort i Indre Sogn. Tettleiken av hjort og tal fellingsløyve har auka mykje etter 1990-talet, og jaktpersonen har vorte utvida slik at det i dag (2015) er jakt frå 1. september til 23. desember. Oktober er den mest intensive jaktmånaden med både tradisjonell privat jakt og kommersiell jakt. Kundane er i all hovudsak tilreisande. Sogndal kommune har som mål å redusere hjortebestanden av fleire grunnar, men kommunen har ikkje verkemiddel for å få dette gjennomført.

Vandring i form av toppturtrimmen til Kaupanger idrettslag (KIL) er eit system med 16 merka turstiar til eit turmål, registrering av besøk på turmålet, kart og informasjon og eit opplegg for premiering av deltakarar som er utvikla i samarbeid med grunneigarar. Systemet er først og fremst brukt av innbyggjarar på Kaupanger. Målet med tiltaket var å legge til rette for trimaktivitet. Idrettslaget lukkast. Frå 2002 til 2012 nesten dobla bruken av toppturtrimmen seg frå om lag 11 til 20 tusen besøk. Omkring 2005 krevde grunneigarane at idrettslaget skulle ta inn registreringsbøkene frå turmåla heile eller delar av jaktpersonen for å redusere ferdsla. Idrettslaget tilpassa seg kravet.

Innbyggjarar på Kaupanger har brukt halvøya til sykling i lengre tid, men bruken har hatt lite omfang. Området vart «oppdaga» av folk utanfrå i samband med stisykkellarangement i perioden 2011-2013. Etter den tid har grunneigarar ikkje gitt løyve til sykkelarrangement. Området vert i dag brukt av både innbyggjarar og studentar frå Kaupanger og Sogndal, innbyggjarar frå nabokommunane og syklistar frå andre kantar av landet. Dei mest bruke områda er Storamyr til Eidet, Kraftgata, Dalåker, Kaupangerholten og Amla ved speidarhytta. Det er trong for ei nærmare kartlegging av omfanget av stisykling, kva for område som er mest brukt, når det vert sykla og kor syklistane kjem frå. I følgje friluftslova er sykkel tillate å nytte på etablert sti i utmark under tregrensa. Sogn Terrengsykkel vart stifta i 2013 og har som føremål å fremje allemannsretten og bidra til enkel tilrettelegging for stisykling. Sogn Terrengsykkel og studentlaget Lurkalaget organiserer stisyklistar, og det er utvikla eit digitalt kart over sykkelstiar på Kaupanger.

Kaupangerhalvøya er nytta som beite i sommarhalvåret til både små- og storfe. I 2014 var det om lag 1300 sau og lam, 210 storfe og nokre hestar på utmarksbeite på Kaupangerhalvøya.

Korleis påverkar ulike bruk kvarandre?

Vandring har i fleire år påverka jakt gjennom auka ferdsel. Det har ført til at nokre jaktområde har vorte mindre attraktive for jakt enn tidlegare. Dei siste åra har stisykling hatt den same effekten. Den auka ferdsla påverkar jakta både direkte og indirekte. Indirekte ved at hjorten trekt tidlegare bort frå områda om morgonen og kjem seinare att på kvelden. Direkte påverkar auka ferdsel ved å gjere det umogleg å drive jakt på same stad til same tid. Dette gjer at jegerane tilpassar seg ved å

velje andre jaktområde. Også syklistar og vandrarar tilpassar seg for å unngå konflikt. Det har difor vore få konfliktsituasjonar mellom ulike individuelle brukarar ute i terrenget.

Nokre informantar viser til at den kommersielle jakta er meir sårbar når det gjeld forstyrring frå anna ferdsel enn den private jakta fordi tilreisande jegerar har kort tid på å lukkast i jakta. Den private jakta vert i stor grad utført av lokale folk som har lettare for å tilpasse seg i tid og rom til anna aktivitet. For den private jakta er utfordingane større i november enn i september. Jakta i september føregår i stor grad i høgareliggende område på halvøya.

Korleis representantar for jaktinteressene kommuniserer med andre brukarar påverkar korleis vandrarar og syklistar brukar området. Jaktguidane og grunneigarane hadde hausten 2014 ulike strategiar for kommunikasjon. Jaktguidane lukkast i å få syklistane til å tilpasse seg mens plakat hengt opp av grunneigar var konfliktskapande.

Det er ulike oppfatningar om stisykling påverkar vandring negativt. Det er trøng for å kartlegge dette ved å samle inn data frå vandrarar. Derimot tyder våre data på at jakt påverkar vandring ved at færre går på tur på stiane i skog og fjellområdet i jaktpérioden enn elles. Ein del vel å gå på bilveg enn elles i tursesongen, men samstundes er det andre vandrarar som bruker stiane i utmarka også under jaktpérioden. Lokalisering og omfanget av vandrarane sin bruk av området under jakta treng å verte kartlagt gjennom ei kvantitativ undersøking.

Ingen av våre informantar viser til at vandring avgrensar moglegitetene for sykling. Det er jaktaaktiviteten som vert opplevd som utfordrande for stisyklistane. Etter at avtale mellom KIL og grunneigar om merking av vandre- og sykkelsti var inngått 2011, oppstod det usemje mht. korleis sykkelsti var merka. Merkinga var ikkje slutført.

Jaktguidane hadde hausten 2014 kontakt med Sogn Terrengsykkel for å kome i dialog med sykkelmiljøet. Det ser ut for at denne kommunikasjonen stimulerte syklistane til å ta omsyn til jakta. Tiltak for å kanalisere sykling til visse tider på dagen og til visse område fungerte rimeleg godt, sett frå begge partar, i 2014. Grunneigar sin «opning» av Kraftgata for tilretteleggingstiltak har også vore tatt godt imot i sykkelmiljøet. Datamaterialet tyder likevel på at deler av sykkelmiljøet i større grad vel å nytte andre lokalitetar, så som området rundt Molden og Fardal, fordi sykkelmiljøet kjenner til at grunneigar ikkje vil ha auke i sykkelaktiviteten.

Hittil har ikkje auka ferdsel vore til plage for husdyr på beite. Dette kan verte eit problem dersom det kjem mange syklistar, men det kan løysast dersom syklistane tek omsyn til dyra. Det er usikkert om ein syklist vil ha anna verknad enn ein vandrar eller trimmar som joggar på stiane.

Det er etterlyst ein konsekvensutgreiing av kommunen si satsing på friluftsliv, herunder stisykling, sin effekt ifht. naturmangfaldlova. Ei slik undersøking burde ta for seg moglege effektar av auka ferdsel for flora og fauna. På fagdag om stisykling 24. august 2015 i Sogndal vart det peika på behovet for ein betre samanheng mellom promotering av Kaupanger som sykkeldestinasjon og kor stor trafikk stisystemet kan tolke og behovet for tilretteleggingstiltak.

Kva for tiltak for sameksistens er det oppslutning for mellom dei ulike brukarane?

I tabellen under summerer vi opp tiltak utvikla i dialogprosessen og som det var oppslutning om å gjennomføre. Det siste tiltaket: heilskapleg plan for vandre- og sykkelsti har prosjektleiar lagt til etter avslutning av dialogprosessen ut frå ei tolking av møtereferata.

Tabell 5: Tiltak det vart semje om i dialogprosessen

Tiltak	Merknad
Tillegg i stivett-reglane: -Definisjon av etablert sti -Korleis omsyn til vilt, beitedyr og jakt	Ansvar: Sogn Terrengsykkel
Skilt på eigna plassar	Ansvar: Grunneigar
Definere kor ferdsel ikkje er ønskjeleg i januar-mai av omsyn til hjorteviltet	Ansvar: kommunen
Definere kor ferdseler tilrådd i perioden jan-mai av omsyn til hjorteviltet.	Ansvar: kommunen
Kontaktorgan om nyskapande friluftsliv	Ansvar: kommunen
Jakt fortrinnsvis morgon (demring) og kveld (skymring)	Ansvar: jegarar og grunneigarar
Jakt fortrinnsvis i høgda i september	Ansvar: jegarar og grunneigarar
Behov for å justere kartet over sykkelstiar	Ansvar: Sogn terrengsykkel
Heilskapleg plan for vandre- og sykkelstiar	Ansvar: kommunen og brukarorganisasjonane

Som omtalt ovafor er det etterlyst ei konsekvensutgreiing av effekten av kommunen si satsing på friluftsliv ifht. naturmangfaldlova og behovet for ein betre samanheng mellom promotering av Kaupanger som sykkeldestinasjon og analyse av kor stor trafikk stisystemet kan tole for å identifisere behovet for tilretteleggingstiltak.

Kva verknad gir ein organisert dialog mellom brukarane?

Ut frå deltakarane si eiga evaluering av dialogprosessen førte prosessen til av deltakarane fekk:

- meir kjennskap og forståing for den ulike bruken av, og interessene knytt til, Kaupangerhalvøya
- betre innsikt i korleis jakta og sykling går føre seg, om sårbare naturområde, om hjort og jaktnæringa, og om friluftslova
- har også lært om brukarane sine behov og standpunkt.

Dialogprosessen har vore konfliktdempande, den har systematisert problemstillingar, og den har vore kontaktskapande. Når det gjeld løysingar så er svara mindre konkrete, men fleire viser til at prosessen har fått fram moglege løysingar og at kommunikasjon, åpenhet og dialog er nøkkelen for å skape sameksistens.

I avsnittet under kjem vi inn på kva kunnskap ein treng for å kome vidare for utvikling av sameksistens.

Kva kunnskap trengst for å utvikle eit system for sameksistens?

For å utforme eit system for sameksistens mellom ulik bruk på Kaupangerhalvøya har vi behov for meir kunnskap om:

- Omfanget av sykling, kva for område som er mest nytta og når
- Korleis det vert sykla og korleis møte med andre brukarar skjer
- Korleis vandrarar tilpassar seg møte med stisyklistar
- Korleis vandrarar tilpassar seg jakta
- Kva som er dei viktigaste jaktområda i løpet av jaktperioden for dei ulike formene for jakt
- Når jakta føregår i løpet av hausten, månadene, når i veka og kva tid på dagen
- Kva omfang anna ferdsel, enn vandring, sykling og jakt, har


I avsnittet under gir vi ei kort innføring i hovudprosjektet. Heile prosjektomtalen er gitt som vedlegg til denne rapporten.

6 Vidare FOU-prosess

Etter dialogprosessen våren 2015 har det føregått fleire ting når det gjeld stisykling på Kaupanger og i Sogndal. Her skal vi kort omtale to arrangement, sesongopning på Kaupanger i mai og seminar om stisykling i Sogndal i august. Vidare drøfter vi moglege strategiar for korleis stisykling kan utviklast vidare på Kaupanger i kombinasjon med anna aktivitet. Til slutt omtaler vi kort vidare kunnskapsbehov og innhaldet og organiseringa av hovudprosjektet.

6.1 Sesongopning på Kaupanger

15. mai 2015 inviterte Kaupanger Hovedgård, Knaken, Intersport Sogndal og Bratt Moro til sesongopning på Kaupanger med demonstrasjon av syklar, uoffisiell opning av stisykkelområdet kraftgata, informasjon om hovedgården og premiere på filmen Builder. Det vart arrangert shuttling på Dalåker-sida med transport av syklar og folk. Ca. 40 personar deltok på arrangementet der delen innomhus gjekk føre seg på Knaken kafe.



Figur 6: Annonse om sesongopning på Kaupanger

Etter syklinga orienterte Christoffer Knagenhjelm om Hovedgården som er den nest største jordeigedommen på Vestlandet med sine 50.000 dekar. Hovedgården har vore i familien sin eige sidan år 1710 og dagens eigar Nils Joachim Knagenhjelm er den 11. i rekka eigarar. Eit furutre tek 80

år å vekse opp før det vert felt. Innteken frå skogen vert i stor grad brukt til å vedlikehalde alle dei 40 bygningane på garden. Mange av bygningane er freda. Ein annan viktig inntektskjelde er hjortejakta, mens ein tredje inntektskjelde er kraftproduksjon. Christoffer sa også at det er viktig at folk kan utøve sykkelsporten sin i skogen så lenge det skjer på ein god måte og i samforstand med grunneigar.

6.2 Fagseminar

Bratt Moro med fleire arrangerte seminar om stisykling 25. august 2015 i Sogndal. Målet med seminaret var å setje søkelys på utfordringar og moglegheiter for stisykling i Sogn. Seminaret viste at stisykling er i god utvikling i her i landet, m.a. i Hallingdal, men at Sogndal/Kaupanger er attraktiv pga. dei gode naturkvalitetane. Det fullstendige referatet og Vestlandsforskings sin presentasjon er vedlagt, dei er andre presentasjonane er også tilgjengeleg¹⁵.

Når det gjeld stisykling generelt i Norge vil vi trekke fram desse momenta frå seminaret:

- Innan aktiv ferie er det sykling som aukar mest. I Norge er veksten størst på Vestlandet og i Nord-Norge
- Stisykling står svakt som aktivitet i Norge – det er lite tilrettelegging, men det finst mange stiar som kan brukast til sykling. Difor er det viktig med lokalkunnskap i form av guiding og informasjon for å få ei god oppleveling
- Logistikken er krevjande fordi ein er ute etter stiar som gir fall frå A til B. Dersom du har løysinga på dette er folk villige til å betale for det. Det er få aktørar og lite konkurranse, noko som opnar opp for denne type verksemد
- Generelt er utlendingar meir villige til å kjøpe guidetenester enn nordmenn, men for begge grupper er det slik at ein aktiv turist er meir verdifull enn en ikkje aktiv turist
- Det er lite fagleg og mykje synsing knytt til sykkelstiar i Norge. Svak forvaltning av stiar gjer det krevjande å ha eit tilbod om aktivitet på sti
- <http://www.trailguide.no> er ei nasjonal teneste som både gir brukarinformasjon og som kan bidra til å styre trafikken bort frå stiar som er våte og ikkje tåler meir slitasje for ein periode. Særleg relevant for nybegynnalar og folk som ikkje kjenner området frå før
<http://www.trakknroll.no> tek i bruk syklistane sine erfaringar og vurderingar for å utvikle sykkeldestinasjonen. Ein inviterer brukarane til å verte ein MTB agent som gir ros og kritikk ut frå sin erfaring på destinasjonen, ikkje berre syklinga, men også alt rundt ein syklist treng
- Å drive næring på annen manns eigedom kan gi reaksjonar, vi må ha ein dialog med grunneigar som gjør at vi kan halde fram med aktiviteten
- Stiar i Norge er ofte gamle ferdsselsårer lagt til på lågaste punkt med dårlig drenering og dårlig sikt. Konstruerte sykkelstiar er ikkje brattare enn 10% og skal gå langs med høgdekurvane slik at vatnet renn ut og ikkje langs stien
- Stisykling er godt for folkehelsa og kan appellere til dei som ikkje finn den organiserte aktiviteten attraktiv nok.

Når det gjeld stisykling i Sogndal/Kaupanger vil vi trekke fram desse momenta som kom fram på seminaret:

¹⁵ Dei andre presentasjonane finn ein på: <https://www.dropbox.com/sh/e879804vijvzqty/AADdvYEb-GmGjjXRyliblFZia?dl=0>

- Stisykling i Sogndal er godt kjent utanfor landegrensene og sommaren 2015 har fleire syklistar kome etter tilråding frå internasjonalt profilerte syklistar
- Dei såkalla "mainstreamsyklistane" har kome no, dvs. gjester som ikkje har sykling som hovudfokus, men som kjem for å gjere ulike aktivitetar som f.eks. padling. Gjestene har ingen problem med å betale for service og gode produkt som bidreg til ei god totaloppleving
- Det er lite tilrettelagt for å sykle i terrenget i tillegg til at aktiviteten stiller høge krav til logistikk. Transport er dyrt og alternativet kan vere å bruke meir eksisterande løysingar som f.eks. flybussen til Storemyri!
- I Sogndal var stiane gode for 3-4 år tilbake, men no når aktiviteten har auka såpass mykje tåler ikkje stiane det. Dei vert utslitt – difor bør det takast i bruk profesjonell stiutvikling
- På Kaupangerhalvøya er det intensiv bruk av utmarka, særleg på hausten med både jakt, vandring, sykling og andre aktivitetar. Brukarane tilpassar seg kvarandre i stor grad, men det er trong for å utvikle eit system som kan koordinere aktiviteten betre
- Aktuelle verkemiddel for koordinering på Kaupanger kan vere: 1) sonering/differensiering av aktivitet i tid og rom, 2) tilpassing/reglar for aktivitet slik at ein kan bruke same område til same tid, 3) kombinasjonar av 1 og 2.

6.3 Vurdering av ulike strategiar for å styre stisykling

Vestlandsforsking har ikkje løysinga på korleis ein skal lage eit system for sameksistens mellom dei ulike aktivitetane på Kaupangerhalvøya. Dialogprosessen gav ein del innspel til aktuelle tiltak, men ein kom ikkje fram til ein samlande modell eller strategi for sameksistens. Dette hadde m.a. samanheng med ulike syn på korleis ein kan/bør informere om stisykling. Som omtalt tidlegare var det i dialogprosessen (4.3) ulike syn på i kva grad ein skulle informere om moglegheitene for stisykling på Kaupanger. Det eine synet bygde på eit mål om å avgrense stisyklinga og difor burde ein ikkje informere om moglegheitene for stisykling. Det andre synet gjekk ut på at tilstrøyming av syklistar vil sannsynligvis auke uansett pga. dei gode naturgitte tilhøva og ulike media sin omtale av området. For å skape sameksistens bør ein difor styre trafikken ved å informere godt om kor og korleis stisykling bør gå føre seg.

På denne bakgrunn kan det vere fruktbart i det vidare arbeidet å drøfte ulike strategiar for styring og informasjon om stisyklinga på Kaupangerhalvøya. Strategiane under er utforma på bakgrunn av den informasjonen som har kome fram i dette prosjektet, både kartlegging, dialogprosessen og fagseminaret i Sogndal:

1. **Status quo.** Ein held fram som i dag der vidare utvikling er avhengig av initiativ frå einskildaktørar, og evt. samarbeid mellom slike utan at kommune eller andre legg til grunn ein overordna utviklings- eller informasjonsstrategi.
2. **Desentralisert tilrettelegging.** Utvikling av fleire sykkelstiar i utvalde område på Kaupangerhalvøya med godt tilrettelagt infrastruktur med informasjon, parkering, transporttilbod, merking etc. Restriksjonar på sykling andre plassar til visse tider på halvøya.
3. **Sentermodellen.** Utvikling av eit konsentrert og avgrensa (inngjerda) område med sterkt tilrettelegging med godt utbygd infrastruktur. Fleire opparbeida stiar med varierande grad av tilrettelegging. Moglegheit for inngangsavgift. Restriksjonar på sykling andre plassar på halvøya.

Dette er tre hovudstrategiar som alle kan utformast på ulikt vis og som kvar for seg har stort handlingsrom for vidare konkretisering. Vi skal ikkje her gjøre ei total vurdering av korleis dei ulike strategiane slår ut i forhold til ulike omsyn, men vil avgrense oss til å peike på nokre fordelar og ulemper med dei ulike modellane.

Status quo kan ha den fordelen at på kort sikt vil området vere attraktivt for ulike brukargrupper, mens ulempene etterkvert vil melde seg i form av aukande slitasje på stiar, konflikt mellom brukarar og at verdiskapingspotensialet for grunneigar og andre ikkje vert utnytta. Strategien *desentralisert tilrettelegging* kan ha den fordelen at området kan halde oppe attraktiviteten på lang sikt fordi det gir mindre slitasje (pga. opparbeida stiar) og mindre konflikt dersom etablering av stiane skjer i eit nært samarbeid med grunneigarar, sykkelmiljøet og lokalbefolkninga. Ulempa kan vere høg kostnad ved etablering. *Sentermodellen* har den fordelen at sykkelaktiviteten blir konsentrert til eitt avgrensa område til lite ulempa for anna aktivitet. Ulempa med denne strategien

kan vere at Kaupanger/Sogndal vert mindre attraktivt for stisykling fordi strategien avgrensar for mykje mogleheitene som sykling andre plassar på halvøya.

Veikskapen ved desse modellane er at dei er statiske. Ein kan tenkje seg modellar som er dynamiske ved at t.d. modell to kan ha nokre stiar som er ope i sommarsesongen, men stengt under jakta, mens andre stiar er ope heile sykkelsesongen. Dette kan vidare differensierast når det gjeld dagar i veka og tid på dagen. Mogleheitene er mange, men systemet må ikkje vere for komplisert for brukarar og dei som skal administrere systemet. Ved hjelp av digitale hjelpemiddel (så som for eksempel www.trailguide.no) kan ein etablere forvaltingssystem som er dynamiske i tid og rom.

6.4 Hovudprosjekt med Gloppen, Voss og Luster kommunar

Dialogprosessen vart avslutta i april 2015 med forslag til tiltak som vist i avsnitt 4.2. Vestlandsforskning sin reviderte søknad om eit hovudprosjekt med tittel «Nytt forvaltingssystem for fleirbruk av utmark» vart innvilga av Regionalt Forskingsfond i desember 2015. Prosjektperioden er april 2016 til mars 2019. Det geografiske området for FOU-prosjektet er Sogndal, Luster, Gloppen og Voss kommunar. Tematisk har prosjektet fokus på utvikling av felles kunnskapsgrunnlag, utprøving og vitskapleg testing av forvaltingssystem, revisjon av system og implementering i dei deltagande kommunane. Det overordna forskingspørsmålet i prosjektet er: *Korleis kan forvaltingssystem med løysingstiltak for koordinering av friluftslivsaktivitet utformast for å redusere konfliktpotensialet, styrke området sin attraktivitet og ivareta allemannsrett og grunneigarinteressene?* For å svare på dette spørsmålet skal vi svare på desse delspørsmåla:

- Korleis er den lokale brukstradisjonen, kva for endringar i aktivitetsstruktur går føre seg og korleis er konfliktbilete?
- Korleis kan ein utvikle eit legitimt felles kunnskapsgrunnlag for alle brukarane?
- Kva verknad har forvaltingssystemet for:
 - o attraktiviteten til området og konfliktpotensialet?
 - o mogleighet for utøving av allemannsrett og jaktrett?
 - o grunneigarar sin motivasjon for tilrettelegging
 - o kommunen si evne til implementering?
- Korleis kan kommunane kombinere ulike lovverk for å utforme eit lokalt tilpassa forvaltingssystem?

Det vil vere krevjande å gjennomføre test av løysingsmodellar i fire kommunar innafor prosjektet sine økonomiske rammer. Det vil vi løyse m.a. ved å avgrense caseområda i kvar kommune og prioritere strengt mellom tiltak som treng vitskapleg testing og tiltak som kan setjast i verk direkte. FOU-arbeidet er organisert i sju arbeidspakkar (AP) slik:

AP1: Vitskapleg kartlegging av aktivitetsstruktur, tradisjonar/kultur og konfliktsituasjon

AP2: Utvikling av felles kunnskapsgrunnlag mellom forskarane, kommunane og brukarane

AP3: Utprøving av system inkl modellar (praktisk tilrettelegging i og av kommunen)

AP4: Vitskapleg test av system, felles revisjon av system

AP5: Utprøving av revidert system, evt. med nye modellar

AP6: Vitskapleg test av system, felles sluttrevisjon av system, klar for implementering

AP7: Samanliknande vitskapleg analyse

Skilnaden på utprøving og vitskapleg test er at system med løysingstiltak (modellar) må riggast opp av kommunen og brukarane før forskinga gjennomfører test av effekten ifht. prosjektet sine problemstillingar. Den vitskaplege testen skal svare på forskingsspørsmål tre. Tre arbeidsseminar vert sentrale aktivitetar i utvikling av felles kunnskapsgrunnlag, utforming av modellar for uttesting og revisjon av modeller er eit seminar i kvar av dei tre arbeidspakkane AP2, AP4 og AP6. Desse seminara vil bli gjennomført som ei veksling mellom fellesaktiviteter for deltakarane frå alle kommunane og kommunevise utviklingsprosesser.

Sogndal kommune ved rådmann Jostein Aanestad er prosjekteigar, mens Vestlandsforskning ved forskar Eivind Brendehaug (PhD) er prosjektleiar. Prosjektteamet består elles av forskarane Agnes Brudvik Engeset, Halvor Dannevig, Guttorm Flatabø ved Vestlandsforskning. Forskingsteamet vil supplere sin kompetanse ved hjelp av medlemmer frå *vitskapleg rådgivningsgruppe (VRG)*. Gruppa har desse medlemmene: konsulent (PhD) Marianne Reusch i Allemannsretten.no, jurist med spesialisering i friluftsliv og med doktorgrad på allemannsretten; høgskulelektor Lisbeth Dahle (Høgskulen i Sogn og Fjordane), ekspert på arealplanlegging; seniorforskar Steve Taylor (West Highland College at University of the Highlands and Islands i Skottland), ekspert på naturbasert turisme og doktorgrad på terrengsykling; og Tom Dybwad (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), ekspert på naturforvaltning og lang erfaring med handtering av bruk-vern konfliktar. Gruppa si rolle er å støtte opp om spesifikke steg i arbeidet: utvikling av felles kunnskapsgrunnlag (AP2), tolking av testresultata og revisjon av modell og tiltak (AP4 og AP6) og samanliknande analyse (AP8).

Referansegruppa (RG) er sett saman av: Finn Olav Myhren, (Sogn og Fjordane Skogeigarlag), Anders Felde, (Sogn og Fjordane Bondelag, Elisabeth Dahle, (Forum for Natur og Friluftsliv) og Marino Ask, (Sogn og Fjordane Turlag). Gruppa si rolle er å drøfte innretning av prosjektet, aktuelle tiltak for utprøving, drøfting og bruk av resultata. *Kommunegruppa* er sett saman av dei fire deltagande kommunane: Sogndal, Luster, Voss og Gloppen. Sogndal kommune leiar gruppa. Gruppa si rolle er å koordinere uttesting av forvaltningsmodellar og løysingstiltak og støtte kvarandre i implementering av resultata.

Prosjektomtalen er i sin heilskap lagt ved denne rapporten.

Referansar

- Colman, J. E., Lilleeng, M. S., Tsegaye, D., Vigeland, M. D., & Reimers, E. (2012). Responses of wild reindeer (*Rangifer tarandus tarandus*) when provoked by a snowkiter or skier: A model approach. *Applied Animal Behaviour Science*, 142(1–2), 82-89. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.applanim.2012.08.009>
- Hegland, S. J. (2015). Sykling og Hjort i kaupanger. Habitatbruk og arealbrukskonflikter. Kaupanger: Stiftelsen Norsk Hjortesenter.
- Hegland, S. J., Frøyen, M., Veiberg, V., & Meisingset, E. L. (2014). Arealbrukskonflikter i Hjorteforvaltninga. In S. J. Hegland (Ed.), *Handbok i praktisk hjorteforvaltning* (pp. 1-25): Norsk Hjortesenter.
- Jellum, C. M. (2007). *Managing mountain bike recreation and user conflicts: a case study on MT. Baker-Snoqualmie national forest, Washington State*. Master Monography, Central Washington University.
- Løseth, K. (2014). *Adventure Tourism. Exploring relations between knowledge and innovation*. . PhD, Aalborg University, Aalborg.
- Ostrom, E. (1990). *Governing the commons: the evolution of institutions for collective action*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Ostrom, E., Gardner, R., & Walker, J. (1994). *Rules, games, and common-pool resources*. Ann Arbor: University of Michigan Press.
- Snitjer, K.-H. L., & Helle, A. (2015). *Stisykling på Kaupangerhalvøya*. Bachelor, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal.
- Taylor, S., & Brendehaug, E. (2015). Mountain biking and hunting: conflict issues in the Sogndal area *VF-rapport*. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Vittersø, J., Chipeniuk, R., Skår, M., Vistad, O.I. (2004). Recreational Conflict Is Affective: The Case of Cross-Country Skiers and Snowmobiles. *Leisure Sciences: An Interdisciplinary Journal*, 26(3), 227-243.
- Webber, P. (2007). *Managing mountain biking: IMBA's guide to providing great riding*. Boulder, Co: International Mountain Bicycling Association.

Vedlegg

Desse dokumenta er lagt ved:

- Presentasjon siste møte i dialogprosessen
- Referat fra fagdag i Sogndal 24. august 2015
- Vestlandsforsking sin presentasjon på fagdag
- Prosjektomtale for hovedprosjektet

Fleirbruk av Kaupangerhalvøya



Av Eivind Brendehaug

WESTERN NORWAY RESEARCH INSTITUTE
VESTLANDSFORSKING
www.vestforsk.no

Dialogprosessen og FOU-prosjektet

- Dialogprosess er ein del av FOU-prosjektet for å prøve å utvikle sameksistens
- I januar invitert til å delta i:
 - Lage plan for prosessen (fase 1)
 - Gjennomføre prosessen (fase 2)
- Deltakarane har ikkje forplikta seg til meir
- Treng meir tid både til å utvikle og teste tiltak

VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no


Forprosjektet - intervju

- Auka ferdsel; dobling i bruk av turpostar på 10 år
- Tilpassing både hos jegerar, trimmarar og syklistar
- Dei stille og gravise endringane:
 - Auke i tettheit av dyr og auka lenge på jakta
 - Mindre jakt i nokre område pga. ferdsel
 - Mindre ferdsel i jaktperioden (folk er redde)
- Større og raskare endringane:
 - Kaupanger oppdaga som stisyklingsområde (2012-)
 - Nyskapande friluftsliv i kommuneplanen (?)

VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

Besøk på turpostane, 2009-2013



VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

Kunnskapsbehov

- **Korleis vert det sykla? Forholdet mellom:**
 - Turgårar og syklist
 - Beitane husdyr og syklist
 - Jegerar og syklist
- **Kva skjer med trimaktiviteten i jaktpersonen?**
 - Forholdet mellom trimmarar og jakt/jegarar
- **Kva skjer med viltet med auka ferdsel?**
- **Kva skjer med jakta med auka ferdsel?**

VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

Mål

- Utvikle kunnskap, metode og tiltak for samordna arealbruk i utmark mellom jakt og ulike former for friluftsliv for å redusere konfliktar og styrke lokal verdiskaping.
- Delmål:
 - Få fram *kunnskap* om korleis jakt, vandring, stisykling og anna friluftslivsaktivitet påverkar kvarandre
 - Utvikle ein *metode* og *tiltak* for å skape ein samordna arealbruk av utmarka
 - Teste *effekten* av tiltaka (og metoden) på bruken og brukarane gjennom eit pilotforsøk
 - Implementere metoden og tiltaka i arealplansystemet forankre metoden og tiltaka i kommuneorganisasjonen og hos brukarane

VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no


Gjennomføring

- Arbeidspk 1: Kartlegging av bruk i tid og rom:
 - Korleis vert det sykla?
 - Kva skjer med tur- og anna aktiviteten i jaktperioden?
 - Korleis skjer møte mellom jegerar og andre?
 - Kva skjer med viltet?
- Arbeidspk 2: Utvikle metode og tiltak gjennom ein dialogprosess
- Arbeidspk 3: Testing av tiltak (og metode)
- Arbeidspk 4: Revidering av tiltak og metode med implementering
- Arbeidspk: 5: Publisering
- Arbeidspk: 6: Prosjektstyring

VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

Prosjektdesign



VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

Forskinga

- **Vestlandsforskning:**

- Eivind Brendehaug (prosjektleiar), Agnes B Engeset og Guttorm Flatabø
- NINA seniorforskar Odd Inge Vistad
- Stiftelsen norsk hjortesenter; FOU-leiar Stein Joar Hegland

- **Vitskapleg rådgivingsgruppe:**

- Steve Taylor (University of the Highlands and Islands)
- Lisbeth Dahle, Høgskulen i Sogn og Fjordane, forskar
- Tom Dybwad (Fylkesmannen)
- Stein Joar Hegland og Odd Inge Vistad

VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

Seminar Stisykling 24.08.2015 – Quality Hotel Sogndal

Av Bratt Moro

I samarbeid med:

Innovasjon Norge

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Sogndal Kommune/Sogn Nærings

Visit Sognefjord

Høgskulen i Sogn og Fjordane

Bratt moro

Vestlandsforskning

Seminaret har som fokus å sette lys på aktiviteten stisykling i Sogn, samt legge til rette for at ulike aktører åpent kan komme med egne innspill rundt utfordringer og muligheter ved en evt. kommersialisering av aktiviteten og tanker rundt økning i antall syklister generelt.

Hvert foredrag vil bli kort oppsummert i referatet under.

- 1. Ola Alsterholm – Sogn Nærings.....	s. 2
- 2. Knut Myking – Hillbilly MTB.....	s. 2
- 3. Bjørn Jarle Kvande- Trailguide.no.....	s. 3
- 4. Lars Wrae - Tråkk'n'roll.....	s. 3
- 5. Haaken Christensen - Innovasjon Norge.....	s. 4
- 6. Ane Solbraa (HISF, Phd)- Stisykling og folkehelse.....	s. 5
- 7. Eivind Brendehaug - Vestlandsforskning.....	s. 5
- 8. Roald Eidsheim - Rekkje stiutvikling.....	s.6
- 9. Ola Alsterholm - Sogn Nærings.....	s.7

Konflikt eller sameksistens mellom jakt- og sykkel-næringa



Eivind Brendehaug 24. august 2015

WESTERN NORWAY RESEARCH INSTITUTE
VESTLANDSFORSKING
www.vestforsk.no

Innhald

- Er sykling i utmark ein allemannsrett?
- Jakt på Kaupanger
- Sykkel på Kaupanger
- Konflikt eller sameksistens?
- Tiltak identifisert i dialogprosess
- Er det nok med kardemommelova, eller treng vi nye verkemiddel?

VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

Nytt forvaltingssystem for fleir bruk av utmark

DEL 1: Innovasjonen

1. Overordna idé

Hovudmålet med FOU-prosjektet er å utvikle lokalt tilpassa forvaltingssystem med tiltak for koordinering av friluftslivsaktivitet for å redusere konfliktpotensialet, stimulere lokal verdiskaping og ivareta allemannsretten og grunneigar sine interesser. Prosjektet skal støtte kommunane i utvikling av forvaltarrolla for å skape sameksistens mellom ulike aktiviteter i utmark, både kommersiell bruk og rekreasjonsbruk.

Nye trendar innan friluftslivet, ny teknologi og nye forretningsidear gir nye former for bruk av utmarka. Fleire kommunar på Vestlandet arbeider med å utvikle terrengsykling for å styrke attraktivitet og verdiskaping frå både fastbuande og gjester. Samstundes har landbrukspolitikken dei siste tiåra hatt som mål å få bønder og grunneigarar til å utvikle nye inntektskjelder frå gardsbruka og utmarka, som t.d. sal av jakttjenester. Kvalifiseringsprosjektet gjennomført av Vestlandsforsking sist vinter viste behovet for eit forvaltingssystem som fangar opp den nye situasjonen kommunane står i (Brendehaug & Engeset, 2015). Med forvaltingssystem meiner vi løysingsmodellar, praktiske tiltak for å regulere ferdsel, forankra i eit regulativt rammeverk, t.d. Plan- og bygningslova eller Friluftslova eller kombinasjonar av desse. Innovasjonsideen er å gi eit kunnskapsgrunnlag, utforme og teste eit forvaltingssystem med aktuelle løysingsmodellar:

1. Soneringsmodellen: Skilje aktivitet frå kvarandre i tid og/eller rom, statisk eller dynamisk
2. Integrasjonsmodellen: Tilpasse aktivitet til kvarandre slik at dei kan kombinerast i tid og rom
3. Hybridmodellen: Kombinasjonar av sonerings- og integrasjonsmodellen i same område

Desse tre løysingsmodellane er eksempel på tiltak som skal testast ut for å gi svar på verdiskapingspotensialet, konsekvensar for allemannsretten og grunneigarane sine interesser, potensialet for konflikt og kritiske faktorar for iverksetting. På bakgrunn av forskingsresultata frå ein slik analyse vil kommunane ha eit godt grunnlag for å etablere eit forvaltingssystem for å koordinere og styre bruken i utmarka, evt. med naudsynt godkjenning frå Fylkesmannen. Initiativet til prosjektet kjem frå Sogndal kommune med samarbeidspartnerane Luster, Gloppen og Voss kommunar.

2. Innovasjonsgrad

Innovasjonen er eit nytt forvaltingssystem med løysingsmodellar (sonering, integrasjon eller kombinasjon) for å skape sameksistens mellom tradisjonell og ny utmarksbruk i kommunane. Både soneringsmodellen og integrasjonsmodellen er kjende, men er ny for regulering av forholdet mellom jakt, stisykling og anna friluftsliv i område definert som landbruk, natur og friområdet etter Plan- og bygningslova. Dette er den arealkategorien som utgjer dei største areala i landet.

Aktualiteten av innovasjonen er stor fordi kommunane har fått ei sterkare rolle i arealplanlegginga, og fordi den pågåande utviklinga av nye friluftslivsaktivitetar gir nye utfordringar. Innovasjonen har

difor verdi for styring/koordinering av alle variantar av friluftsliv. Innovasjonen er viktig i ein nasjonal samanheng.

3. Verdiskapingspotensial

Verdiskapingspotensialet kjem av betre tilrettelegging for friluftsliv, som igjen styrkar attraktiviteten og gir auka tilflytting, studentopphold og besøk. Vestlandsforsking har vist at tilflytting gir den største lokale verdiskapinga samanlikna med turisme (Dannevig, Brendehaug, & Simonsen, 2013). Telemarksforsking viser at bustadattraktiviteten i Sogndal har vore spesielt god dei siste tre åra (Vareide & Nygaard, 2014). Sogn Nærings anslår at over 50 menneske har flytta til Sogndal dei siste ti åra pga. dei gode tilhøva for friluftsliv. Dette gir grunnlag for at grunneigarar og andre private føretak kan utvikle kommersielle tenester knytt til friluftsliv.

Etter at FOU-prosjektet er gjennomført og forvalningsmodell med tiltak implementert er det grunn for å rekne med at tilflyttinga vil auke grunna styrka attraktivitet. For å gi eit anslag for potensialet i verdiskaping reknar vi med at 25 personar flyttar til dei fire prosjektkommunane per år med friluftsliv som einaste flyttemotiv. Forsiktige anslag for forbruk per person gir kr. 92.000 per år eksklusiv utgifter til bustad (Dannevig et al., 2013). Legg vi til utgifter til bustad blir eit forsiktig anslag kr.140.000 per år, som i sum for 25 personar til dei fire kommunane gir ein lokal omsetning på kr. 3,5 mill. per år. Reknar vi med at omlag like mange andre kommunar i Hordaland og Rogaland nyttar seg av resultata og oppnår ein effekt på tilflytting tilsvarannde halvparten av våre kommunar kjem vi til ein verdiskaping på kr. 7 mill per år. Dette betyr at tilflytting motivert av styrka attraktivitet frå friluftsliv kan gi ei verdiskaping i løpet av eitt år som er høgre enn dei samla FOU-kostnadene. I tillegg kjem verdiskaping frå gjester på korttidsopphold (turistar).

4. Forskingsbehovet

For å realisere innovasjonen er det trøng for forsking av fleire grunnar. For det første treng kommunane eit kunnskapsgrunnlag for identifisering av aktuelle forvaltingssystem. For det andre treng kommunane forsking for å teste systema sin effekt på konfliktsituasjonen, verdiskapinga, verknaden på allemannsretten og grunneigarinteressene og iverksettinga. På basis av denne kunnskapen kan kommunane utforme og implementere forvaltingssystem.

Nasjonal og internasjonal forsking viser at det ikkje finst ein metode eller oppskrift på korleis kommunane kan forvalte områder der tradisjonell bruk og ny bruk møter kvarandre med potensiale for konflikt (Ostrom, Janssen, & Andries, 2007). Det er lite kunnskap om forvaltning av forholdet mellom jakt og anna friluftsliv (Pigram & Jenkins, 2006). I våre studieområde er interessestrukturen kompleks i form av både ulike tradisjonelle og nye brukarar. I slike situasjonar er adaptiv forvaltning skissert som ein brei tilnærningsmåte for å utforme fleksible og skreddarsydde forvaltingssystem tilpassa plassen og den aktuelle situasjonen (Berkes, Armitage, & Doubleday, 2007). Det eksisterer lite kunnskap om denne tilnærminga brukt på utmark som ikkje er verna (LNF område). Forsking er difor naudsynt for å realisere innovasjonen.


Dette FoU prosjektet vil fremje regional innovasjon og regional utvikling innafor temaet innovasjon i offentleg ansvarsområde. Slik sett vil prosjektet svare på utlysinga.

DEL 2: FoU-aktivitetane

5. Mål

Sjå søknadsskjema for omtale av mål.

Vi forventar at prosjektet kjem fram til eitt forvaltingssystem med ein eller fleire løysingsmodellar for minst eit avgrensa område i kvar deltagande kommune i prosjektet. Forvaltingssystemet kan vere basert på ein kombinasjon av fleire lovverk, t.d. Plan- og bygningslova og Friluftslova.



I figuren er til venstre er prosjektdesignet vist: Kunnskap om bruken etc utvikla av forskinga er grunnlaget for utvikling av felles kunnskaps-grunnlag (KGL) gjennom deltaking. På denne basis utviklast modellar for utprøving og vitskapleg testing.

Testen skal analysere forvaltnings-systemet sin effekt på attraktivitet, konfliktsituasjon, bruksrettar, grunneigarmotivasjon og iverksetting (delspørsmål tre). Resultata av testen verkar tilbake til felles kunnskaps-grunnlag og vidare til revisjon og implementering av forvaltingssystem eller til ny utprøving og test.

6. FoU-utfordring og -metode

Vi ser ingen spesielle vitskaplege utfordringar i å utvikle kunnskapsgrunnlaget, men det vil vere krevjande å utvikle eit *felles* kunnskapsgrunnlag mellom brukarar med ulik ståstad. Deltakarane må oppfatte kunnskapen som *vesentlig, kredibel* og *legitim*, for at han skal danne grunnlag for endring og handling (Cash et al., 2003). Involvering og deltagande prosessar skal gjere dette mogleg.

Utfordringa inngår i det første forskingsspørsmålet, og vert utdjupa i den metodiske delen under. Aktivitet i LNF-område er ofte regulert av fleire lovverk som er utforma for å fylle ein spesiell funksjon innafor sin respektive sektor og er i mindre grad eigna til å regulere forholdet mellom ulike aktiviteter. Innan arealforvaltninga fokuserer Biomangfaldlova på vern, mens PLB fokuserer på utbygging og Skoglova prioriterer næringsinteressene. Dei store areala regulert som LNF-området fell slik mellom tre stoler (Skjeggedal, Arnesen, Marhus, Saglie, & Thingstad, 2001). Prosjektet sin ambisjon er å få i stand koordinering av ulike typar aktivitet. Då kan det vere teneleg å kombinere fleire lovverk for å utforme lokalt tilpassa forvaltingssystem (Reusch, 2013). Ein

delproblemstilling i dette prosjektet er difor kva handlingsrom ulike forvaltingssystem gir for løysingstiltak og korleis lovverka kan kombinerast.

Løysingsmodellane (sonering, integrering eller kombinasjon) kan i hovudsak prøvast ut, testast og implementerast på to måtar. Gjennom friviljuge avtaler mellom kommunen, grunneigar og brukarar eller gjennom vedtak i kommunens styrande organ, evt. med godkjenning frå Fylkesmannen.

Ambisjonen i dette FOU-prosjektet er å få i stand friviljuge avtalar gjennom deltakande prosessar og å formalisere desse i løysingsmodellar med forankring i lovverket. Uavhengig av om systema og modellane vert etablerte på friviljug basis, er det ein fare for å leggje for stor vekt på forvaltningsmodellar som middel for å nå måla (Falleth & Hovik, 2008). To andre forhold treng merksemd. For det første at dei deltakande prosessane er avhengige av tillit, engasjement og kreativitet. Ein føresetnad er vilje til endring både hos styresmaktene og deltarane og ein struktur for å fange opp og implementere endring (Brendehaug, 2013). Dette vert utdjupa i den metodiske omtalen under. For det andre må vi også rette merksemd mot at lokale tradisjonar og kultur for bruk og forvaltning av utmarka har mykje å seie for kva ein kan oppnå ved etablering av nye forvaltningsordningar (Falleth & Hovik, 2008). Vi har difor inkludert dette i eit av forskingsspørsmåla.

Nye system med løysingstiltak skal redusere konfliktpotensialet mellom brukarar og mellom brukarar og det biologiske mangfaldet. Konfliktbiletet mellom ulike brukarar er ikkje ein objektiv storleik (Mitchell, 2006). Brukarar dannar seg ei oppfatning av dei ulike formene for bruk og aktivitetane ut frå *plassen* utøvinga skjer på, kven *utøvaren* er, korleis aktiviteten vert *praktisert* og kva for *utstyr og materiell* som vert brukt (Flemsæter, Brown, & Holm, 2011; Vistad, 1995).

Kommuneadministrasjonen vil ha som oppgåve å syte for at løysingstiltaka ikkje kjem i konflikt med det biologiske mangfaldet ved å gjere avklaringar ifht. Naturdatabasen til miljøvernstyresmaktene¹. Forskinga sin oppgåve på dette temaet vil vere å vise korleis utforming av forvaltingssystem og løysingsmodell påverkar konfliktpotensialet mellom brukarar. Eit forskingsspørsmål knytt til dette er skissert under.

Med verdiskaping meiner vi moglegheitene for omsetning hos grunneigar, i reiselivet og lokalsamfunnet elles. Vi forventar liten skilnad mellom forvaltningsmodellar si evne til å styrke verdiskaping. Skilnader i verdiskaping vil i større grad vere avhengig av tilrettelegging for friluftsliv, og dermed kor attraktivt området blir. Kommunane si evne til å leggje til rette og tidsperspektivet i tilrettelegginga vil vere påverka av grunneigarane si deltaking (aktiv eller passiv), mens grunneigarane sin motivasjon for å delta vil bli stimulert av økonomiske eller andre fordelar. Det vil vere eit gjensidig forhold mellom grunneigardeltaking og grunneigarfordelar. Utan grunneigardeltaking vil utviklinga lett miste momentum (Brendehaug & Engeset, 2015). Dette betyr at forskingsspørsmålet om verdiskaping må fange opp korleis forvaltningsmodellane påverkar grunneigarane sin motivasjon for tilrettelegging.

Korleis forvaltingssistema og -modellane vert utforma vil påverke utøvarane sitt høve til å nytte allemannsretten, t.d. ved å avgrense terregnsykling i bestemte område eller på bestemte stiar. Det kan også vere aktuelt å prøve ut tiltak når det gjeld å avgrense jakt i tid og rom. Kva konsekvensar

¹ http://dnweb12.miljodirektoratet.no/naturbase_oppslag/naturbase_oversikt.asp

løysingstiltaka har for utøvarane sin bruk av allemannsretten skal også analyserast vitskapleg, jfr. vurderingane om løypeavgift for bruk av preparerte skiløyper (Reusch, 2012). Det er eit mål at tiltaka skal gripe minst mogleg inn i allemannsretten og grunneigarinteressene m.a. i form av jakttretten. Difor vil desse analysane bli gjort før utprøving av løysingsmodellane.

Forvaltningssistema skal vere moglege å implementere i kommuneorganisasjonen. Det skal sikrast ved at dei planansvarlege i kommunane skal stå sentralt i arbeidet.

Det overordna forskingspørsmålet i prosjektet er dermed: *Korleis kan forvaltningssystem med løysingstiltak for koordinering av friluftslivsaktivitet utformast for å redusere konfliktpotensialet, styrke området sin attraktivitet og ivareta allemannsrett og grunneigarinteressene?*

Delspørsmål:

1. Korleis er den lokale brukstradisjonen, kva for endringar i aktivitetsstruktur går føre seg og korleis er konfliktbilete?
2. Korleis kan ein utvikle eit legitimt felles kunnskapsgrunnlag for alle brukarane?
3. Kva verknad har systemet for:
 - a. attraktiviteten til området og konfliktpotensialet?
 - b. moglegheit for utøving av allemannsrett og jaktrett?
 - c. grunneigarar sin motivasjon for tilrettelegging
 - d. kommunen sin evne til implementering?
4. Korleis kan kommunane kombinere ulike lovverk for å utforme eit lokalt tilpassa forvaltningssystem?

Forskingsmetodologien er basert på ei casestudie-tilnærming der caseområda geografisk sett er avgrensa til delar av ein kommune, men der aktørane kan ha relasjonar til andre aktørar og prosessar utanfor caseområdet (Yin, 2003). Like mykje som geografiske område eller tidsperiodar er casen handling, der det er handlingane til aktørane som definerer casen (Abbott, 1992). Det vil seie at det er samhandlinga eller mangelen på samhandling mellom aktørar som, saman med geografi og tidsperiode, konstituerer casen i dette prosjektet.

Datainnsamling og analyse vil basere seg på tradisjonelle kvantitative (Lewis-Beck, 2015) og kvalitative metodar for (Denzin & Lincoln, 2005) og kombinasjonar av metodar (Creswell & Plano Clark, 2007), og på deltakande prosessar med ein adaptiv co-management tilnærming (Berkes et al., 2007; Gundersen & Strand, 2015).

Kartlegginga av aktivitetsstruktur, tradisjonar/kultur og konfliktsituasjon vil gjere bruk av fleire type data: Skriftlige kjelder som dokument, litteratur og statistikk, m.a. statistikk over sett og felt hjort. For det andre skal vi setje opp elektroniske teljarar på strategiske punkt for å registrere omfanget av aktivitet knytt til dei ulike lokalitetane² (Wold, Gundersen, & Fangel, 2014). For det tredje skal vi gjennomføre ein spørjeskjemaundersøking til eit tilfeldig utval brukarar ute i marka for å kartlegge kven brukarane er, deira aktivitet og tilpassingsevne. For det fjerde skal vi intervju personar som har ei sentral rolle anten i brukarorganisasjonane, mellom innbyggjarane i bygda eller som har stor kjennskap til området og aktivitetane der (M. Dalen, 2011). Intervjua skal gi

² Med godkjenning av grunneigaren, Datatilsynet og Samfunnsvitenskaplig datatjeneste (NSD).

informasjon om ferdselstradisjonar og kultur for regulering av bruken, samt konfliktsituasjonen. Dei to første metodane (elektronisk teljing og spørjeskjema) vil også bli nytta for å teste *effekten* av løysingstiltaka. Det betyr at ein del av spørsmåla vil gå att i dei to datainnsamlingane med høve til samanlikning.

Skal kartlegginga av aktivitetsstruktur – og ikkje minst lokale tradisjonar og kultur – bidra til utforming av ein forvaltningsmodell med løysingstiltak, må brukarane oppfatte forskinga som *vesentlig, kredibel* og *legitim* (Cash et al., 2003). Det kan ein oppnå dersom kunnskapen vert produsert saman med brukarane, t.d. ved at dei deltek i utforming av spørsmåla og tolking av resultatet gjennom ein tovegs *kommunikasjon* mellom forskar og brukar (Cash et al., 2003). Desse prosessane vil føregå i kommunevise brukargrupper oppretta etter oppstart av prosjektet. Det er ikkje mogleg å predikere resultatet av slike deltakande prosessar fordi resultatet er avhengig av samanhengen prosessen inngår i, designet/forma på prosessen og innsatsen til både deltakarane og dei som leiar arbeidet (Cornwall, 2008). For å stimulere til samhandlingsrasjonalitet med engasjement og kreativitet vil vi nytte konsepta demokratisk anerkjenning og sosial læring (Forester, 1999, 2013). Arbeidet er ikkje berre avhengig av gode deltakande prosessar, men også av metodikk for *sonering*. Vi vil basere oss på ein metode brukt for sonering i Oslomarka supplert med indikatorar for grad av konflikt mellom ulike brukarar (Gundersen, Skår, Tangeland, & Vistad, 2011). Sonering vil vere aktuelt for koordinering mellom jakt og annan friluftslivsaktivitet (Vaske, Donnelly, Wittmann, & Laidlaw, 1995), mens integrasjonsmodellen er aktuell for å kombinere vandring og sykling i same område til same tid (L. Dalen, 2011; Sameien & Authen, 2014; Webber, 2007).

Det vil vere krevjande å gjennomføre test av løysingsmodellar i fire kommunar innafor prosjektet sine økonomiske rammer. Det vil vi løyse ved å avgrense caseområda i kvar kommune, nytte studentar i datainnsamlinga og prioritere strengt mellom tiltak som treng vitskapleg testing. Det siste er også viktig for å skilje dei empiriske effektane frå kvarandre. Jo færre tiltak som vert sett i verk for testing i same område, jo lettare vil det vere å skilje effekten av tiltaka frå kvarandre. For å kontrollere for eksterne faktorar, vil vi dokumentere konteksten til kvart caseområde. Dette er viktig for å kunne samanlikne resultata mellom caseområda og utvikle meir ålmenne tilrådingar.

For å nytte adaptive eller pragmatiske utviklingsprosessar, bør tiltaka som skal prøvast ut vere reversible (Gundersen & Strand, 2015). Dette betyr at vi bør starte med uttesting av tiltak som i mindre grad utfordrar rettar, haldning og interesser, mens meir krevjande tiltak skal testast ut siste året i prosjektet. Ein slik progresjon er naudsynt både for å få fram kunnskap om behovet for meir omfattande tiltak, og for å vinne oppslutning om tiltaka.

For å svare på spørsmålet om utforminga av forvaltingssystem og løysingsmodell sin verknad på kommunen si evne til implementering av resultata vil vi bygge på eit anna arbeid finansiert av Regionalt forskingsfond Vestlandet, der vi har analysert vilkår for integrering av berekraftig reiseliv i offentleg planlegging og forvaltning³. I prosjektet nytta vi konseptet «policy integration» som teoretisk og metodisk verktøy (Aall, Sælensminde, Brendehaug, & Dodds, 2015). Sjølve

³ Prosjektnummer 224692

implementeringsprosessen vert ei utviklingsoppgåve som kommunen vil ha ansvar for å gjennomføre.

FOU-arbeidet er organisert i sju arbeidspakkar (AP) slik:

AP1: Vitskapleg kartlegging av aktivitetsstruktur, tradisjonar/kultur og konfliktsituasjon

AP2: Utvikling av felles kunnskapsgrunnlag mellom forskarane, kommunane og brukarane

AP3: Utprøving av system inkl modellar (praktisk tilrettelegging i og av kommunen)

AP4: Vitskapleg test av system, felles revisjon av system

AP5: Utprøving av revidert system, evt. med nye modellar

AP6: Vitskapleg test av system, felles sluttrevisjon av system, klar for implementering

AP7: Samanliknande vitskapleg analyse

Skilnaden på utprøving og vitskapleg test er at system med løysingstiltak (modellar) må riggast opp av kommunen og brukarane før forskinga gjennomfører test av effekten ifht. prosjektet sine problemstillingar. Den vitskaplege testen skal svare på forskingsspørsmål tre. Tre arbeidsseminar vert sentrale aktivitetar i utvikling av felles kunnskapsgrunnlag, utforming av modeller for uttesting og revisjon av modeller er, eit seminar i kvar av dei tre arbeidspakkane AP2, AP4 og AP6. Desse seminara vil bli gjennomført som ein veksling mellom fellesaktiviteter for deltakarane frå alle kommunane og kommunevise utviklingsprosessar.

7. Organisering og prosjektplan

Sogndal kommune ved rådmann Jostein Aanestad er prosjekteigar, mens Vestlandsforsking ved forskar Eivind Brendehaug (PhD) er prosjektleiar. Prosjektteamet består elles av forskarane Agnes Brudvik Engeset, Halvor Dannevig, Guttorm Flatabø ved Vestlandsforsking. Brendehaug har mange års erfaring frå forsking i kryssingspunktet mellom nyskaping i landbruket og reiselivet. Han tok sin avhandling på tema om vilkår for endring gjennom deltaking i offentlege planleggingsprosessar (verneplanlegging). Engeset deltek både ut frå sin etnologiske kompetanse (hovudfag) for å studere tradisjonar og kultur og ut frå sitt pågåande PhD-arbeid på primærnæringsbedrifter si evne til å tilpasse seg endringar i natur og samfunn. Dannevig deltek særleg ut frå sin kompetanse innan kunnskapssosiologi i samband med PhD-arbeid. I utvikling av eit felles kunnskapsgrunnlag mellom ulike deltakarar er dette verdifullt. Flatabø deltek spesielt ut frå sin kompetanse innan teknologi for at prosjektet skal kunne bruke elektroniske ferdselstellerar. Forskingsteamet vil supplere sin kompetanse ved hjelp av medlemmer frå *vitskapleg rådgivingsgruppe (VRG)*. Gruppa har desse medlemmene: konsulent (PhD) Marianne Reusch i Allemannsretten.no, jurist med spesialisering i friuftsliv og med doktorgrad på allemannsretten; høgskulelektor Lisbeth Dahle (Høgskulen i Sogn og Fjordane), ekspert på arealplanlegging; seniorforskar Steve Taylor (West Highland College at University of the Highlands and Islands i Skottland), ekspert på naturbasert turisme og doktorgrad på terrengsykling; og Tom Dybwad (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), ekspert på naturforvaltning og lang erfaring med handtering av bruk-vern konflikter. Gruppa si rolle er å støtte opp om spesifikke steg i arbeidet: utvikling av felles kunnskapsgrunnlag (AP2), tolking av testresultata og revisjon av modell og tiltak (AP4 og AP6) og samanliknande analyse (AP8). Forskingsteamet og rådgivingsgruppa gir samla ein brei og høg tverrfagleg forskingskompetanse for å løyse FOU-utfordringane.

Referansegruppa (RG) er sett saman av: Finn Ove Myhren, (Sogn og Fjordane Skogeigarlag), Anders Felde, (Sogn og Fjordane Bondelag, Elisabeth Dahle, (Forum for Natur og Friluftsliv) og Marino Ask, (Sogn og Fjordane Turlag). Gruppa sin rolle er å drøfte innretning av prosjektet, aktuelle tiltak for utprøving, drøfting og bruk av resultata.

Kommunegruppa er sett saman av dei fire deltagande kommunar: Sogndal, Luster, Voss og Gloppen. Sogndal kommune leiar gruppa. Gruppa si rolle er å koordinere uttesting av forvaltningsmodellar og løysingstiltak og støtte kvarandre i implementering av resultata.

Tabell 1: Prosjektplan: Hovudaktivitetar, med tilhøyrande mål og leveransar

Del mål	Forsk- spm	Arb.- pakke	Hovudaktivitet/milestolpar	Lever-a nse	Kostn	Ansv. part.	Deltak. partn.
1	1	1	Vitskapleg kartlegging	Delrap1 artikkel	924	VF	K
1	2	2	Deltakande prosess for felles kunnskapsgrunnlag		469	SK/VF	VRG, RG
2 , 3	3,4	3	Utpørving av system	Delrap 2 artikkel	328	K	VF
		4	Vitskapleg test 1, revisjon av system		674	VF, K	VRG, RG
		5	Utpørving av revidert system	Delrap 3 artikkel	293	K	VF
		6	Vitskapleg test 2, sluttrevisjon av system		818	VF, K	VRG, RG
H	H	7	Samanliknande vitskapleg analyse, vit.sk.artikkel	Rapport	454	VF	VRG
alle	Alle		Prosjektstyring		372	VF	
			Sum kostnadar		433 1		

H= Hovudmål/-forskingsspørsmål, K=kommunane, SK=Sogndal kommune, MR= Marianne Reusch, VF=Vestlandsforsking, HISF=Høgskulen i Sogn & Fjordane, RG=referansegruppa, VRG=vitskapleg rådgivningsgruppe.

8. Sentrale milestolpar for FoU-aktivitetar

Milestolpane i prosjektet er sett opp i tabell 1. Prosjektperioden er 1. april 2016 til 31. mars 2019. Tidsskjema er gitt i søknadsskjema der dei same milestolane også er sett opp. Viktige vegval er val av forvaltningsmodell og løysingstiltak for utprøving og testing av forvaltingssystem i arbeidspakke 3 og 5, og val av modell og tiltak for implementering i arbeidspakke 7.

9. Kostnader per utførande partnar (i 1 000 kroner)

Tabell 2: Kostnader per utførande partnar

Partnar	Pers.- og indir. kostn.	Utstyr	Andre kostnader	Totalt
Vestlandsforsking	2 797	50	350	3197
Reusch	84			84
Høgskulen i Sogn og Fjordane	110			110
Steve Taylor	88			88
Kommunar	852			852
Sum	3 931			4331

10. Finansiering per partnar (i 1 000 kroner)

Tabell 3: Finansiering per partnar

Partnar	Eigeninnsats	Kontantar	Totalt
Eigen	213	120	333
Anna offentleg	639	359	998
Søkt Dei regionale forskingsfonda		3000	3000
Total finansiering (= totale kostnader)	852	3479	4331

11. Andre samarbeidsrelasjonar for FoU-aktivitetane

Kvar deltagande kommune vil ved prosjektstart opprette ein brukargruppe som skal delta i prosjektet i sin kommune med vekt på utvikling av felles kunnskapsgrunnlag, revisjon av tiltak ut frå testresultata og iverksetting.

DEL 3: Realisering av innovasjonen og utnytting av resultat

12. Plan for realisering av innovasjonen

Føresetnadene for realisering av innovasjonen er gode ved at Sogndal kommune er initiativtakar til prosjektet og prosjekteigar, og at alle kommunane har etterspurt eit slikt FoU-prosjekt. Kommunane sin motivasjon er knytt til praktisk tilrettelegging for sykling og vandring. Mellom anna koordinerer Sogn Nærings ein søknad til infrastrukturmidlane for bygging av stiar for terrengsykling i dei deltagane kommunane. Dette FoU-prosjektet vil gi kunnskap til denne utviklinga.

Førebuingane for realisering av innovasjonen vil gå føre seg parallelt med utviklingsarbeidet i prosjektet (arbeidspakke tre og fem). Etter første test av modell og tiltak (hausten 2017) vil nokre av tiltaka verte implementerte i plan- og styringssystemet i kommuneorganisasjonane, mens andre og nye tiltak må prøvast ut året etter (arbeidspakke 5). I samband med arbeidspakke 6 (haust 2018) vil arbeidet med iverksetting gå for fullt, sjå tabell under.

Tabell 4: Plan for realisering av innovasjonen

Aktivitet	Tid	Ansvar i kommunen
1. Modell og tiltak inn i plan- og styringssystemet (kommunedelplan)	Frå hausten 2017 -	Avdelingsleiar
2. Samarbeidsavtaler og informasjon mot grunneigarar og brukarorganisasjonar	2017-2019	Avdelingsleiar
3. Informasjon og implementering i organisasjon	2017-2019	Rådmann
4. Vidare spreiing av innovasjonen (piloten) i plan- og styringssystemet	2019-	Avdelingsleiar

Kommunane har starta opp den naudsynte dialogen med brukarorganisasjonane og grunneigarar samt dei første stega for å inkludere FoU-arbeidet i plan- og styringssystemet. Dette viser den tette koplinga som er under utvikling mellom forsking og utvikling i prosjektet, og som implementeringa vil nytte godt av.

Alle kommunane har utvikling av friluftsliv som eit satsingsområdet i kommuneplanen. Etter kvart som kommuneplanane med delplanar vert rullert skal resultat frå FOU-prosjektet implementerast (aktivitet 1 i tabellen ovafor). Med avtaler med grunneigarar og brukarar (aktivitet 2) meiner vi avtaler for utprøving og implementering av tiltak. Med informasjon mot brukarar meiner vi ulike verkemiddel som skal støtte opp om tiltaka. Dette dreier seg om informasjonstavler på

trafikk-knutepunkt, informasjonsmateriell på overnattingsplasser, elektroniske infotiltak (t.d. mobilapp og sosiale medium), haldningsskapande arbeid mot eksterne og lokale brukarorganisasjonar og informasjon i samband med friluftslivsarrangement. Kommunar som deltek i prosjektet er gode på næringsutvikling (Vareide & Nygaard, 2014). Det gir gode vilkår for at verdiskapingspotensialet vert realisert når resultata frå FoU-prosjektet er implementert. Med forankringa av friluftsliv i kommuneplanane er det gitt føringar for at ressursar vert stilt til rådvelde.

13. Risikoelement

Iverksetningsrisikoen i kommunen er liten ut frå at prosjektet er forankra hos rådmann og avdelingsleiar. I Sogndal er FoU-prosjektet også forankra hos ordførar. Prosjektet sin vektlegging av deltagande utviklingsprosessar skal bidra til å sikre iverksettinga. Finansieringsrisiko i kommunane er låg pga. den gode forankringa i kommunane. Andre risikomoment er ikkje relevante.

14. Annan samfunnsøkonomisk nytteverdi

Resultata av prosjektet vil vere sers relevant for styring/koordinering av alle variantar av friluftsliv. Med aukande fritidsbruk av utmark kan vente oss fleire arealkonfliktar i Vestlandsregionen i åra framover. For Vestlandsforskning er prosjektet viktig som vidare kompetanseoppbygging frå doktorgradsavhandling for prosjektleiar og deltagande forskarar på tilgrensande tema.

15. Formidling og kommunikasjon

Sjå søknadsskjema.

DEL 4: Andre opplysningar

16. Miljøkonsekvensar

Prosjektet har små negative miljøeffektar avgrensa til ureining ved bruk av privatbil for transport til møte og datainnsamling. Dei positive konsekvensane er at FoU-prosjektet skal bidra til å førebygge slitasje på vegetasjon og erosjon. Prosjektet vil også bidra til å redusere unødig forstyrring av sårbare dyrearter og av viltet i området.

17. Etikk

Prosjektet har som mål å finne akseptable løysingar for alle partar for å redusere potensialet for konflikt.

18. Rekruttering av kvinner, kjønnsbalanse og kjønnsperspektiv

Prosjektteamet har ein akseptabel kjønnsbalanse. I referansegruppa er to av sju deltarar kvinner. I kommunegruppa vil vi arbeide for å oppnå ein betre kjønnsbalanse då denne er dominert av menn. Kjønnsperspektiv har ikkje ein særskild relevans for forskinga i prosjektet.

19. Utlysingsspesifikke tilleggsopplysningar

Ikkje etterspurt.

Referansar

- Aall, C., Sælensminde, I., Brendehaug, E., & Dodds, R. (2015). Introducing the concept of Environmental Policy Integration into the discourse on Sustainable Tourism: A way to improve both policymaking and research? *Journal of Sustainable Tourism*.
- Berkes, F., Armitage, D. R., & Doubleday, N. (2007). *Adaptive co-management: collaboration, learning, and multi-level governance*. Toronto, Ont.: UBC Press.
- Brendehaug, E. (2013). *Mobilisering, makt og endring. Ein studie av deltaking i verneplanprosessen for opprettning av Breheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde*. PhD Monography, Norwegian University of Science and Technology, Trondheim.
- Brendehaug, E., & Engeset, A. B. (2015). Kunnskap for fleir bruk av Kaupangerhalvøya Rapport. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Cash, D. W., Clark, W. C., Alcock, F., Dickson, N. M., Eckley, N., Guston, D. H., . . . Mitchell, R. B. (2003). Knowledge systems for sustainable development. *Proceedings of the National Academy of Sciences of the United States of America*, 100, 8086-8091. doi: doi:10.1073/pnas.1231332100
- Cornwall, A. (2008). Unpacking "Participation"; models, meanings and practices. *Community Development Journal*, 43(3), 269-283.
- Creswell, J. W., & Plano Clark, V. L. (2007). *Designing and Conducting Mixed Methods Research*. Thousand Oaks, London, New Delhi: SAGE.
- Dalen, L. (2011). Undersøkelse om bruk av Oslomarka. Oslo: Synnovate.
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode*. Oslo: Universitetsforl.
- Dannevig, H., Brendehaug, E., & Simonsen, M. (2013). Verdiskapning fra naturbaserte aktiviteter - utvikling av en metode for å skissere fastboende sin betydning for verdiskapingen. *Rapport*. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Denzin, N. K., & Lincoln, Y. S. (Eds.). (2005). *The Sage Handbook of Qualitative Research (3rd ed.)*. Thousand Oaks, London, New Delhi: SAGE Publications.
- Falleth, E., & Hovik, S. (2008). Lokal forvaltning av store verneområder *Rapport* (pp. 56). Oslo: NIBR.
- Flemsæter, F., Brown, K. M., & Holm, F. E. (2011). Friluftslivets moralske landskap - trender og tradisjoner. In A. Hauge & E. P. Stræte (Eds.), *Rurale brynninger*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Forester, J. (1999). *The Deliberative Practitioner*. Massachusetts: Massachusetts Institute of Technology.
- Forester, J. (2013). *Planning in the face of conflict: the surprising possibilities of facilitative leadership*. Washington D.C.: APA.
- Gundersen, V., Skår, M., Tangeland, T., & Vistad, O. I. (2011). Særskilt vern av friluftsområder i Oslomarka etter marklovens § 11
- Kunnskapsgrunnlag, kriterier og registreringsmetode *NINA rapport*. Lillehammer: Norsk institutt for naturforskning (NINA).
- Gundersen, V., & Strand, O. (2015). Arealforvaltning i villreinområder: Fra gang og ugang til adaptive løsninger. *Utmark, 2015(1 & 2)*.
- Lewis-Beck, C. (2015). *Applied regression: an introduction*. Newbury Park, Calif.: Sage.
- Mitchell, C. R. (Producer). (2006). Conflict, Social Change and Conflict Resolution. An Enquiry. *Handbook Dialogue Series nr.5 [Leading article]*
- Ostrom, E., Janssen, M. A., & Anderies, J. M. (2007). Going beyond panaceas. [Article]. *Proceedings of the National Academy of Sciences of the United States of America*, 104(39), 15176-15178. doi: 10.1073/pnas.0701886104
- Pigram, J. J., & Jenkins, J. (2006). *Outdoor recreation management*. Abingdon, Oxon: Routledge.
- Reusch, M. (2012). Løypeavgift og allemannsrett – muligheter og begrensninger. *Utmark, 2012*.
- Reusch, M. (2013). Forholdet mellom friluftsloven og plan- og bygningsloven. *Kart og Plan, 2013(4)*, 276-287.
- Sameien, T., & Authen, A. J. (2014). *Oslomarka – tur-mekka eller slagmark? En deskriptiv studie av årsaker til brukerkonflikt mellom stisyklist og turgåere*. Bachelor, Sogn og Fjordane University College, Sogndal.
- Skjeggedal, T., Arnesen, T., Marhus, G., Saglie, I.-L., & Thingstad, P. G. (2001). Regimenes slagmark - om arealutnytting og forvaltningsregimer i LNF områder. Steinkjer: Nord-Trøndelagsforskning.
- Vareide, K., & Nygaard, M. (2014). Regional analyse Sogn og Fjordane 2014
- Befolkningsutvikling, næringsutvikling og scenarier *TF-rapport*. Bø: Telemarksforskning.
- Vaske, J. J., Donnelly, M. P., Wittmann, K., & Laidlaw, S. (1995). Interpersonal versus social values conflict. *Leisure Sciences, 17*, 205 – 222.
- Vistad, O. I. (1995). *I skogen og i skolten - Ein analyse av friluftsliv, miljøoppleveling, påverknad og forvaltning i Femundsmarka, med jamføringer til Rogen og Långfjället*. PhD, Universitet i Trondheim, Trondheim.
- Webber, P. (2007). *Managing mountain biking: IMBA's guide to providing great riding*. Boulder, Co: International Mountain Bicycling Association.
- Wold, L. C., Gundersen, V., & Fangel, K. (2014). Å, nå telte han deg også” – er det noe vits da? *Utmark, 2014(1 & 2)*.

Yin, R. K. (2003). *Case Study Research. Design and Methods* (3rd ed.). Thousand Oaks, CA: SAGE Publications.

Sykling – ein allemannsrett?

- Allemannsretten er heimla i Friluftslova gir rett sykle på veg og etablert sti i utmark:
 - Sti er ikkje definert i lova, men dyretråkk er ikkje etablert sti
- Plikt: plikt til å ta omsyn og tilbørleg varsemd til:
 - Andre som ferdast ute
 - Grunneigar sine interesser og aktivitet
 - Natur: vegetasjon og dyreliv
- 2012: Fersel på veg eller opparbeidd sti som fører til utmark



VESTLANDSFORSKING

Hjort og jakt på Kaupanger

- Kaupangerhalvøya: vinterbeiteområdet for Indre Sogn
- Auka tettleik av hjort og utviding av jakttider:
 - Frå 2012: 1. september til 23. desember
- Kommersiell jakt utvikla sidan 1990:
 - 4 grunneigarar samarbeider: ca. 100.000 dekar
- Sårbar periode for hjorten:
 - Mars-april, vårknipa (lite fôr)
 - Mai-juni, kalving
- Korleis påverka:
 - Dei siste åra mykje forstyrring frå fersel (sykling og vandring)
- Påverkar: «mange er redde for å ferdast i skogen»



VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

Sykling på Kaupanger

- Stisykling ein del av Sogndal kommune sin satsing på friluftsliv (i tillegg til ski og klatring)
- Lokal verdiskaping knytt til:
 - Attraktiviteten for busetting
 - Studentar med friluftsliv interesse
 - Sykkelturisme
- Korleis vert sykling på påverka:
 - Uvisse om ein er velkommen
- Påverkar andre:
 - "Folk er redde for å bli påkjørt"
 - Bruken av STRAVA stimulerer til høg fart!

www.vestforsk.no

[http://sykkelforer.rocketfarm.no/test.html#/turer](http://sykkelforer.rocketfarm.no/test.html#/)

Tur
Alternativ fra Åberge
Amlaholten
Berg-og-dalbanestien
Bjella
Bjellastolen
Blåbærturen
Bodishage
Bodistien
Dalåker bunn uten stein

Både jegarar og syklistar tilpasser seg kvarandre

- Jegarar:
 - Vel anna området når det er ferdsel i planlagt jaktområde
 - Privat jakt kan tilpasse seg ved å velje anna område
 - Kommersiell jakta meir sårbar for forstyrring
- Stisyklist:
 - Tilpassa seg ut frå kommunikasjon med jaktguidane hausten 2014:
 - Sykling midt på dagen
 - Kraftgata og Storamyri-Eide
 - Frykt for at fleire syklistar, særleg utanfrå, vil forstyrre jakta
 - Er Kraftgata og Storamyri til Eide løysinga framover



www.vestforsk.no

VESTLANDSFORSKING

Allemandsretten, både rett og plikt!

- Du kan sykle på veg og etablert sti i utmark, MEN det må skje med tilbørleg varsemd for ikkje å volde skade eller ulempe for eier, bruker eller andre, eller påføre miljøet skade.
- **Møte mellom allemandsretten og omsynet til eigar, andre brukarar og naturen**
- Utviklingstrend: **Spesialisering, større mobilitet, konkurranse og segregering (mindre felles normer)**
 - Er «kardemommehaldninga» i Friluftslova utdatert?
 - Eller er utviding av NOTS sine stivettreglar nok?

www.vestforsk.no

VESTLANDSFORSKING

Dialogprosess – tiltak for sameksistens

Tiltak	Merknad
Tillegg i stivett-reglane: -Definisjon av etablert sti -Korleis omsyn til vilt, beitedyr og jakt	Ansvar: Sogn terrensgykkel. Lokalt greitt med tillegg på stivettreglane for syklistane, sjølv om det er snakk om ganske generelle ting.
Skilt på eigna plassar om husdyr på beite	Ansvar: Grunneigarar
Definere kor ferdsel ikkje er ønskjeleg i januar-mai av omsyn til hjorteviltet	Ansvar: Kommunen. Kaupanger er landets største vinteroppenthaltssted for hjort i ein sårbar periode
Kontaktorgan om nyskapande friluftsliv	Kommunen, grunneigarar, friluftsorganisasjonar og andre
Jakt fortrinnsvis morgon (demring) og kveld (skymring)	Privat jakt foregår heile dagen. Ulikskap i korleis tilreisande og fastbuande brukar området til sykling – ulike dagsrytmar.
Jakt fortrinnsvis i høgda i september	Ansvar: jegarane. I høgda, men ikkje mogleg berre over tregrens

VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

Andre tiltak og verkemiddel?

- Myk sonering i rom:
 - Tilrettelegging av fleire spesielle sykkelstiar?
 - Identifisering av mindre viktige jaktområde
- Hard sonering i rom:
 - Sykling berre på merka sykkelstiar (for å unngå sykling på ikkje etablert sti og natursårbare område)?
 - Jakt berre i høgareliggende delar av jaktsesongen (t.d. september)
- Sonering i tid:
 - Jakt og sykkel annakvar helg?
 - Hovudsesong stisykling: **sommar** (15. juni-15. september)
 - Hovudsesong jakt deretter?
- Dynamisk sonering: elektroniske kart og rettleiar

VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

Konklusjon

- **Konflikt er mogleg:**

- Ikkje respektere allemannsretten og allemannsplikten!
- Mangel på dialog - segregering
- Korleis sykling - meir konkurranse?
- Når jakt – heile hausten?

- **Sameksistens er mogleg, men krev:**

- Tilpassing mellom brukarane
- At grunneigarane er med, ser dei moglegheitene?
- Dialog: kontaktorgan (kommunen sin rolle)
- Dynamisk sonering

VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

Takk for meg!

- Eivind Brendehaug
- Vestlandsforskning, www.vestforsk.no

VESTLANDSFORSKING

www.vestforsk.no

1. Ola Alsterholm - Sogn Nærings

Turistene er her. Stisykling har vokst som trend for turisme. Stisykling i Sogndal er godt kjent utenfor landegrensene og i sommer har flere syklister tatt turen etter anbefalinger fra godt profilerte syklister som Andreu Lacondeguy – vinner, Red Bull Rampage 2014.

Stisykling som aktivitet er et sosialt alternativ, bort fra stress, konkurransen, ut på tur og inn i naturen. Flere vil ut å besøke naturen og en utvikling av utstyret fører til at det blir enklere å ta del i den nye aktivitetsformen. Utstyrsutviklingen gjør det også enklere å ta med nybegynnere på tur. Naturen og utsikten er like viktig som stien.

Alle ovennevnte faktorer fører til et grunnlag for turisme. De såkalte "mainstreamsyklistene" er her - gjester som ikke har syklingen som hovedfokus. De betaler for leie av utstyr og guiding. De kommer hit på bakgrunn av info fra andre syklister, media og diverse forum. De vil ha gode totalopplevelser, god sykling, andre komplementerende aktiviteter. De såkalte aktivitetsturistene som besøker Sogndal er gjerne ute etter andre aktiviteter som feks. Padling. Det gjør det enklere å selge mer og evt. ulike pakker.

De søker informasjon, guiding og overnatting som er tilpasset behovene deres. På grunn av aktiviteten har de behov for mye mer enn bare et telt. De trenger tørkemuligheter, tilgang til toalettfasiliteter osv. Gjestene har ingen problemer med å betale for service og gode produkter som bidrar til en god totalopplevelse.

2. Knut Myking - Hillbilly MTB

Hillbilly MTB leier ut sykler og guider til turister som ønsker å teste ut aktiviteten og få en god opplevelse på sti. Guiding er spesielt ønskelig i områder der syklisterne ikke er så godt kjent. Det markerer Hillbilly MTB effekten av, gjennom gjester som kjøper turplan, logistikk, veiledning, lokalkjennskap til nærmiljø osv.

Muligheter som gir Hillbilly MTB et potensial

- Vi har et godt stinettverk i Norge. Det er en del av kulturarven vår. Vi har mange ulike stier som legger til rette for både gode og dårlige sykkelopplevelser – sistnevnte gjør det viktig med lokalkunnskap (guiding og informasjon). Logistikken er krevende ettersom en er ute etter fallenheter fra A til B. Spesielt siden en skal tilbake til A igjen. Dersom du har løsningen er folk villige til å betale for det.

Få aktører og lite konkurranse åpner opp for denne type virksomhet.

Noen utfordringer som gjør det krevende

1. Stisykling står svakt som aktivitet. Det er lite tilrettelagt for å sykle i terrenget i tillegg til at aktiviteten stiller høye krav til logistikk. Transport er dyrt og et alternativ kan være å bruke mer eksisterende løsninger som feks. Flybussen til Storamyri!

2. Friluftsloven er åpen for tolkning, noe som gjør det enda mer krevende. Å drive næring på annen manns eiendom gir reaksjoner. Dette fører til at vi må ha en dialog med grunneier som gjør at vi kan fortsette med aktiviteten.

3. Det er en lav grad av faglighet tilknyttet stier rundt i Norge. Vi vet ikke hvilken forvaltning som er nødvendig. Mye synsing og lite faglighet. Svak forvaltning av stier i

norge gjør det krevende å ha et tilbud om aktivitet på sti.

Til ettertanke kan du prøve å komme på 10 plasser i Sogndal det går ann å sykle utenom Kaupanger?

3. Bjørn Jarle Kvande- Trailguide.no

Kan en elektronisk og mobil stisykkelguide gagne alle?

Prosjektet Trailguide startet 24. August 2013. I dag ligger det ca 350 stier inne i systemet. Trailguide er et fantastisk produkt for nybegynnere som vil ut å sykle, men ikke helt vet hvor dem skal begynne. Sånn sett er det et godt verktøy for å få ut informasjon om stiene i området som til en viss grad kan erstatte lokalkunnskap og guiding. Appen kan brukes til å finne stier med mobilen i nærheten av der du er.

Den elektroniske stiguiden består av et digitalt kart som er bedre enn papirkart. Mange tydelige og kartlagte stier tiltrekker seg flere stisyklister. Hoteller og turistinformasjon kan referere til trailguide dersom turister har spørsmål om stier i området.

Kommunen og lokalsamfunn kan bruke stisykling i folkehelseprosjekt og markedsføring for å øke tilflytting. I tilknytning til kommune og lokalsamfunn er det overraskende mange som nevner stisykling som årsak til at de velger å bli boende. Kan også være følger av at stisykling er en trend.

Selv om stisykling er en trend, har den kommet for å bli og vil være vanskelig å stoppe. En guide som trailguide kan brukes til å kanalisere bort trafikk fra problemområder og inn i områder som er bærekraftige. Kan også bruke guiden til å legge inn sesongbasert data, som når det er jakt i området.

Det jobbes med en kobling opp mot yr og værmeldinger som vil vise informasjon om stien – tåler den vann eller ikke? Hvilke stier bør en unngå etter en regnværslag?

4. Lars Wrae - Tråkk'n'roll

Seks kommuner i Hallingdal har gått sammen i et felles prosjekt for å pushe utviklingen innenfor stisykling, videre. Prosjektet startet mars 2015 og har sett på status i dag, og lagt noen premiss for videre utvikling.

Utviklingen skal være bærekraftig, målgruppen må bestå av en kritisk masse og vi må vite konsekvensene det her på naturen. Kommunene ser også på konsekvensene i samfunnet og økonomisk. Hallingdal feks, er først og fremst en vinterdestinasjon – hva skjer nå nye sesonger åpner opp?

Tråkk'n'roll har også utviklet en app - MTB Agent. Den er ingen stiguide, men inneholder informasjon om stier, transport, hotell og servicenæringene. Mange etterspør ulike produkt – MTB agenten kan tilrettelegge for mange. Hvem er terrengsyklisten? Hvordan kan vi lage et bra produkt for den personen? Hvor starter man som destinasjon og region ved utvikling innenfor terrengsykling? Skal en satse? Hva skal destinasjonen være? En utvikling innenfor terrengsykling må i allefall gjøres med tanke på bærekraft.

Transport, hotel og service lager verdien – stien multipliserer verdien. Derfor må vi ha god verdig og gode bærekraftige stier som kan tåle trykket over lengre tid.

Når en skal tenke bærekraft må en ha fokus på;

Marked

Troverdighet

Natur - Hva er konsekvensen av å mangedoble ferdsel på en sti? Det risikerer vi dersom vi blir en terengsykkelregion.

Samfunn - Trekke folk til byen? Det er viktig.

Økonomi

5. Haaken Christensen - Innovasjon Norge

- Fagekspert innefor naturbasert reiseliv

Hva skjer i den store verden?

Urbanisering fører til knapphet på natur og urørt natur. Vi ser allerede i dag store utfordringer på vår tilpasning til dette. Opplevelser og aktiviteter gir status i dagens samfunn. Rapport fra WHO og ATTA (2014) viser at aktive ferier har vokst med 200%. Aktive ferier, også kalla adventure tourism, vokser. Sykkel er det segmentet innen aktiv ferie som vokser mest. I Norge er veksten størst på Vestlandet og i Nord-Norge. Norge klatrer på adventure tourism development indexen og er blant verdens mest attraktive destinasjoner for adventure travel.

Førende i denne utviklingen ligger såkalte "MAMILS – middle aged men in....".

Terrengsykling – hva er det?

Terrengsykkelturisme er i sterkt vekst og er en viktig aktivitet i ferier. Sykling er viktig for folkehelse og aktiviteten når mange målgrupper ettersom alle kan sykle. Aktiviteten kan legge til rette for helårsturisme på vinterdestinasjoner (jfr. Trysil). Flere skisteder satser på løyper i, og i nærheten av områdene sine og terrengsykkelturisme er sånn sett et viktig bidrag til lokal økonomi.

En aktiv turist er mer verdifull enn en ikke-aktiv turist. En aktiv turist blir ofte lengre på destinasjonen og legger også derfor igjen mer penger. 34% av de aktive norske turistene ønsker å sykle på ferien sin. Ca 20% av utenlandske turister, sier at de har eller skal sykle når de er i Norge.

Hva skal til for å lykkes?

Kriterier for suksess er god infrastruktur som kart, skilt, info. Invester i samarbeid med kommuner, grunneiere, aktører, og invester og bruk det autentiske Norge som lokale råvarer og produkt. Invester i produktutvikling og ha fokus på å pakke produktene. Naturen er råmaterialet - produktet må vere bookbart. Dette må gjøres på en bærekraftig måte, både for natur og miljø, lokalsamfunn og kultur, samt det må vere økonomisk bærekraftig.

6. Ane Solbraa (HISF, Phd)- Stisykling og folkehelse

Folkehelsearbeid er samfunnets innsats for å påvirke faktorer som fremmer folks helse og trivsel, forebygger sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som påvirker helsen.

Aktivitetsnivået synker med økende alder. 9/10 6 åringer tilfredsstiller de anbefalte retningslinjene fra Helsedirektoratet for fysisk aktivitet. 3/10 voksne tilfredsstiller anbefalingene for fysisk aktivitet.

Vi beveger oss gjennom friluftsaktiviteter og uorganisert aktivitet. Dette er to arenaer som er gjennomgående i stisykling.

Sykling

De fleste kan gjøre det. Kan brukes som aktiv transport, rekreasjon og til trening. God dokumentasjon viser at sykling er med på å øke aktivitetsnivå, bedrer utholdeheten og minsker risikofaktorer for sykdom. Selv om sykling er skadelig er det sunt! Helseeffekten av syklingen veier opp for skadene syklistene drar på seg.

Stisykling og folkehelse

Stisykling har ganske mange likhetstrekk som andre aktiviteter. En bruker de samme stiene som ved fotturer, aktivitetsformen er lik skiturer – noe en gjerne ser ved at det er mange av de samme folkene som går på ski som også sykler.

Stisykling er som en av de store folkeaktivitetene, en del av den uorganiserte aktiviteten, og en aktivitet i naturen. Stisykling kan derfor appellere til de som ikke finner den organiserte aktiviteten attraktiv nok..

7. Eivind Brendehaug - Vestlandsforskning

- Er sykling i utmark en allemannsrett?

Allemannsretten har hjemmel i friluftsloven og gir rett til å sykle på vei og etablert sti i utmark. Når loven ble utformet på 50-tallet var ikke stisykling en aktivitet og loven er derfor heller ikke tilpasset aktiviteten.

I 2012 kom det en endring i friluftsloven – “(...)ferdsel på vei eller opparbeidet sti som fører til utmark(...). Hva er en opparbeidet sti? Hva er en vei? Kan en sykle på en sti til den er opparbeidet og da er det plutselig lov? Spørsmål som dette gjør tolkningen problematisk.

Ved utvikling av stisykling som aktivitet på kaupanger må en spørre seg om vi er velkomne og hvordan vi påvirker andre aktører og brukere.

Fører større grad av spesialisering til mindre felles normer?

8. Roald Eidsheim - Rekkje stiutvikling

(Rekkje betyr dyretråkk)

Roald er landskapsplanlegger og så at stisykling er en aktivitet i vekst og at Norge har lite kunnskap på dette området – Rekkje stiutvikling.

I Norge har vi mange stier, ofte gamle ferdsselsårer som skulle være korteste vei mellom to punkter. Det er flere brukergrupper som bruker de og stisyklister en en ny brukergruppe som stiller mer krav. I tillegg er det også flere som går på tur og som også stiller krav til de eksisterende stiene. Norske stier er preget av erosjon pga ekstremvær noe som fører til at stiene kan se veldig slitt ut på grunn av kraftig regnsvann.

Problemet med gamle ferdsselsårer er at de er lagt til på laveste punkt, noe som fører til dårlig drenering og dårlig sikt. Hva kan vi gjøre med dette?

Konstruerte stier

- Ikke brattere enn 10% stigning, skal gå langs høydekurvene slik at vannet renner ut og ikke langs (unngår falllinjer). Flere svinger slik at syklistene har bedre sikt.

Effekt av økt tilrettelegging

- Hindrer unødvendig sitasje på naturen og kanaliserer bruken noe som også kan hindre konflikter mellom brukergrupper og videre åpner naturen for flere.

Hvordan gjør vi det?

- I Norge har vi tusenvis av kilometer med stier men er et u-land på området. Hvordan får vi dem til å tåle den økende bruken – da både stisyklister og turgåere.

Å investere i et samarbeid med ulike aktører som kan være med på å bygge stier; kommuner, lokal og regional forvaltning, frivillige organisasjoner, turister, stibygger, miljøfolk, sykkelindustri, lokale eiere osv. Dugnadsdestinasjoner fungerer ikke. Kommunene bør ta ansvar slik at en kan få støtte til stier og infrastruktur.

I Sogndal var stiene gode for 3-4 år siden, men nå når aktiviteten har økt såpass mye tåler ikke stiene det. De blir utslitt – derfor bør det tas i bruk profesjonell stiutvikling.

I Nord-Amerika har syklistene selv pushet utviklingen noe som fører til et lokalt eierskap, særegenhets, non profit. Ulempene ved det er usikkerheten, kvaliteten og mangelen på visjon og langsigthet. Fordelene med kommersielle stinettverk er at de har mer fokus på sikkerhet, kvalitet og bærekraft. Samler flere og gir et solig grunnlag for næringsvirksomhet. Igjen er det også ulemper med kommersiell utvikling ved at alt er likt og mangelen på lokalt eierskap.

Er det mulig å få til kommersielle utvikling og samtidig få til lokalt eierskap?

Innovasjon Norge spiller en viktig rolle ifht utvikling av aktiviteten stisykling. De drar i gang ulike ting mens turistbransjen bare vil drive med pakking og salg – vi er ikke der!

9. Ola Alsterholm - Sogn Nærings

I Norge generelt har vi en blanding mellom kommersielle- og dugnadsstier.

Dugnadsstiene er for entusiastene og kommersielle stier er enkle og tilrettelagte stier der mesteparten av trafikken går. I Sogndal har vi allerede et godt nettverk, men de er slitt. De gode stiene er mindre bærekraftig og tåler ikke den økende ferdelsen. Derfor er det viktig å selge andre ting til turistene – ikke bare sykling. En må spre trafikken ut til andre aktører – gi mersalg og bedre opplevelse til de som kommer hit.

Det er viktig å etablere en god struktur for å gi brukerne en god opplevelse. Denne strukturen må inneholde overnatting, mat, utstyr, tjenester osv.